

Frå synd til sjukdom?

Konstruksjonen av mannleg homoseksualitet i Norge 1886-1950

Runar Jordåen

Hovudfagsoppgåve i historie

Haut 2003

Universitetet i Bergen



Føreord.

Først vil eg retta ein stor takk til rettleiaren min, Astri Andresen, for å ha hatt tru på prosjektet, utvist stort tolmod og vore tilgjengeleg for rettleiing omtrent kva tid det skulle vera.

Deretter vil eg takka alle andre som har lese og kommentert heile eller deler av oppgåva: Bente Kopperdal, Hans W. Kristiansen, Ann-Kristin Molde, Dang Nguyen, Gro Elisabeth Olsen og Øystein Rian.

Mange andre har interessert seg for prosjektet mitt. Eg har hatt gode faglege samtalar med Jan Olav Gatland og Tone Hellesund. Førstnemnde må òg takkast for gode tips om kjelder. Andre som har vore til god hjelp med dette er Svein Atle Skålevåg og Thor Gotaas.

Takk til personalet ved Nasjonalbiblioteket i Oslo, Riksarkivet og statsarkiva i Oslo og Bergen. Ved Statsarkivet i Bergen vil eg særskilt takka Christopher John Harris og Yngve Nedrebø for god hjelp.

Personane bak Nettverk for forskning om homoseksualitet ved Institutt for kriminologi og rettssosiologi skal ha takk for at dei inviterte meg til å presentera prosjektet mitt på forskingskonferanse hausten 2002. Likeeins er eg takksam overfor Rokkansenteret ved Universitetet i Bergen, som tildelte meg eit hovudfagsstipend i Helse- og medisinhistorie våren 2003. Manusseminaret på hovudfag, med Edgar Hovland i spissen, har og vore viktig for utviklinga av oppgåva.

Bjørn Hatterud og Morten Axelsen har husa meg medan eg har drive arkivarbeid i Oslo, og gjort opphalda trivelege og minnerike.

Ein særskilt takk går til miljøet i "sofakroken" ved hovudfagslesesalen på Historisk institutt. Sist men ikkje minst ein stor takk til venner og familie for at de har gitt meg andre impulsar enn dei faglege, og såleis forhindra meg frå å bli fullstendig fagidiot.

Bergen 19. november 2003

Runar Jordåen

Innhold

| | |
|--|------------|
| 1. INNLEIING | 2 |
| "... UNDER VENDESKABS MASKE" | 2 |
| PROBLEMSTILLING OG AVGRENSINGAR | 4 |
| TEORETISKE UTGANGSPUNKT | 6 |
| <i>Essensialisme og konstruktivisme</i> | 6 |
| <i>Teori og sentrale omgrep</i> | 11 |
| FORSKINGSOVERSIKT..... | 14 |
| KJELDESITUASJONEN | 17 |
| STRUKTUR | 18 |
| 2. FØR DEN HOMOSEKSUELLE | 20 |
| 3. DEN HOMOSEKSUELLE KJEM TIL NORGE 1886-1907 | 26 |
| DEN MEDISINSKE DISKURSEN..... | 26 |
| DEN JURIDISKE DISKURSEN | 35 |
| <i>Det juridiske rammeverket</i> | 36 |
| <i>Rettspraksis</i> | 42 |
| <i>Synet på samekjønnsseksualitet i rettspraksis</i> | 45 |
| EROTISKE MØTE OG IDENTITETSDANNING..... | 46 |
| KONKLUSJON..... | 53 |
| 4. HOMOSEKSUELLE OG SODOMITTAR 1907-1932 | 55 |
| DEN MEDISINSKE DISKURSEN..... | 55 |
| DEN JURIDISKE DISKURSEN | 60 |
| <i>Det juridiske rammeverket</i> | 60 |
| <i>Rettspraksis</i> | 64 |
| <i>Synet på samekjønnsseksualitet i rettspraksis</i> | 67 |
| EROTISKE MØTE OG IDENTITETSDANNING..... | 70 |
| KONKLUSJON..... | 80 |
| 5. DET HOMOSEKSUELLE GJENNOMBROTET 1932-1950 | 81 |
| DEN MEDISINSKE DISKURSEN..... | 81 |
| DEN JURIDISKE DISKURSEN | 93 |
| <i>Det juridiske rammeverket</i> | 94 |
| <i>Rettspraksis</i> | 97 |
| <i>Syn på samekjønnsseksualitet i rettspraksis</i> | 101 |
| EROTISKE MØTE OG IDENTITETSDANNING..... | 105 |
| KONKLUSJON..... | 113 |
| 6. KONKLUSJON | 114 |
| KJELDER OG LITTERATUR | 119 |
| UTRYKTE KJELDER: | 119 |
| TRYKTE KJELDER OG LITTERATUR: | 121 |
| TIDSSKRIFT | 129 |
| VEDLEGG: DOMMAR I KRISTIANIA/OSLO OG BERGEN | 131 |

1. Innleiing

"... under Venskabs Maske"

*"Snart saa vandre vi Arm i Arm, du elskede Tids savnede, min Aands Fortrolige! og sætte os paa et ensomt Sted."*¹ Dette skreiv Mauritz Hansen til vennen Conrad Nicolai Schwach i 1838. Dei hadde vore venner sidan dei var studentar i Christiania i 1814, men levde store delar av liva sine på kvar sin kant av landet.² Schwach skreiv i memoarane sine om eit møte i 1822 etter at dei ikkje hadde sett einannan på lengre tid: *"(...) den Glædesstorm, hvormed jeg sprang ud af Kjærren for at omfavne denne min kjæreste Ven, bringer ved Mindet endnu mine Pulse til at banke med fordoblede Slag."*³

Våren 2003 uttrykker ein 17 år gammal norsk gut følgande i eit intervju med magasinet *Blick*: *"-Gir du en gutt en klem, kan du være stuck med homsestempellet. "Homo" er et skjellsord, og blir sett på som det verste man kan være."*⁴

I vår kultur er skiljet homo/hetero fundamentalt, og ein nåtidig lesar vil i møte med ytringane mellom Schwach og Hansen assosiera til omgrepet *homoseksualitet*. Dottera til Mauritz Hansen skreiv likevel om korleis breva frå Schwach blei lesne høgt i familien: *"Det har alltid været en Fest naar Fader har faaet Brev fra Dem, maa De vide (...)"*⁵ Intense vennskap med panegyriske ytringar om kor viktig vennen var, var utbreidde mellom menn frå høgare klassar på 1800-talet. Desse innebar ikkje noko kontroversielt, ingen mistanke om at det eksisterte eit seksuelt forhold mellom dei, eller at det i det heile var snakk om seksuelle kjensler.⁶ Mellom denne situasjonen og utsegna i *Blick* i 2003, har ikkje berre dei språklege konvensjonane, men også sjølve innhaldet i vennskap mellom menn endra seg.

I 1895 skreiv Christian Leegaard om homoseksualitet som noko som kunne ytra seg på mange ulike måtar: *"... ligefra platonisk Kjærlighed under Venskabs Maske til det største Misbrug, der leder til Individets sociale Undergang eller hans Sammenstød med vor Straffelov"*.⁷ Leegaard var representant for ein ny fagdisiplin som voks fram frå slutten av 1800-talet: psykiatrien. I psykiatrien skulle mennesket forståast og forklarast med

¹ Brev frå Mauritz Hansen til Conrad Nicolai Schwach 2. juni 1838, sitert frå Karlsen 2001: 85.

² Karlsen 2001: 24.

³ Sitert frå ibid: 85).

⁴ Homayon Hamzeloe i intervju, i *Blick* 6/2003.

⁵ Karlsen 2001: 88.

⁶ Ibid: 98-108.

⁷ Leegaard 1895: 47.

utgangspunkt i det menneskelege sinnet, handlingar og ytringar blei sett som uttrykk for noko som låg djupt i sjølv individet. Før hadde ein forstått mennesket som moralsk-religiøst, og dømd det utifrå tilhøvet til reglar for oppførsel og moral. Psykiatrien sto i bresjen for ei fundamentalt ny forståing der mennesket skulle forståast utifrå prosessar i det enkelte individet. For å skjønna dei menneskelege handlingane måtte ein lodda djupa i menneskesinnet. Sentralt i mennesket slik det blei forklart av psykiatrien sto seksualiteten. Psykiatrien, og underdisiplinen sexologien, forklarte og klassifiserte det seksuelle mennesket: seksualiteten blei ei altomfemnande kraft som framfor noko anna var styrande for mennesket, som var farleg og derfor måtte kontrollerast, observerast, tolkast og behandlast. Forståinga av denne nærast mytiske krafta blei gradvis spreidd til felt utanfor den psykiatriske vitskapen slik at ho etterkvart fekk ein hegemonisk posisjon i kulturen. Frå slutten av 1800-talet til i dag har det moralsk-religiøse mennesket blitt erstatta av det seksuelt-psykologiske.

Omtolkinga av dei intense vennskapane mellom menn må forståast som ein effekt av denne endringsprosessen. Medan vennskapen mellom Schwach og Hansen i samtida blei forstått som edel og nærast religiøs av karakter, har slike vennskap frå slutten av 1800-talet og i aukande grad fram mot vår tid blitt tolka i lys av omgrepet homoseksualitet (i det minste såkalla *latent* homoseksualitet). For den psykiatriske vitskapen handla dette om ei avsløring, eit maskefall der det som tidlegare hadde vore oppfatta som kulturelt legitime ytringar blei avslørt for det det *eigentleg* var. Der intense vennskap før blei sett på som moralreglar levd ut på ein eksemplarisk måte, har ettertida meint å avdekka at dette dygdefulle er ei maske som skjuler drifter av ein heilt annan karakter.

Historia om den undertrykte seksualiteten som kom opp og fram i lyset med framveksten av den moderne vitskapen og dei moderne sosiale rørsleane, er ei sentral forteljing i den vestlege kulturen. Denne historia har vore fremstilt som eit maskefall der tilslørande alderdommelege førestellingar har blitt rive vekk og erstatta av ein vitskap om den sanne seksualiteten, det sanne mennesket. Denne oppgåva forsøker å fortelja ei historie utifrå eit anna perspektiv. Eg vil gjera eit forsøk på å stilla meg utanfor denne forteljinga om seksualiteten, som har hatt hegemoniet frå første halvdel av 1900-talet til i dag. Historia mellom kring 1800 og i dag handlar ikkje så mykje om ei opplysing og avklaring av fenomen som tidlegare låg i mørkret, som av framveksten av eit *nytt* system for forståing av intimitet, kjærleik og sex.

Sjølv om "homo" slett ikkje er "det verste man kan være" i mange miljø, blir fysisk kontakt mellom menn utover eit slag på skuldra eller ein kjapp klem, i liten grad sett på som akseptabel (eller mogleg) åtfærd for menn som ikkje høyrer heime i kategorien "homo".

Eksistensen av *den homoseksuelle mannen* som kategori, og framveksten av forestillinga om seksualiteten som menneskets inste vesen, har gjort at dei formene for intimitet og uttrykk for nære kjensler mellom menn som eksisterte på 1800-talet, i dag ikkje lenger er moglege som uttrykk for vennskap. Dei intense uttrykka for intimitet mellom menn har blitt reservert for ein minoritet, den homoseksuelle mannen, og i denne skapnaden har dei blitt uløyseleg knytta til ei seksuell drift, som er grunna i den same seksuelle disposisjonen, den same djuptliggende årsaka. Skal ein forstå kva som er skjedd mellom det legitime og kulturelt aksepterte i dei "romantiske" vennskapane på 1800-talet, og dei strenge grensene for intimitet mellom menn som ikkje fell (eller vil falla) inn under kategorien homoseksuell i vår tid, må ein studera homoseksualitet som ein historisk konstruksjon.

Problemstilling og avgrensingar

Denne oppgåva skal handla om korleis homoseksualitet som kategori kom til Norge i perioden frå 1880-talet til kring 1950. Ordet homoseksualitet (eller homoseksuell) blei ikkje konstruert før i 1869 i Tyskland, og blei ikkje vanleg nytta før frå slutten av 1800-talet. Kategorien blei imidlertid til frå 1860-talet av, gjennom skrifter om frigjering for "det tredje kjønn", og psykiater F.O. Westphals bruka av termen "kontrær kjønnskjenle" i 1869. Det siste blir sett som den vitskaplege oppdaginga av homoseksualiteten, av den homoseksuelle som ein personlegdom, i kontrast til tidlegare kategoriar som m.a. dekkja seksuelle handlingar mellom menn; sodomitten og pederasten.

Gjennom ein studie av den medisinske diskursen (psykiatrisk og psykologisk litteratur), den rettslege diskursen (debatten om lovgjevinga og forbodet mot samekjønnssex og handhevinga av den same), og erotiske møtestader og -former (basert på ulike typar litteratur: dommar, politijournalar, biografiar, skjønnlitteratur), vil eg i denne oppgåva studera korleis den homoseksuelle mannen blei konstruert i Norge og blei avgjerande for ei ny forståing av samekjønnsseksualiteten. I det følgjande vil eg gje nokre avgrensingar for denne studien.

Først må eg klargjera to sentrale omgrep, noko som er naudsynt for å skjønna den vidare framstillinga. Ordet *homoseksualitet* vil i denne oppgåva nyttast om den forståinga av erotikk mellom personar av same kjønn der handlingane blei sett som uttrykk for ein disposisjon i det enkelte individet, anten det var bestemt av eit medfødd biologisk trekk eller ei psykologisk utvikling (i barndommen og ungdomstida til det enkelte individet).

Samekjønnsseksualitet skal i motsetnad til dette forståast som seksuelle handlingar mellom to

personar av same kjønn uavhengig av kva meining eller forklaring ein gav dei. Dette omgrepet blir såleis å forstå som (forsøksvis) ahistorisk og deskriptivt, medan *homoseksualitet* må forståast som eit historisk omgrep som innebar ei særskilt oppfatning av kva seksualitet var.

Tidsavgrensinga er sett til 1886-1950. I 1886 blei den første nordmannen diagnostisert som "kontrærseksuell", og i tiåra etterpå fekk forståinga av samekjønnsseksualitetet som noko ibuande i personen, anten ein forklarte det biologisk, som noko medfødd, eller psykologisk, som resultat av ei utvikling, gjennomslag i legevitskapen. Denne forståinga breidde seg på første halvdel av 1900-talet gjennom populariseringar av legevitskapen sitt syn på seksualiteten, og fekk etterkvart gjennomslag i kulturen i breiare omfang. I 1950 blei det danna ein norsk organisasjon for homoseksuelle, først som ei norsk avdeling av det danske *Forbundet af 1948*, frå 1952 som ein sjølvstendig organisasjon: *Det Norske Forbundet av 1948 (DNF-48)*. Organisasjonen såg, som legevitskapen, homoseksualiteten som noko ibuande. Den tradisjonen DNF-48 bygde på kan sporast tilbake til "oppdaginga" av homoseksualiteten i 1869, via den meir positive omtolkinga denne diskursen fekk i dei homoseksuelle organisasjonane i Tyskland på byrjinga av 1900-talet, til seksualreformrørsla i dei nordiske landa på 1930-talet (med frontfigurar som Elise Ottesen-Jensen og Karl Evang). I Norge går det såleis ei linje frå den første nordmann blei diagnostisert som homoseksuell i 1886 til organisasjonsdanninga i 1950, noko som gjer at eg har avgrensa oppgåva til dette tidsrommet. Oppgåva er vidare delt inn kronologisk i eit bakgrunnskapittel og tre hovudkapittel. Faseinndelinga blir nærmare gjort greie for på side 18 og 19.

I same perioden voks det fram møtestader for menn som søkte sex med menn, og det oppsto nettverk for menn som hadde denne erotiske interessa. Oppgåva vil utforska på den eine sida framveksten av den medisinske homoseksualitetsdiskursen og på den andre sida den sosial verda for erotiske møte mellom menn. I samspelet mellom desse foregjekk konstruksjonen av den mannlege homoseksuelle i perioden 1886-1950.

Oppgåva er også avgrensa til å gjelda konstruksjonen av *mannleg* homoseksualitet. Den kvinnelege homoseksuelle, den lesbiske, oppsto som ei sosial rolle seinare og hadde ei anna historie enn den mannlege. Kvinneleg homoseksualitet må sjåast på som eit anna sosialt fenomen i denne perioden, og som sosial rolle blei ikkje *den lesbiske* ein realitet for alvor før på 1930-talet. Ein studie av dette måtte vore utforma på ein heilt annan måte, og nytta heilt andre kjeldetypar enn dei eg nyttar. Til dømes var kvinneleg homoseksualitet ikkje omfemna av lovverket som forbaud sex mellom menn. Kvinneleg homoseksualitet kjem til å bli nemnd

tidvis når det gjeld framveksten av ein medisinsk diskurs om den homoseksuelle, men denne studien er inga drøfting av dette historiske fenomenet i større omfang.

Oppgåva skal altså drøfta framveksten av ein mannleg homoseksuell identitet i perioden 1886-1950 i Norge. Det vil gjerast særleg med utgangspunkt i kjelder frå psykiatri, domstolane, skjønnlitteratur, aviser og populærvitenskap. Materialet frå domstolane er det viktigaste for å kunna seia noko om dei erotiske møta. Då eg kun har undersøkt denne praksisen i Kristiania/Oslo og Bergen, vil eg i hovudsak kunna seia noko om slike møte i desse byane.

Vidare i dette kapittelet vil eg presentera ein del teoretiske og historiografiske føresetnader før eg presenterer kjeldematerialet.

Teoretiske utgangspunkt

Historisk forskning på samekjønnsseksualitet blei til i nært samband med homoseksuelle emansipatoriske rørsler som voks fram på slutten av 1800-talet og fekk ei ny oppblomstring på 1970-talet. På 1980- og 90-talet blei føresetnadene for slik historieskriving utfordra, samstundes som ho, i ny form, fekk eit gjennombrot i akademia. Det teoretiske utgangspunktet mitt er forma av dei diskusjonane som har gått for seg innanfor denne tradisjonen. Før eg går nærmare inn på det, vil eg derfor gjera greie for nokre trekk i denne forma for historieskriving.

Essensialisme og konstruktivisme

Det er påfallande å sjå korleis interessa for "homohistorie" voks fram parallelt med, og delvis uløyselig samanvevd med, dei første interesseorganisasjonane for homoseksuelle. John Addington Symmonds var ein av fleire britiske intellektuelle som på slutten av 1800-talet tok i bruk det nye omgrepsapparatet omkring homoseksualitet for å definera seg sjølv. I 1873 gav han ut boka *A problem in Greek ethics* kor han hevda at "homoseksualitet" var vidt utbreidd i antikken. Dette såg han som eit godt argument for at det hadde eksistert til alle tider, og at det derfor var noko langt meir enn ei straffbar handling.⁸ I Tyskland voks det frå slutten av 1800-talet fram organisasjonar for homoseksuelle. Her blei også historia tematisert, og gjekk tydeleg inn i ein argumentasjon for politiske rettar i nåtida.⁹ På same måte gav psykiatrar som presenterte den nye kunnskapen om den homoseksuelle, små gjennomgangar av historia som skulle understreka at ein verkeleg snakka om noko som hadde eksistert til alle tider. Dette for

⁸ Rosen 1993: 151.

å få fram at homoseksualitet ikkje berre var eit resultat av fallande moral i moderne tid, men av eit fenomen som måtte forklarast medisinsk.¹⁰

Symptomatisk nok kom det ei ny bølge ”homohistorie” med tilknytning til dei nye homopolitiske rørsleane på 1970-talet som hadde tyngdepunkt i USA og tok i bruk det positivt lada ordet *gay*. Medan det blei bygd opp eit symbolunivers med regnbogeflagget og den rosa trekanten som dei viktigaste ikona, voks det fram ein historisk litteratur som gav *gay*-identiteten ei historie av framtrekande menn og kvinner. Eit døme på eit verk som hadde dette utgangspunktet var *Homosexuals in History* (1977) av den britiske kunsthistorikaren A. L. Rowse. Han skreiv i innleiinga:

*This book is decidedly not pornography. It is a serious study – or a series of studies – in history and society, literature and the arts. Many men of genius or great eminence appear in it: kings like James I and Frederik the Great, artists of the stature of Leonardo da Vinci and Michelangelo, intellectual giants such as Erasmus and Francis Bacon; many poets, writers and composers, scholars and collectors, soldiers and statesmen, patriots, politicians.*¹¹

Ei slik heltehistorie kan likna på dei nasjonalhistoriske prosjekta der ein del nøkkelpersonar fekk posisjonar som førebilde og identifikasjonsfigurar. Perspektivet føresette at ein opererte med ei førestelling om at den homoseksuelle identiteten hadde ein viss grad av kontinuitet mellom ulike historiske epokar. Konseptet homoseksualitet blei ikkje problematisert i større grad, men teke for gitt som ein meir eller mindre ahistorisk storleik.

Homoseksuelle blei i denne tradisjonen sett på som ei gruppe som hadde eksistert til alle tider, men vore neglisjert i tradisjonell historieskriving. Ved å ”avsløra” at historiske personar hadde vore homoseksuelle, kunne ein få denne historia fram i lyset. Som Jonathan Ned Katz formulerte det i forordet til boka *Gay American History* frå 1977:

For long we were a people perceived out of time and out of place – socially unsituated, without a history – the mutant progeny of some heterosexual union, freaks. Our existence as a long-oppressed, long-resistant social group was not explored. We remained an unknown people, our character defamed. The heterosexual dictatorship has tried to keep us out of sight and out of mind; its homosexuality taboo has kept us in the dark. That time is over. The people of the shadows have

⁹ Eit døme er ein artikkel av Ebbe Hertzberg (skrive under psevdonym) :”Spuren von Konträrsexualität bei den alten Skandinaviern” publisert i *Jahrbuch für sexuelle Zwischenstufen* i 1902. Sjå Wolfert 1999.

¹⁰ Psykiataren Henrik A.Th. Dedichen sa m.a. på eit møte i Det Medicinske Selskab i Kristiania i 1906: ”Som bekendt var de gamle nordmænd ypperligere end alle andre folk før og siden. Det er vistnok saa, at de var temmelig brutale storskrydere, at de drak umaadelig og fandt en herlig spas i at overfalde fredelige farmænd og udplyndre deres skibe eller at brænde sine venner lumskelig inde. Men degenererede eller fordærvede har alligevel ingen vovet at kalde dem. Det kan derfor have sin interesse at nævne, at en norsk retslærd, som har ønsket at forblive anonym, i en afhandling i *Jahrbuch f. sex. Zn. B. IV. Hævder at homoseksuelle forholde ogsaa forekom hos dem, ligesom hos de gamle germaner.*” (Dedichen 1906:161) Artikkelen Dedichen viser til er den nemnde artikkelen av Hertzberg.

¹¹ Rowse 1977: xi.

*seen the light; Gay people are coming out – and moving on – to organize action against an oppressive society.*¹²

Katz såg det å skriva historia om homoseksuelle menn og kvinner som ein del av frigjeringsprosjektet til gay-rørsla der det å "komma ut", dvs. å stå ope fram som homoseksuell, var eit av dei mest sentrale verkemidla. Å avdekka den seksuelle orienteringa til personar i fortida kan sjåast som ei forlenging av dette prosjektet: også fortida måtte "ut av skapet" som eit ledd i konstruksjonen av ein ny, positiv identitet. Døme på slik historieskriving i Skandinavia er Fredrik Silverstolpe sin *En homoseksuell arbeitares memoarer* frå 1980 og Karen-Christine Frieles *De forsvant bare... Fragmenter av homofiles historie* frå 1985.¹³ Friele la vekt på at homoseksuelle hadde vore ei gruppe som gjennom tidene har vore utsett for forfølgjing, straff og forteiing. Dette gjorde homoseksuelle historielause. Ho skreiv "*Den offisielle historie har ingen plass for homofile forbilder som vi kan identifisere oss med, bli styrket av og ta eksempel fra.*"¹⁴

Historie har vore ein disiplin som har fungert identitetsbyggande, anten det har vore snakk om ein nasjonal identitet, identiteten til ei folkegruppe, til ein klasse eller til grupper som har vore lite representerte i tradisjonell historieskriving. Nasjonalhistorie, minoritetshistorie, arbeidshistorie og kvinnehistorie har mellom anna handla om å byggja identitet for nasjonar eller sosiale rørsler. "Homohistorie" har også hatt ein slik funksjon, og me har sett at forfattarane bak verka ovanfor hadde som motivasjon å delta i den homoseksuelle frigjeringskampen.

Historie om samekjønnsseksualitet fekk etterkvart også ein posisjon i akademien. Boka *Christianity, Social Tolerance, and Homosexuality. Gay People in Western Europe from the Beginning of the Christian Era to the Fourteenth Century* (1980) av John Boswell var eit gjennombrudd. Dette er eit grundig gjennomarbeida verk skriva av ein profesjonell historikar som var spesialist på den perioden han skreiv om. Men måten han nytta historiske omgrep på, ved å setja nåtidige omgrep på fortidige fenomen, skapte debatt. Boswell nytta omgrepet homoseksualitet deskriptivt, det skulle omfatta alle seksuelle fenomen mellom personar av same kjønn. *Gay* nytta han imidlertid som ein smalare kategori som skulle referera til "*persons who are conscious of erotic inclination toward their own gender as a distinguishing characteristic (...)*"¹⁵

¹² Katz 1978: 1.

¹³ Silverstolpe 1980, Friele 1985.

¹⁴ Friele 1985: 11.

¹⁵ Boswell 1980: 44.

Boka til Boswell utløyste ein større debatt om tilnærminga til seksualitetshistorie og bruken av historiske kategoriar/omgrep.¹⁶ Antikkhistorikaren David Halperin var ein av dei som kritiserte Boswell for å ha ei *essensialistisk* tilnærming. Han kritiserte Boswell for at han nytta termene *homoseksualitet* og *gay* om menneske i mellomalderen. For å kunna operera med slike omgrep, meinte Halperin, måtte Boswell gå ut frå at det fanst ein essensiell homoseksualitet, det vil seia at homoseksualitet og homoseksuelle personar var noko som eksisterte uavhengig av tid og rom. Halperin argumenterte for at slik var det ikkje. Sjølv om sex mellom personar av same kjønn hadde funne stad til alle tider, var ikkje det same som at det hadde funnest homoseksuelle personar som var medvitne om at denne erotiske interessa utgjorde eit "*distinguishing characteristic*."¹⁷

Konstruktivismen blei sett opp som den metodiske tilnærminga ein måtte skriva seksualitetshistorie utifrå i staden for essensialismen. Det konstruktivistiske perspektivet på studiet av homoseksualitet kan sporast tilbake til 1960-talet,¹⁸ men det som meir enn noko anna kom til å påverka denne retninga var Michel Foucaults *Seksualitetens historie band 1*, frå 1976. Her gjekk han mot den utbreidde oppfatninga om at seksualiteten (og homoseksualiteten) først og fremst kunne sjåast på som ei historie om undertrykkjing: "*Det som er særregent ved de moderne samfunn, er ikke at de har henvist kjønnet til å forbli i skyggen, men at de har hengitt seg til å snakke om det bestandig, ved å la det fremstå som hemmeligheten*."¹⁹ I tråd med denne oppfatninga var ikkje den homoseksuelle først og fremst undertrykt av det moderne samfunnet, han var eit *produkt* av det. Det moderne seksualitetsregimet *skapte* den homoseksuelle som kategori. Denne konstruksjonen innebar også undertrykking, men det radikalt nye var at sjølve kategorien oppsto.

Dei fleste historiske framstillingar på dette området startar i dag med ei posisjonering i forhold til konstruktivisme-essensialisme-kontroversen. Majoriteten av forskarane tar utgangspunkt i at ein viss form for konstruktivisme er naudsynt i historiefaget. John Boswell skreiv såleis i kontroversen med Halperin at ingen forskarar ville finna på å kalla seg sjølv essensialistar, utgangspunktet for ei historisk tilnærming til eit kvart problemfelt måtte alltid til ein viss grad vera konstruktivistisk. Han hevda det i staden var snakk om ein skala kor ein

¹⁶ Nissen 2000: 6-7.

¹⁷ Halperin 1990: 18-21.

¹⁸ Alt i 1968, i artikkelen *The Homosexual Role*, tok sosiologen Mary McIntosh til orde for at homoseksualiteten måtte studerast som sosial konstruksjon (McIntosh 1996). Med utgangspunkt i sosiologisk rolleteori såg ho den homoseksuelle som noko som oppsto avhengig av spesielle samfunnsmessige forhold og oppfylde ei spesiell rolle. Ho meinte den homoseksuelle rolla oppsto på 1700-talet.

¹⁹ Foucault 1995: 45.

reindyrka essensialisme sto på eine sida, og ein radikal konstruktivisme på andre sida.²⁰ Han meinte at *omgrepa* homoseksualitet og gay reint faktisk var konstruksjonar frå moderne tid, men at det hadde eksistert fenomen i tidlegare tider som også kunne gripast av desse orda. Meir radikale konstruktivistar, som Halperin, såg skapinga av identitetar som ein meir fundamental prosess som ikkje berre handla om forståinga av seksualiteten, men også om sjølve skapinga av seksuelle praksisar og orienteringar.

Den norske filosofen Helge Svare skil mellom ulike typar konstruktivisme.²¹ Ein "mild" form for konstruktivisme kallar han *livsstilskonstruktivisme*. Med det meiner han ei oppfatning som ser på måten homoseksuelle personar innrettar liva sine på som forma av dei normane, forestillingane og rollene som finst i kulturen. Dette føreset at det bak dei kulturelle rammene finst ein slags essensiell homoseksualitet. Det er altså ikkje sjølve seksualiteten eller den seksuelle orienteringa som er samfunnsmessig produsert, men haldningane til dei. Utifrå eit slikt perspektiv vil ein leggja vekt på likskapane mellom historiske organiseringar av samekjønnsseksualiteten; det blir heile tida føreset at det som ligg i botn er noko stabilt.

Ein meir radikal konstruktivisme er kritisk til at det finst ein slik "rein" homoseksuell essens som kan avdekkjast bak eit kulturelt lag. Ein slik posisjon kallar Svare for *erfaringskonstruktivisme*. Dette inneber at ein også ser på lysta, kjenslene, opplevingane og erfaringane som i større eller mindre grad konstruerte. Medan livsstilskonstruktivismen går ut i frå at organiseringa av samekjønnsseksualiteten i ulike samfunn er bestemt av den same grunnleggande disponeringa i individa, er erfaringskonstruktivismen meir skeptisk til å gi ein slik biologisk eller psykologisk forklaring prioriteten. Erfaringskonstruktivistane avviser sjølv sagt ikkje at vitenskapar som biologi eller psykologi kan forklara noko, men ser kritisk på ein modell der desse kunnskapsformene får monopol på å forklara menneskeleg åtfærd. Dei fleste som nyttar dette perspektivet går med på at biologien kan vera med og forklara seksuell åtfærd, til dømes at visse menneske kan vera meir disponerte for å forelska seg i personar av same kjønn enn andre, men dei går ikkje med på at dette skal vera det *styrande prinsippet* for studiet av seksualitet i kultur- og samfunnsvitenskapane.

Eg vil i denne oppgåva nytta eit erfaringskonstruktivistisk perspektiv. Eg vil argumentera for at det nye seksuelle systemet som oppsto på slutten av 1800-talet, og fekk aukande innverknad på første halvdel av 1900-talet, ikkje berre endra oppfatninga av, men også den faktiske organiseringa av, seksualiteten i perioden. For å skjønna korleis eg tenker meg denne konstruksjonen, vil eg forklara det teoretiske utgangspunktet mitt nærare.

²⁰ Nissen 2000: 6-7.

²¹ Svare 2001: 305-306.

Teori og sentrale omgrep

Oppgåva er inspirert av den genealogiske tilnærminga til Michel Foucault.²² For Foucault handla genealogi om å ta utgangspunkt i nåtidige fenomen, og studera korleis desse har opphav i eit utal fortidige fenomen. Som Erling Sandmo framstiller det: "*Han etablerer et nåtidig fenomen som tema, og studerer hvordan det har sin historiske bakgrunn i fenomener som både er mange og som er helt andre enn det moderne.*"²³ I første band av *Seksualitetens historie* var det fenomenet "seksualitet" som blei spora på denne måten. Foucault fann at det som i dag er avgrensa av dette ordet, i fortida kom inn under ei rekke ulike felt, som demografi, statistikk, medisin og religion. Samankoplinga av dei ulike fenoma under seksualitetsomgrepet, blei ikkje gjort før på 1700-talet.²⁴

Ved den genealogiske metoden kan ein studera korleis fenomen som tilsynelatande er naturgitte og evige, har eit historisk opphav. Seksualiteten blir i dette perspektivet eit historisk skapt system, ikkje ein naturgitt storleik. Hadde ein derimot starta med å definera seksualitet som eit transhistorisk fenomen, ville ein fått ei historie om *haldningar til* dette. Ei slik historie ville ha gått glipp av at mange ulike fenomen først blei forstått som sider av same sak gjennom seksualitetsomgrepet.

Foucault hevda altså at det ikkje fanst noka historie om seksualiteten gjennom tidene, som ei naturkraft som hadde vore regulert og observert, men ei historie om korleis seksualiteten *blei til* som eit resultat av at element som før hadde høyrte heime i ulike forståingsrammer, blei samla under omgrepet seksualitet og sett som sider av same sak.²⁵ "Seksualitet" i denne tydinga var noko som oppsto på 1700-talet, gjennom det Foucault kallar *seksualitetsapparatet*, eit slags paradigme som med Espen Schaanning's ord er eit "*nettverk av ulike maktstrategier som så å si "omringer" og definerer seksualitetens område.*"²⁶ I følge Foucault hadde eit *slektskaps/ekteskapsapparat* dominert fram til 17-1800-talet.²⁷ I dette var reproduksjon og vidareføring av eigedom dei sentrale verdiane, ekteskapet blei i stor grad sett

²² Dette avsnittet er basert på Foucault 1977, Foucault 1995 og Schaanning 2000.

²³ Sandmo 2001: 72.

²⁴ Ibid: 73. Genealogien til Foucault var inspirert av Nietzsche. I ein tilstand der "Gud var død" var det ikkje lenger mogleg å spora menneskets opphav tilbake til noko reint og heilag: "*We wished to awaken the feeling of man's sovereignty by showing his divine birth: this path is now forbidden, since a monkey stands at the entrance*" (Nietzsche sitert frå Foucault 1977: 143). Dei "reine" linjene i historia var heller ikkje lenger moglege å følgja. I nyare historie har store forteljingar som t.d. historia om nasjonalstaten, blitt dekonstruerte. Det er blitt sett fokus på korleis nasjonalstatane er "forestilte fellesskap" (Anderson 1983), og historia er i mindre grad blitt sett som egna til å skapa identifikasjon, og i større grad til å framkalla erkjenning om noko framand, noko annleis.

²⁵ Foucault 1995: 45.

²⁶ Schaanning 2000: 110. Foucault nyttar omgrepet *dispositif de sexualité*, Schaanning 2000 bruker omgrepa seksualitetsapparatet eller seksualitetsparadigmet. I si omsetjing av Foucault 1995 nyttar han omgrepet *seksualitetsanordningen*. I det følgjande vil eg nytta omgrepet seksualitetsapparatet.

²⁷ Foucault 1995: 117-118.

på som ein økonomisk allianse, definert av ei rekke reglar som regulerte korleis pliktene mellom ektefellane skulle delast. I *seksualitetsapparatet* blei derimot kroppen, kjenslene og åtferda utgangspunktet for å skjøna og regulera det menneskelege.²⁸ Desse to systema overlappa kvarandre i lengre tid, og gjer det framleis, men frå ca. 1800 skjedde ei forskyving der seksualitetsapparatet har blitt meir og meir dominerande.²⁹

Framveksten av ”den homoseksuelle” hadde ein føresetnad i denne forskyvinga der kropp og kjensler, og normaliseringen av dei, blei viktigare enn økonomi og plikter, og etterfølginga av reglene for dei. Innan det gamle systemet hadde ein hatt kategorien *sodomi*, som femna om ulike formar for moralsk forkastelege seksuelle praksisar. Dette omgrepet impliserte ikkje nokon oppfatning av at desse handlingane hadde nokon basis i ein disposisjon og/eller utgjorde ein viktig del av personlegdommen. Foucault formulerte det slik i band 1 av *Seksualitetens historie*:

*Innenfor den gamle sivile og kanoniske retten var sodomien en type forbudte handlinger, utøveren av slike handlinger var bare ett rettssubjekt. Det 19. århundres homoseksuelle er blitt en personlighet: en fortid, en historie og en barndom, en karakter, en livsform; dessuten en morfologi, med en påfallende anatomi og kanskje en gåtefull fysiologi. Ingenting av det han er unnslipper hans seksualitet. (...) Sodomien var et slags tilbakefall i synden, den homoseksuelle er nå blitt en art.*³⁰

Med omgrepet homoseksualitet fulgte altså oppfatningar av at den erotiske interessa låg i den enkelte. Dette blei etterkvart *den dominerande* måten å konseptualisera samekjønnsseksualitet på, og som me skal sjå gjennomsyra denne synsmåten skriving om samekjønnsseksualitet fram mot midten av 1900-talet.

Medikalisering er eit viktig omgrep for å gripa denne prosessen. Svein Atle Skålevåg nyttar ein tredelt definisjon av omgrepet: For det første at noko byrjar å bli forstått som ein sjukdom, for det andre at noko fell inn under kompetanseområdet til legane og for det tredje at noko får medisinsk meining.³¹ Skålevåg legg mest vekt på det siste, utan at han forkastar dei to første. Eg vil slutta meg til dette: det me ser i denne perioden er at homoseksualitet byrjar å bli sett på som sjukdom og det blir etterkvart forstått som noko som kan forklarast av legar. Men det får også medisinsk *meining*. Det vil seia at det får meining i lys av det medisinske/psykiatriske språket om mennesket. Medan det før blei femna av eit moralsk språk om forbod, blir det nå del av eit språk om den menneskelege kroppen og det menneskelege

²⁸ Ibid: 118.

²⁹ Slektskaps/ekteskapsapparatet eksisterer framleis, men seksualitetsapparatet er det dominerande (Foucault 1995: 119).

³⁰ Foucault 1995: 53-54.

³¹ Skålevåg 2002: 22.

sinnet. Medikaliseringa er såleis ein grunnleggjande føresetnad for gjennombrøtet til homoseksualitetsparadigmet.

Diskurs er eit anna sentralt omgrep. Det vil bli definert på ein vid måte, i tråd med filosofen Francois Delaportes definisjon: "*practices that shape the objects of which they speak*".³² Eg vil her m.a. nytta det om praksisane innan legevitskapen (den medisinske diskursen) og innan rettsvesenet (den juridiske diskursen).

Så langt kan det verka som om eg ser på homoseksualiteten som utelukkande skapt av diskursar, at den homoseksuelle er ein diskursiv formasjon. Eg vil imidlertid vektleggja korleis ein sosial endringsprosess var med på å forma den homoseksuelle. Den danske sosiologen Henning Bech kallar den homoseksuelle for ei eksistensform i stadenfor t.d. å sjå på han som eit reint produkt av ein diskurs.³³ Den homoseksuelle hadde også andre fundamentale føresetnader enn dei diskursive. Bech er samd i at det eksisterer eit sosialt kompleks av haldningar til erotikk mellom menn, at desse haldningane blir tatt opp som sjølvforståinga til ei gruppe menneske, og at haldningane til homoseksuelle og sjølvforståinga hos homoseksuelle er gjensidig reproduktive. Diskursen har såleis ein stor plass i skapinga av den homoseksuelle identiteten og subkulturen. Men i tillegg meiner han at fleire *andre* faktorar er grunnleggjande for å skapa den homoseksuelle eksistensforma. Dette meiner Bech er knytt til *moderniteten*:

*The modern conditions of life – the city, the collapse of norms, the absence of safe and secure communities and identities, the struggle of the sexes, the images and the stagings, the institutions of art, the theory and practice of liberal democracy, the external surveillance of the police and the internal analysing of science – form the background to this life-world, presenting themselves at the same time to the individual homosexual as a problem area in which he is always already placed and in and in relation to which he cannot escape placing himself.*³⁴

Bech snakkar om ei *sosial verd*, der den homoseksuelle mannen kan eksistera, leva ut sine erotiske interesser og bli sosialisert:

*This materially present character of the homosexual world is also the reason why a homosexual is always able to find it (or ascertain its absence), wherever he travels in the modern West, and feel at home there.*³⁵

³² Delaporte 1994: 139.

³³ "*The homosexual form of existence*" (Bech 1997: Kap. 4) Bech påpeiker at Foucaults syn på konstruksjonen av homoseksualitet må sjåast i lys av heile trilogien om seksualitetens historie: "*You might say that what he describes in the first volume as a dispositif (a machinery, device, or "deployment" of sexuality), is now [i band 2 og 3] described from another (I would say phenomenological) point of view as an "experience"*". (Bech 1997: 247, n.29.) Dette står i kontrast til ei vanleg lesing av Foucault (1995) som tolkar det slik at han kun ser på rolla til diskursen i konstruksjonen av homoseksualitet. (ibid.)

³⁴ Bech 1997: 154.

³⁵ Ibid: 155.

Slike møtestader voks fram i byar i Nordvest-Europa og Nord-Amerika frå midten/slutten av 1800-talet. Denne "materielle" og sosiale bakgrunnen er viktig for å forstå den homoseksuelle som sosial kategori. Den homoseksuelle eksistensforma har denne bakgrunnen som ei fundamental erfaring. Den er blitt til i samspelet mellom den medisinske diskursen og dei moderne livsvilkåra (byen, nye sosiale samhandlingsmåtar etc.).

Ein studie av konstruksjonen av den mannlege homoseksuelle må såleis søka å gripa både framveksten av eit paradigme om den homoseksuelle og den sosiale bakgrunnen. Dei tre hovudkapitla i denne oppgåva vil vera delt i tre underkapittel: i dei to første vil dei diskursive føresetnadene for framveksten av den homoseksuelle identiteten stå i sentrum, medan det siste underkapitlet vil leggja meir vekt på den sosiale verda.

Forskingsoversikt

Vidare vil eg gi ein presentasjon av *status presens* i historisk forskning på homoseksualitet i Norge og Skandinavia. Dei første hovudfagsoppgåvene i historie i Norge som tok opp samekjønnsseksualitet kom på 1990-talet, før dette var Karen-Christine Friele si bok *De forsvant bare...* frå 1985 den einaste norske bokutgjevinga som omhandla slik historie.³⁶ Dei første hovudfagsoppgåvene innan samfunnsvitskapleg og humanistisk forskning som tok for seg samekjønnsseksualitet, kom på slutten av 1960-talet og på 1970-talet.³⁷ Men den første hovudoppgåva i historie innan dette feltet, var *Endring i sjølvoppfatning blant lesbiske i Noreg 1950-1993, i nært samband med homoorganisering* (1996) av Astrid Olsen.³⁸ Olsen bygde oppgåva si på intervju med lesbiske som på ein eller annan måte hadde vore tilknytta homoorganisasjonar i perioden, og utifrå eit konstruktivistisk perspektiv studerte ho korleis sjølvoppfatningane endra seg i perioden. I 1998 kom ei spesialfagoppgåve i juss *Rettslig regulering av homoseksuell praksis fra 1687 – 1902* av Anette Halvorsen Aarset.³⁹ Aarset nytta også det konstruktivistiske perspektivet, men la mindre vekt på dette i framstillinga. Oppgåva gjennomgjekk lovverket som regulerte samekjønnsseksualitet frå 1687-1902 og studerte m.a. Høgsterettsdommar for sex mellom personar av same kjønn i perioden 1842-1902.

Oppgåva § 213 i *almindelig borgerlig straffelov av 1902. Homoseksualitet i Norge og rettslige sanksjoner mot den fra slutten av 1800-tallet til 1972* av Martin Skaug Halsos frå

³⁶ Friele 1985.

³⁷ Eikvam 2001: 413-415.

³⁸ Olsen 1996.

³⁹ Eg refererer her til Aarset 2000, som er ein omarbeida versjon. (I 1998 var namnet Anette Halvorsen, men eg refererer her til Aarset for å unngå forvirring.)

1999 hadde også ei konstruktivistisk tilnærming og var m.a. inspirert av Foucault.⁴⁰ Denne oppgåva var eit studium av historia til § 213 i straffelova av 1902, som forbaud homoseksuell åtferd mellom menn når "*almene Hensyn*" tilsa det. Forutan historia til paragrafen (korleis den blei til, ulike endringsforslag og opphevinga i 1972), undersøkte Halsos korleis den blei handheva i Kristiania/Oslo i perioden 1905-1950. Halsos fann at paragrafen var svært lite nytta.

Dei to siste oppgåvene er viktige referansar for meg, idet dei fell inn under den perioden denne oppgåva har. Sosialantropologen Hans W. Kristiansen har i juni 2003 levert inn si doktoravhandling som er basert på lengre intervju med 23 homoseksuelle menn i Oslo som er over 65 år. Livshistoriene dannar utgangspunkt for ei framstilling av korleis samekjønnsseksualiteten ytra seg og kva vilkår den hadde i perioden frå ca. 1940-1970. Kristiansen er nå i gang med prosjektet *Homoseksualitetens vilkår og ytringer 1920-1980*, der målet er å foreta intervju med fleire personar, både menn og kvinner, og der han i tillegg tar sikte på å nytta fleire skriftlege kjelder (m.a. i tilknytning til historia til homorørsla).⁴¹

Etnologen Tone Hellesund har forska på einslege kvinner i borgarskapet i perioden 1870-1940, og har i den samanhengen drøfta framveksten av kunnskapen om homoseksualitet som ein faktor som gjorde "peppermøene" suspekta kjønnsleg sett.⁴² Marianne Berg Karlsen si hovudoppgåve frå 2001, "*I Venskabs Paradis*" omhandla det nære vennskapet mellom Conrad Nicolai Schwach og Mauritz Hansen. Ho såg, på same måte som Hellesund, det nye seksuelle systemet, der homoseksualiteten blei ein kategori, som ein grunn til at dei intense ytringane for vennskap blei borte på 1900-talet.⁴³ I 1990 intervjuar journalisten Svein Skeid fleire eldre homoseksuelle menn i Oslo, noko som blei til ein lengre artikkel i månadsavisa *Fritt fram*.⁴⁴ Denne artikkelen gir eit visst innblikk i ein homoseksuell subkultur i byen allereide frå mellomkrigstida. Universitetsbibliotekar Jan Olav Gatland har i boka *Mellom linjene. Homofile tema i norsk litteratur* frå 1990 saumfart norsk skjønnlitteratur frå slutten av 1800-talet til i dag, på leit etter referansar til homoseksualitet. Resultatet er blitt ei verdifull innføring til slike verk, og ein nyttig reiskap for historikarar på leit etter kjelder.⁴⁵ Øystein

⁴⁰ Halsos 1999.

⁴¹ Kristiansen 2003.

⁴² Hellesund 2002.

⁴³ Karlsen 2001.

⁴⁴ Skeid 1990.

⁴⁵ Gatland 1990. Gatland har også i andre bøker gitt verdifulle tilfang til historisk forskning om homoseksualitet. T.d. om Bjørnstjerne Bjørnson sin vennskap med den danske litteraturkritikaren Clemens Petersen (Gatland 2002) og ein biografi om lyrikaren Åsmund Sveen (Gatland 2003).

Rian har i artikkelen *Mellom straff og fortielse. Homoseksualitet i Norge fra vikingtiden til 1930-årene* samanfatta det som ligg føre av forskning på dette feltet.⁴⁶

Bortsett frå avhandlinga til Hans W. Kristiansen, som ennå ikkje er publisert, eksisterer det ikkje ei studie av samekjønnsseksualitet i breiare kulturhistorisk/sosialhistorisk perspektiv. Studiane til Aarset og Halsos er i hovudsak rettshistorisk innretta. I Sverige er situasjonen ein annan. Der har fleire historikarar gjennom ei årrekke forska på samekjønnsseksualiteten, noko som har gitt eit breiare bilde av korleis sex mellom personar av same kjønn har blitt oppfatta og endra karakter. Eit resultat av dette er den 700 sider store boka *Sympatiens hemlighetsfulla makt. Stockholms homosexuella 1860-1960* frå 1999.⁴⁷ Verket er eit resultat av forskning frå fem historikarar, som starta alt i 1984.⁴⁸ I 2001 kom doktoravhandlinga *Sinners and Citizens. Bestiality and Homosexuality in Sweden 1880-1950* av Jens Rydström, som tok for seg meir enn 2000 rettssaker der sex mellom menn og bestialitet var tiltalen, og diskuterte desse i lys av ein overgang frå eit sodomiparadigme til eit homoseksuelt paradigme. I Sverige har også etnologen Arne Nilsson skrive om homoseksuelle mannlege nettverk og møtestader i Göteborg i tiåra kring andre verdskrigen, og Pia Lundahl har undersøkt livshistorier til eldre lesbiske kvinner og korleis ein lesbisk identitet oppsto på 1930-talet.⁴⁹ I Danmark har også dette feltet vore utforska i større grad. Karin Lützen har skrive om korleis kjærleik mellom kvinner endra karakter frå 1800-talet og fram til i dag, medan Wilhelm von Rosen i 1993 gav ut den 900 sider store doktoravhandlinga *Månens kulør. Studier i dansk bøssehistorie 1628-1912*. Den rettshistoriske utviklinga blei her sett i lys av den moderne konstruksjonen av homoseksualitet.⁵⁰

Samanlikna med nabolanda har altså historieforskinga om samekjønnsseksualitet ikkje kome særleg langt i Norge. Martin Skaug Halsos har som nemnd undersøkt bruken av § 213 i Kristiania/Oslo i perioden 1905-1950. Materialet er imidlertid for lite til å seia noko sikkert om møtestader og nettverk i byen. Skeids artikkel frå 1990 er til ein viss grad inne på forhold før 1950. Men ei større drøfting av homoseksuelle møtestader og nettverk har ikkje vore foretatt. Undersøking av fleire dommar og journalar frå politiet kan vera ein måte å få meir innsikt i dette. Ei systematisk undersøking av korleis homoseksualitetsomgrepet kom inn i medisinsk (psykiatrisk/psykologisk) litteratur har heller ikkje vore gjort, sjølv om det er

⁴⁶ Rian 2001.

⁴⁷ Söderström (red.) 1999a.

⁴⁸ Ibid: 9.

⁴⁹ Nilsson 1998, Lundahl 2001.

⁵⁰ Lützen 1987, Rosen 1993.

sannsynleg at det er her omgrepet og homoseksualitetsdiskursen først blei introdusert.

Skjønnlitteratur, avisartiklar, essays og liknande kunne også vore til hjelp i ein slik studie.

Denne hovudfagsoppgåva vil ta utgangspunkt i ein del av desse utforska kjeldene for å drøfta korleis den homoseksuelle mannen blei ein realitet i perioden frå 1880-talet til 1950.

Kjeldesituasjonen

Å forska på samekjønnsseksualitet i historia stiller oss overfor ei rekke kjeldemessige problem. For det første er kjelder som seier noko om dette sjeldne, særskilt i perioden før ca. 1970, og i endå større grad for tida før første halvdel av 1900-talet. For det andre er dei kjeldene som finst vanskelege å finna. For det tredje kan dei kjeldene ein finn vera lite representative for den organiseringa samekjønnsseksualiteten hadde i fortida. For det fjerde er kjeldene oftast ført i pennen av menneske som sjølv ikkje tok del i slik seksuell praksis, og har såleis slagside. Forsking på dette feltet krev såleis ein viss kreativitet, og ein må ofte basera resonnement på eit fåtal kjelder.

Ein viktig kjeldetype er kjelder som har blitt til i tilknytning til politiets og domstolanes kontroll av seksuell åtferd mellom menn. I tillegg til å ha nytta dommar som Anette Halvorsen Aarset og Martin Skaug Halsos har funne i sine prosjekt,⁵¹ har eg sjølv søkt i arkiva til domstolane og politiet, og eg har gjennomgått *Retts Tidende* frå 1905-1950. Eg har leita etter dommar i Kristiania i perioden frå 1880-1905, og i Bergen i perioden 1905-1945. Eg har også gjennomgått journalar frå Sedelighetspolitiet i Kristiania/Oslo frå 1885 fram til ca. 1920. I tillegg har eg funne rettspsykiatriske erklæringar i arkivet til Den rettsmedisinske kommisjon i Riksarkivet. Eg har og nytta brevmateriale frå Nasjonalbiblioteket si handskriftavdeling.⁵² I samband med rettsforfølginga har eg nytta juridisk litteratur og Stortingsforhandlingar.

Ellers har eg undersøkt psykiatrisk litteratur frå slutten av 1800-talet og framover, og for å få eit meir heilskapleg bilete av synet på samekjønnsseksualitet i perioden har eg leita etter referansar i skjønnlitteratur,⁵³ essay og tidsskrift. Eg har også funne avisartiklar knyta til ei av rettssakene, ei sak frå Bergen i 1938. To biografiar har vore viktige: Tore Eltons *Ferdinand Finne* og sjølvbiografien *Fra mitt skjeve hjørne* av Arne Bang-Hansen.

Psykiatrisk litteratur og seksualopplysningslitteratur skrive av legar, pedagogar og psykologar er den eine hovudkjeldetypen, og er vald fordi desse var heilt sentrale i innføringa

⁵¹ Aarset 2000 har sett på dommar frå Høgsterett i perioden 1842-1902. Halsos 1999 har gjennomgått dommane i Kristiania/Oslo 1905-1950.

⁵² Brevvekslinga mellom Ebbe Hertzberg og Waldemar Christopher Brøgger. (NBO: Brevsamlinga). Sjå og Hestmark 1999: 185-189 og Rian 2001: 44-45.

⁵³ Gatland 1990 har vore eit særns nyttig utgangspunkt for dette.

av det nye omgrepsapparatet. Det var psykiatrar som først introdusert homoseksualitetsomgrepet på norsk og det blei spreidd gjennom seksualopplysningslitteratur og andre populariseringar. På slutten av 1800-talet var det snakk om fagartiklar i legetidsskrift eller avsnitt i lærebøker for medisinstuderande, men frå byrjinga av 1900-talet blei omgrepet popularisert gjennom seksualopplysningslitteratur, artiklar i allmenne tidsskrift og skjønnlitteratur. Hypotesa er at legen, medisinprofesjonen og det medisinske språket i vidare forstand etterkvart fekk hegemoni på å snakka om homoseksualiteten.⁵⁴

Kjelder i tilknytning til arbeidet med lovendringar, lovtolking og ikkje minst handhevinga av straffelova, er den andre hovudtypen av kjelder eg har nytta. Desse er valde idet den rettslege diskursen tradisjonelt var den som regulerte seksualiteten (gjennom forbod). Det blir såleis interessant å sjå korleis denne tradisjonelle reguleringsforma blei endra i ei tid der den medisinske diskursen blei den hegemoniske for å forstå menneskeleg åtferd. Bruken av rettspsykiatriske erklæringar er eit døme på korleis medikaliseringa også viser seg i rettssystemet.

Dommane er ellers interessante fordi dei kan fortelja noko om miljøa der erotiske forhold mellom menn fann stad. Såleis gir dei eit unikt innblikk i ei verd det ikkje finst mange kjeldemessige spor etter. Når ein nyttar dommane på denne siste måten, blir ein stilt overfor strenge kjeldekritiske krav. Ein må ta høgd for kven som talar i rettsdokumenta: også referata frå vitneforklaringane er førte i pennen av personar tilknytte rettsvesenet.

Eg har vald å ikkje oppgi namn på personar som er nemnd i dommar, politirapportar og rettspsykiatriske erklæringar. Dette gjeld også dei av desse kjeldene som ikkje lenger er klausulerte. Prinsippet er at berre personar som har deltatt i allmenta frivillig blir nemnde med fullt namn. Der eg har drøfta enkelte saker meir inngåande har eg nytta pseudonym. Første gongen eg bruker eit slikt pseudonym er det merka med *.⁵⁵

Struktur

Oppgåva er delt i eit bakgrunnskapittel (kapittel 2), tre hovudkapittel (kapittel 3, 4 og 5) og eit avslutningskapittel. Hovudkapitla er delt inn kronologisk, i tre fasar. Dette grepet er gjort for å fanga opp at konstruksjonen av mannleg homoseksualitet var ein prosess som gjekk over tid, og skilja er sette ved milepålar i denne prosessen. Kapittel 3 tar for seg perioden frå den første

⁵⁴ Som me skal sjå inneber medikaliseringsprosessen at dette språket at den medisinske diskursen fekk ei utbreiing langt utover institusjonane/profesjonen.

⁵⁵ Som pseudonym bruker eg vanlege sen-namn. Fleire av personane i leiinga av organisasjonen DNF-48 på 1950-talet skreiv under pseudonym eller haldt ein låg offentleg profil i lange tider. Seinare brukte dei likevel fullt namn. Eg har derfor brukt dei fulle namna i desse tilfella.

norske diagnostiserte homoseksuelle i 1886 fram til homoseksualitet var blitt eit i større grad kjent fenomen innan legeprofesjonen i 1907 (markert ved ein større diskusjon på fleire møte i Det Medicinske selskab i Christiania). Kapittel 4 tar for seg perioden frå 1907 til 1932, ein periode der homoseksualitet som omgrep får ein noko større utbreiing i kulturen, medan kapittel 5 tar for seg gjennombrøtet for omgrepet og den forståinga som fylgde i Norge (markert ved ein innverknadsrik artikkel skriva av Torger Kasa og Karl Evang i 1932, og ved danninga av ein norsk homofil-foreining i 1950). Kvart av hovudkapitla er vidare delt i tre underkapittel: Den medisinske diskursen, den juridiske diskursen og erotiske møte/identitetsdanning.

I kapitla om den medisinske diskursen blir utviklinga innan det medisinske feltet og formidlinga av kunnskapsdanninga diskutert. Det er meininga å rissa opp korleis dynamikken innan dette feltet arta seg, samtidig som eg vil sjå på korleis kunnskapen blei spreidd til felt utanfor profesjonen og institusjonane. Kapitla om den rettslege diskursen tar for seg rammene for det strafferettslege lovverket kring sex mellom menn og handhevinga av denne. Det vil bli diskutert korleis den rettslege diskursen om samekjønnsseksualitet endrar seg i perioden og korleis den medisinske diskursen påverkar denne. I den siste delen av dei tre hovudkapitla gjer eg eit forsøk på å seia noko om korleis erotiske møte mellom menn (eller møte mellom menn som definerte seg som homoseksuelle) fann stad på bakgrunn av det kjeldematerialet som har vore nytta i denne oppgåva. Eg vil også søka å svara på korleis den medisinske og juridiske diskursen påverka desse møta og identitetsdanninga til mennene som tok del i dei.

2. Før den homoseksuelle

Innan det konstruktivistiske perspektivet kan ikkje samekjønnsrelasjonar før andre halvdel av 1800-talet på ein meiningsfull måte femnast av omgrepet "homoseksualitet". Det som kom før er per definisjon noko anna. Samekjønnsseksualitet har eksistert til alle tider, men den homoseksuelle slik han er kjent i vår tid, er ei vel hundre år gammal oppfinning. For å visa noko av den variasjonen som har eksistert mellom ulike tider og kulturar vil eg i dette kapitlet gi ein kort oversikt over tidlegare måtar å organisera samekjønnsseksualiteten på. Eg vil særleg leggja vekt på enkelte trekk i Vestens historie fram til midten av 1800-talet.

Studiar innan antropologi, historie, sosiologi og etnologi, har vist at samekjønnsseksualiteten har vore organisert på mange ulike måtar. Forestillinga om at slike kjønnslege relasjonar berre finst hos ein liten minoritet, hos ei lita gruppe som har ei særskild tiltrekking og som er karakteriserte av denne, er ikkje transhistorisk. Antropologiske studiar frå Ny Guinea utført av Gilbert Herdt, viser overgangsrituale der alle unge menn må gjennomgå ein fase der dei står i seksuelle relasjonar til menn som er litt eldre.⁵⁶ I den greske antikken var forhold mellom voksne menn og gutar av ulik alder ein del av kulturen, og blei ikkje sett på noko som var knytta til ei ein særskild type personar.⁵⁷ Blant indianarane i Nord-Amerika eksisterte mange kulturar som hadde ei eiga rolle for feminine menn, desse kledde seg i kvinneklede og gjorde kvinnearbeid. Alle menn kunne stå i forhold til ein slik *berdache* (namnet franskmennene gav til denne typen menn), det blei ikkje sett på som noko unormalt eller spesielt.⁵⁸ Desse fekk ofte ei religiøs-sjamanistisk rolle, og liknande fenomen er funne i ei rekke kulturar.⁵⁹

Desse døma kan støtta det konstruktivistiske perspektivet om at den moderne homoseksuelle rolla historisk sett er unik. I samfunna med berdache-liknande institusjonar blei dei som spelte den feminine rolla tilskrive ein særskild identitet, men ikkje dei andre mennene som tok del i dei kjønnslege handlingane. I den greske kulturen og blant stammefolk på Ny Guinea kunne voksne menn delta i slike handlingar med yngre menn utan at dei blei tilordna ein slik identitet. Å stå i kjønnslege forhold til personar av same kjønn var altså ikkje i seg sjølv grunnlag for ei eiga identitetsdanning.

⁵⁶ Bech 1997: 10-11.

⁵⁷ Dover 1980 er klassikaren på dette feltet. Halperin 1990 eit anna sentralt verk. (For ein kort oversikt, sjå Bech 1997: 11-14.)

⁵⁸ Bech 1997: 15, Greenberg 1988: 40-56.

⁵⁹ Greenberg 1988: 56-62.

Kristendommen hadde eit negativt syn på kjønnslege forhold mellom menn, men klimaet i den tidlege europeiske mellomalderen var likevel ikkje særskilt intolerant. Gjennomføringa av meir aktive sanksjonar på slik åtferd, fekk eit gjennombrot først på 11- og 1200-talet.⁶⁰ Framveksten av sentralisert politisk makt, gjorde at kyrkja og staten i større grad kunne gjennomføra slike sanksjonar, men den negative dreininga hadde også samanheng med reformar i kyrkja, og kampen mot utsveingar i presteskapet.⁶¹ I Norge fekk ein på 1100-talet forbod mot at ein mann dreiv legemleg omgang med andre skapnader enn kvinner (i kristenretten i Borgartings- og Eidsivatingslowane), medan den reviderte Gulatingslova hadde formuleringa: "*Men um to karmenn blandar seg med kvarandre til lekamslyst, og vert sannskyldige i det, då er dei begge ubotamenn.*"⁶² Då kristenretten ikkje blei ein del av Landslova til Magnus Lagabøte, inneheldt denne ingen forbod mot sex mellom menn, men dette blei teke inn i erkebiskop Jons kristenrett frå 1273.⁶³

Det fanst likevel ingen identitet basert på erotisk interesse for menn. Omgrepet sodomi, som hadde bakgrunn i den bibelske historia om Sodoma og Gomorra, omfatta i dei fleste tilfella ulike typar seksuelle handlingar. Medan Thomas Aquinas avgrensa det til seksuell omgang mellom menn eller mellom kvinner, var det vanlegare at ulike typar seksuelle handlingar mellom menn og kvinner som ikkje kunne medføra reproduksjon også blei rekna med. Ein hollandsk forfattar rekna endåtil seksuell omgang med jødar og tyrkarar som sodomi.⁶⁴ Frå 11- og 1200-talet byrja teologien å klassifisera ulike seksuelle praksisar som "mot naturen", men dette var også eit vidt omgrep, og kunne femna også seksuell omgang mellom mann og kvinne i posisjonar der mannen ikkje blei sett som overlegen. Skilnaden mellom reproduktiv og ikkje-reproduktiv sex blei oftast sett på som den viktige distinksjonen. Kategorien sodomitt blei definert utifrå handlinga, ein var sodomitt berre så lenge ein utførte slike handlingar.⁶⁵

Frå 1200-talet og fram til Christian 5.s Norske Lov frå 1687 (N.L), var forbodet mot sodomi usikkert. N.Ls kapittel 6-13-15 fekk imidlertid ordlyden: "*Omgængelse, som er imod Naturen, straffes med Baal og Brand*".⁶⁶ I rettspraksis blei det stilt strenge krav til fullbyrding av brotsverket: det måtte vera kome til anal penetrasjon og sædduttømming ("res in re" og

⁶⁰ Boswell 1980: Del IV.

⁶¹ Greenberg: 1988: 279-280.

⁶² Rian 2001: 31.

⁶³ Aarset 2000: 11-12.

⁶⁴ Greenberg 1988: 274-275.

⁶⁵ Ibid: 276-278.

⁶⁶ Aarset 2000: 16.

"effusio seminis").⁶⁷ N.L 6-22-3 som ramma "De som Forføre Ungdommen til Drik, Dobbel og anden forargerlig Omgængelse" kunne og ramma sex mellom personar av same kjønn. Aldersgrensa var usikker.⁶⁸ Truleg blei ikkje N.L 6-13-15 nytta om sex mellom personar av same kjønn i heile perioden lova var gjeldande, fram til 1842.⁶⁹ Heller ikkje i Sverige fanst det saker der det blei dømd for slike brotsverk mellom 1600-talet og midt på 1800-talet, og i Danmark var det berre få saker.⁷⁰ Først på 1800-talet skjedde det ei auke i talet på saker som gjaldt samekjønnsseksualitet i Danmark.⁷¹

Den stigande merksemda om samekjønnsseksualitet på 1800-talet må sjåast på bakgrunn av ein lengre prosess. I byrjinga av 1700-talet hadde ei rekke møtestader for seksuelle forhold mellom menn, såkalla "molly-houses", vokse fram i London. Historikaren Alan Bray ser denne strukturen av møtestader som ei tidleg utgåve av det som skulle bli homoseksuelle subkulturar, idet dei omfatta oppfatningar av samekjønnsseksualitet som noko meir enn berre handlinga. "Molly" var ei rolle for feminine menn, og etableringa av denne rolla gjorde at samekjønnsseksualitet blei meir synleg, visse menn kunne velja å gå inn i denne rolla. Samtidig skapte denne synlegheita rom for rettsforfølging i ei heilt ny utstrekning.⁷² På 1700-talet i Paris var det og utvikla ein synleg sodomittisk subkultur, noko som førte til merksemd om dette frå samfunnet. I løpet av hundreåret blei ordet "sodomi" i større og større grad erstatta av omgrepet "*pederasti*". Wilhelm von Rosen ser dette som ei endring frå ei oppfatning av ei rekke syndige seksuelle handlingar, til ei oppfatning om at enkelte menn hadde ein særskilt type "*erotisk tilbøjelighed*" for menn.⁷³ Det skjedde altså ei spesialisering: pederastien gjaldt spesifikt seksuelle forhold til menn og gutar (og ikkje dei andre nemnde forbodne handlingane), og ei endring i oppfatninga av kva desse forholda var grunna i: det var ei spesiell drift. Men denne samankoplinga mellom handlinga og det erotiske var førebels ei laus forestilling; ikkje før den homoseksuelle blei konstruert på 1860-talet, blei samanhangen for alvor etablert og utbreidd.⁷⁴

Criminalloven av 1842 avløyste Norske Lov frå 1687, og kapittel 18 § 21 (heretter § 18-21) straffa "*Omgjængelse, som er imod Naturen*" med straffarbeid i femte grad.⁷⁵ Straffa var altså mildare enn den tidlegare "baal og brann", det var snakk om den mildaste graden av

⁶⁷ Ibid: 25.

⁶⁸ Ibid: 29-30.

⁶⁹ I Høgsterettsdom frå 1847 blei det ikkje vist til tidlegare praksis. (Aarset 2000: 45.)

⁷⁰ Aarset 2000: 45, Rosen 1993: 60.

⁷¹ Ibid.

⁷² Bray 1995: kapittel 4.

⁷³ Rosen 1993: 155.

⁷⁴ Ibid: 159.

⁷⁵ Aarset 2000: 51.

straffarbeid, men dette var strengare enn fengsel.⁷⁶ Både ordlyden og kravet til fullbyrding av brotsverket var det same som før: det måtte komma til "effusio seminis" og "res in re". Dette kravet medførte at kvinners omgang med kvinner framleis ikkje fall inn under paragrafen.⁷⁷ Etter denne paragrafen kom det opp fleire saker i høgsterett. Mellom 1847 og 1856 var det oppe tre saker om sex mellom personar av same kjønn. Spesielt for to av desse var at dei, trass i det som er nemnd ovanfor, gjaldt kvinner. I ein dom frå 1847 blei ei kvinne dømd for omgang med to kvinner, det blei dømd etter analogi med N.L 6-13-15, då forholdet var frå før 1842. Det blei diskutert om forbodet skulle gjelda kvinner, men retten kom altså fram til at det skulle det.⁷⁸ Men i 1854 kom ein dom der to kvinner blei frikjende for å ha seksuell omgang med einannan, noko som danna presedens for seinare tolkingar.⁷⁹ Det blei altså slått fast at kvinner ikkje skulle omfemnast av paragrafen, men at desse sakene i det heile kom opp kan tyda på at den gjengse oppfatninga av denne typen brotsverk var i ferd med å endra seg. I 1856 blei ein mann dømd i Høgsterett etter N.L 6-22-3 for "Forførelse af Ungdommen", for å ha hatt sex med to yngre menn.⁸⁰ Kriminallova av 1842 hadde ikkje erstatta heile den gamle Norske Lov, og N.L 6-22-3 var ein av dei paragrafane som framleis blei nytta.

At det var oppe tre saker i Høgsterett kring midten av 1800-talet, *kan* indikera at merksemda om dette brotsverket var blitt større. Dette stemmer i så tilfelle overeins med praksis i Danmark og Sverige.⁸¹ I København var det på midten av 1800-talet etablerte møtestader for menn som søkte sex med menn, og det eksisterte eit medvit om den sosiale rolla "pederasten".⁸² Wilhelm von Rosen skriv at det ennå ikkje på første halvdel av 1800-talet var "*nogen tendens til at antage, at unaturlig drift og unaturlig vellystig tilbøjelighed adskilte sig særligt fra og var mer unaturligt end en tilbøjelighed til for eksempel at frådse, drikke, vagabondere, stjæle eller slå i hjel.*"⁸³ Den pederastiske rolla som utvikla seg i Danmark på midten av 1800-talet, og merksemda kring denne, var i ferd med å bryta denne samanhengen mellom tallause laster. Pederastien byrja bli sett som ei særskild last, grunna i noko anna enn dei andre brotsverka.

Den moderne homoseksuelle blei forma dels av menneske som skreiv om seg sjølv, som påropte seg å vera noko anna og meir enn lastefulle pederastar, og dels av rettsmedisinarar og psykiatrar som omtrent samstundes "oppdaga" det same. Den tyske

⁷⁶ Ibid: 60.

⁷⁷ Ibid: 61-62.

⁷⁸ Ibid: 72-78.

⁷⁹ Ibid: 79-82.

⁸⁰ Ibid: 82-87.

⁸¹ Rosen 1993: 417, Söderström 1999: 84.

⁸² Ibid: 443.

rettsmedisinaren Johann Ludwig Casper publiserte i 1852 sine oppdagingar når det gjaldt pederastien, og meinte at den i nokre tilfelle var medfødd, i andre tilfelle resultat av "overmættelse i Venus' tjeneste".⁸⁴ Pederastien måtte såleis forståast biologisk eller psykologisk. Synet til Casper oppsto ikkje isolert. Alt i 1836-38 hadde sveitsaren Heinrich Hössli publisert verket *Die Männerliebe der Griechen*, der han tok til orde for at kjærleik mellom menn var medfødd og at det var eit brotsverk å straffa det.⁸⁵ Verket til Hössli blei kverrsett av styresmaktene og fekk lita utbreiing. 30 år seinare, i 1864-65, gav den tyske juristen Karl Heinrich Ulrichs ut ein serie skrifter der han postulerte at det eksisterte ei gruppe menneske som utgjorde eit "tredje kjønn" frå fødselen av, og som var tiltrekt av andre menn.⁸⁶ Menn tilhøyrande denne gruppa kalla han *urningar*, medan "ekte" menn var *dioningar*.⁸⁷ Ulrichs hadde levert eit resolusjonsforslag til den tyske juristkongressen i München 1867 der han tok til orde for avskaffing av straff for relasjonar mellom menn, men forslaget blei avvist og han fekk ikkje tala ut.⁸⁸

Ulrichs definerte seg sjølv til "det tredje kjønn", og engasjementet hans var altså eit forsvar for seg sjølv og menneske som var som han. I staden for å kalla seg pederast eller sodomitt skapte han ei ny nemning, urninga, og han tilla dette ein medfødd disposisjon.

Ordet "homoseksuell" blei nytta første gangen i 1868 av den ungarsk-tyske forfattaren Karl Maria Kertbeny i eit brev til Ulrichs. Året etter gav han anonymt ut to skrift om avskaffing av den tyske paragrafen i straffelova som forbaud kjønnslege forhold mellom menn.⁸⁹ Omgrepet skulle imidlertid ikkje får større utbreiing før kring hundreårsskiftet.⁹⁰ I første omgang skulle eit anna omgrep få dominera. C. F. O. Westphal var den første som sat i lærestolen i sjels- og nervesjukdommar i Preussen. I 1869 gav han ut avhandlinga *Die conträre Sexualempfindung. Symptom eines neuropathischen (psychopathischen) Zustandes*. Denne blir sett på som legevitskapen si oppdaging av homoseksualiteten.⁹¹ Uttrykket "kontrær seksualkjensle" innebar at ikkje berre kjønnsdrifta, men også, meir fundamentalt, at heile kjensla av å tilhøyra eige kjønn, var annleis.⁹²

⁸³ Ibid: 457.

⁸⁴ Ibid: 465.

⁸⁵ Kennedy 1998: 90.

⁸⁶ Kennedy 1997: 27.

⁸⁷ Ibid: 29. Omgrepa var henta frå Platon.

⁸⁸ Rosen 1993: 479-480.

⁸⁹ Féray og Herzer 1990: 29.

⁹⁰ Omgrepet blei tatt opp av zoologen Gustav Jäger (som hadde vore i kontakt med Kertbeny) i 1880. Herifrå henta Richard von Krafft-Ebing ordet og brukte det i *Psychopathia sexualis*.

⁹¹ Sjø m.a. Foucault 1995: 54 og Rosen 1993: 481.

⁹² Rosen 1993: 482.

Ved å presentera desse historiske tendensane, har eg lagt eit bakteppe for den følgande framstillinga. Frå 1700-talet utvikla det seg pederastiske møtestader og subkulturar i dei store europeiske byane, og på midten av 1800-talet var slike etablert i København. Denne framveksten blei følgd av ei merksemd om ei pederastisk rolle. Denne spesialiseringa leia fram mot dei førestillingane som blei formulerte på 1800-talet om samekjønnsseksualiteten som grunna i ein særskild personlegdom. Heinrich Ulrichs sine skrifter om urningane, Carl Westphals vitskaplege definerings "kontrær seksualkjensle" i 1869 og Karoly Maria Kertbeny si orddanning "homoseksualitet", kan sjåast som starten på den medisinske diskursen om den homoseksuelle. I neste kapittel skal me sjå på introduksjonen av denne i Norge og om han fekk nokon reell innverknad på organiseringa og oppfattinga av kjønnslege forhold mellom menn.

3. Den homoseksuelle kjem til Norge 1886-1907

I 1886 blei Ebbe Hertzberg, professor ved Universitetet i Kristiania, den første diagnostiserte homoseksuelle i Norge. Tjue år seinare, på hausten og vinteren 1906-07 blei det halde ein debatt om "homo-sexualitet" i Det medicinske Selskab i Kristiania som gjekk over heile fem møte. Mellom desse to episodane hadde den nye kunnskapen om "den homoseksuelle" fått eit gjennomslag innan legevitskapen og blant intellektuelle i Norge. Samtidig utvikla det seg i dei større byane særskilde møtestader for menn som søkte sex og kjærleik med menn.

I første delen av dette kapittelet vil eg visa korleis den medisinske diskursen skapte ein ny type kunnskap om den homoseksuelle i perioden 1886-1907, deretter vil eg diskutera korleis den rettslege diskursen konstruerte sitt objekt: pederasten/sedelighetsforbrytaren. Til slutt vil eg sjå på dei erotiske møta mellom menn og identitetsdanninga blant desse i Kristiania i perioden.

Den medisinske diskursen

Karl Heinrich Ulrich sine skrifter om "urningane" og Westphal si medisinske oppdaging av "kontrær kjønnskjenle" har i førre kapittelet blitt sett som startpunktet for den medisinske homoseksualitetsdiskursen. Ei bestemt hending knyter Norge til dette startpunktet: i 1886 blei ein nordmann diagnostisert som kontrærseksuell av Westphal.

Ebbe Hertzberg (1847-1912) var professor i statsøkonomi ved Universitetet, hadde i tillegg utmerka seg som rettshistorikar og vore statsråd i aprilministeriet i 1884.⁹³ I 1886 blei karriera raskt avbroten: 4. oktober slutta han i stillinga etter å ha søkt om ein "pention eller anden statsunderstøttelse til mine retshistoriske arbeiders fortsættelse."⁹⁴

Den verkelege grunnen var rykte som i fleire år hadde gått om Hertzberg, og som kulminerte etter at han i 1885 blei forsøkt pressa for pengar av ein mann som påsto han hadde stått i eit seksuelt forhold til han.⁹⁵ Hertzberg tok mannen med til politistasjonen, og fekk han dømd for lausgjengeri. Til politisjefen gav han imidlertid ei forklaring om at hans "naturlige kjønnsretnings karakter" var påverka av ei "medfødd skjævhed", noko som skulle forklara at han var utsett for denne typen utpressingsforsøk.⁹⁶ Rykteflaumen tok nå verkeleg av, Kollegiet ved Universitetet fekk vita om ryktene, og stillinga som professor sto i fare. I denne

⁹³ Hertzberg tiltrådte stillinga som professor i 1877. Koht 1934.

⁹⁴ Formuleringa er henta frå NBO: brev frå Ebbe Hertzberg (EH) til Waldemar Christopher Brøgger (WCB) 17/9 1886. Professoratet blei avslutta 4/10 1886 (Koht 1934).

⁹⁵ NBO: Trykt vedlegg til brev frå EH til WCB 17/9 1886.

⁹⁶ NBO: Brev frå EH til WCB 23/1 1887.

situasjonen valde han å dra til utlandet for å mobilisera den moderne psykiatrien til sitt forsvar.⁹⁷

Hertzberg hadde ”(f)or lange tider siden” spurdt sin personlege venn, den svenske legen Karl Malmsten til råds om ”den omtalte eiendommelighed” hos han.⁹⁸ Malmsten hadde då opplyst at psykiatrien kjente til dette ”karaktertræk” og at den var i ferd med å studera det. Når Hertzberg i 1886 på ny oppsøkte han, blei han råda til å ta kontakt med professor i psykiatri Fredrik Björnström. Denne avgav ei forklaring der han viste til degenerasjon i slekta. Malmsten gav også ei erklæring. Dei tre i samråd kom så til at han ved å oppsøka Carl Friederich Westphal, som blei rekna som den største ekspertten på dette området, ville få ein endå viktigare dokumentasjon. Hertzberg drog derfor til Berlin for å bli undersøkt av den berømte psykiataren.⁹⁹ Karl Malmsten skreiv i erklæringa si at han i over ti års tid hadde hatt kjennskap til at Hertzberg hadde ein ”af viljan fullkomligt oberoande, pervers könsdrift”, og at den var symptom på arvelig nervesjukdom.¹⁰⁰ Björnström skreiv likeeins at Hertzbergs abnormitet måtte sjåast som uforskyldt og reint sjukeleg abnormitet og:

att hans iöffrig starka och väl wärdade kroppskonstitution bevisar, att han i högst wäsentlig mån måste hafva lyckats bekämpa denna drift; samt att hans nervösa åkonnor – icke rubbat den goda intelligents, han besitter eller gjort honom oförmågen att sköta offentliga värf.

Friedrich Westphal skreiv at Hertzberg leid av ein anomali som ein i Tyskland kalla ”conträre Sexualempfindung” eller ”psychopathia sexualis”. Årsaken til anomalien måtte sjåast i arvelege anlegg, noko alle nervesjukdommane i familien til Hertzberg kunne tyda på.

Heime igjen i Kristiania møtte vonbrota Hertzberg: Erklæringane blei lagde fram for politimeisteren og for Kollegiet. Førstnemnde lot seg tydelegvis ikkje påverka: han ville ikkje ta noko initiativ til forhør av utpressaren for å oppklara saka, og viss *Hertzberg* tok initiativ til å reisa ei slik sak, ville han sjå seg nøydd til å leggja fram forklaringa han hadde gitt om

⁹⁷ Ibid. Hertzberg vurderte å gå til sak mot mannen som hadde forsøkt pressa han for pengar og spreidd rykter om at han hadde hatt eit seksuelt forhold til han. Han tok dette opp med politimester Hesselberg, som sa at han i så tilfelle ville leggja fram forklaringa Hertzberg hadde gitt om sin ”medfødde skjevhet” i retten. Dette gjorde situasjonen umogleg, ein offentlegjering av denne ville gjera vondt verre. Som han uttrykte til Brøgger: ”*En saadan offentlig udstilling af en medfødt skjevhet vilde naturligvis, selv bortset fra dens pinlighed i og for sig, have gjort mig umulig i min universitetsstilling i den opinionssfære, der hjemme endnu er den dominerende i alt, hvad der angaar religion og sædelighed. Dette vidste jo ogsaa Hesselberg godt, og da han selv er en blind tilhænger af alle gamle fordomme, udnyttede han sin taktiske fordel til det yderste*” Strategien var ved hjelp av uttalingar frå internasjonalt anerkjende ekspertar innan psykiatrien å forsøka å ”beseire hans [politimesterens] ignorante opfatning af selve fænomenet.” og likeeins Kollegiet.

⁹⁸ Ibid.

⁹⁹ Utdrag frå dei tre erklæringane frå Malmsten, Björnström og Westphal er gitt i brevet frå EH til WCB 23/1 1887.

¹⁰⁰ Ibid.

kjønnsdrifta. Kollegiet tok heller ikkje erklæringane på den måten Hertzberg hadde vona: det blei hevda at medisinske perspektiv var irrelevante for juristar, og at dei psykiatriske erklæringane uansett berre *underbygde* at han var uskikka som lærar for ”den mandlige ungdom”.¹⁰¹ Hertzberg hadde i denne situasjonen ikkje anna val enn å seia opp. Han flytta til fødebyen Holmestrand der han haldt fram med dei rettshistoriske studia sine.¹⁰²

Hendingane i 1886 markerer introduksjonen av den nye medisinske diskursen om samekjønnsseksualitet i Norge. Diagnostiseringa av Hertzberg og den måten han prøvde å bruka denne på til sitt forsvar, var i tråd med forståinga av samekjønnsseksualiteten som ibuande. Samtidig kan me knapt seia at diskursen fekk noko gjennomslag. Den kontante avvisinga frå politimeisteren og Kollegiet syner at resonnementet ikkje hadde nokon klangbotn i Norge anno 1886. Sjølv om Hertzbergaffæra var omtala blant folk, blei det ikkje skrive om ho i avisene, og berre nokre få personar fekk kjennskap til innhaldet i erklæringane: politimeisteren, Kollegiet og vennen Waldemar Christopher Brøgger. Hendingane i 1886 innebar altså ein *introduksjon* av den nye homoseksualitetsdiskursen i Norge, men han fekk ikkje noko vidare utbreiing.

Hertzbergaffæra kom midt i ein periode av moralsk panikk og kulturkamp med seksualmoral i sentrum.¹⁰³ Kunstnarkrinsen kring Christian Krogh og Hans Jæger, den såkalla Kristianiabohemen, utfordra den borgarlege moralen, og Jægers roman *Fra Christiania-bohemen* blei inndratt av politiet i 1885.¹⁰⁴ 1880-åra kan sjåast som tiåret der seksualiteten som problem kom på dagsorden. Sosiologen Halvor Fosli meiner at den radikale fløyen innan moraldebatten hadde grunnleggjande sett same seksualforståing som ein av samtidas store ”moralistar” på dette området, teologen Fredrik Klaveness: ”*Dei to ytterfløyane i moralstriden einast i synet på seksualitet som ei diffus, men altomfattande naturmakt som det gjeld å forstå, tematisere, tolke.*”¹⁰⁵

Seksualiteten var blitt eit eige tema, den blei forstått som ei djuptliggande kraft i mennesket. Utifrå dette utgangspunktet argumenterte heretter både dei ”konservative” og dei ”liberale/radikale”. Dette kan forståast ved hjelp av Foucault sitt omgrep

¹⁰¹ EH til WCB 23/1 1887. Hertzberg la ironisk til til Brøgger: ”*Som om man ikke i konsekvents med denne mistænkelige tankegang først og fremst maatte fjerne alle mandlige lærere for den kvindelige ungdom, hvis forførelse jo maa ligge enda nærmere at befrygte.*”

¹⁰² Han fekk ikkje den omtalte pensjonen, men fekk i 1888 eit stipend for dei rettshistoriske arbeida sine (Hestmark 1999: 189). I 1905 blei Hertzberg utnemnd som Riksarkivar (ibid: 748).

¹⁰³ Bredsdorff 1974.

¹⁰⁴ Fosli 1997: 382.

¹⁰⁵ Ibid: 45. Klaveness sitt syn på homoseksualitet kom fram i Klaveness 1892 og Klaveness 1907. Han la større vekt på onanien som formande kraft enn på det medfødte, degenererte. Men seksualiteten var likevel noko heimehøyrande i personen, noko som rettnok blei forma i oppveksten, men likefullt noko grunnleggande rotfesta i det vaksne mennesket.

seksualitetsapparatet, som me har presentert i kapittel 1. Seksualitetsapparatet var eit nytt system, der ein forsto mennesket meir i lys av kropp og kjensler, enn familieband, økonomi og pliktene i forhold til dette. Innan dette systemet blei seksualiteten forstått som *det* grunnleggjande i mennesket. Dette fekk posisjon som eit premiss, ein føresetnad, for moraldebatten frå slutten av 1800-talet. Det strida sto om var korleis ein skulle handsama dette menneskelege driftslivet.

Hertzbergaffæra har tidlegare ikkje vore analysert som ein del av debatten om seksualmoralen på 1880-talet. Den må like fullt sjåast i denne konteksten: forekomsten av utpressing i tilknytning til affæra samt eit par dommar frå 1880-talet viser at møteplassar for menn hadde oppstått, og at dette var relativt kjent. At den unge lovande universitetsstipendiaten Bastian Anastasius Dahl året før hadde måtta trekka seg frå stillinga ved Universitetet på grunn av seksuelle relasjonar til menn, viser at Hertzbergaffæra ikkje var ei isolert hending.¹⁰⁶ Det var ikkje berre bohemanen og dei nye kvinnene som byrja å ta form som sentrale utfordringar i det borgarlege samfunnet på 1880-talet, men også *den homoseksuelle mannen*.

Same året som Hertzberg fekk avskjed kom førsteutgåva av eit verk som meir enn noko anna skulle påverka den moderne psykiatrien sitt syn på seksuelle avvik: Richard von Krafft-Ebing: *Psychopathia Sexualis*. Denne boka kom i fleire utgåver og blei vidt lese både av psykiatrar og andre frå det intellektuelle og akademiske sjiktet. I andreutgåva frå 1887 nytta Krafft-Ebing uttrykket homoseksualitet, og frå denne fekk omgrepet større utbreiing.¹⁰⁷ Krafft-Ebing forklarte enkelt sagt homoseksualiteten etter inspirasjon frå Westphals første observasjonar og Ulrichs skrifter frå 1860-talet, og vidareutvikla læra om homoseksualiteten som uttrykk for arveleg degenerasjon.¹⁰⁸ Den svenske legen Seved Ribbing gav alt i 1888 ut ei bok som refererte til Krafft-Ebing og Westphal, og denne kom på norsk i 1889.¹⁰⁹ Han nytta her ikkje det nye omgrepet homoseksualitet, men det westphalske ”kontrær sexualdrift”.

Det nye synet på seksualitet og homoseksualitet (som kan gripast i omgrepet seksualitetsapparatet) blei, etterkvart som tankane til Krafft-Ebing og andre sexologar blei formidla, også tatt opp av norske intellektuelle. Bjørnstjerne Bjørnsons artikkel i Dagbladet i

¹⁰⁶ Christiansen 2001. Denne saka er mykje dårlegare dokumentert enn Hertzbergaffæra, det einaste ein har å halda seg til er Emil Smiths biografi i Norsk Biografisk leksikon, der det står at Dahl blei avskjediga ”ved inngripen underhaanden av moralens vogtere, paa grund av sit forhold til en last som ikke var ukjendt i antikken.” (Smith 1925: 186).

¹⁰⁷ Herzer 1985: 7.

¹⁰⁸ Kennedy 1997: 35-36, Oosterhuis 1997.

¹⁰⁹ Ribbing 1889.

1891, *Synd og sygdom*, viste ei forståing for psykiatriens/sexologiens tilnærming til dette.¹¹⁰ Bjørnson brukte ei blanding av gamle omgrep knytta til den moralske diskursen, men gav desse nye tydingar i lys av legevitskapen:

*Der er uenighet mellem Lægerne om hvorvidt Mennesker, som er gledne ind paa en kjønslig Afvej (der er jo saa mange), med Nytte for Samfundet kan straffes. Enhver, som kjender det foreliggende Materiale, kan derom gjøre sig en selvstændig Mening med samme Myndighed som Lægerne, og med større, hvis Evnen for Sjælegranskning er større.*¹¹¹

Bjørnson konkluderte med at avkriminalisering av slike brotsverk måtte få gjennomslag. Det går tydeleg fram av innlegget at han kjente til den nye sexologien. På liknande vis kan andre frå borgarskapet med tilgang på litteratur (og helst med kunnskapar i framandspråk), ha tileigna seg desse nye forståingane. Ebbe Hertzberg hadde i 1886 vore tidleg ute med å konsultera den moderne psykiatrien, og utover på 1890-talet blei denne kunnskapen meir tilgjengeleg gjennom Krafft-Ebing og populariseringar av hans arbeid.¹¹²

Psykiatrien var ein ny vitskap på slutten av 1800-talet. På 1890-talet kom dei første forelesingsrekkene i psykiatri for medisinstudentar. I 1895 publiserte Chr. Leegaard *Forelæsninger over sindssygdomme*, der han nevnde ”homosexualitet” (eller ”kontrær seksualitet”) som ein av dei perverse driftene, det vil seia seksualitet som blei tilfredsstilt på ”unaturleg måte”.¹¹³ I denne blei ordet *homosexuel* brukt, truleg for første gong skriftleg på norsk.¹¹⁴ Han gjekk i liten grad nærmare inn på temaet, men konstanterte at homoseksualiteten var eit fenomen som femna om ytringar som blei sett på som uskuldige i samtida så vel som dei sosialt uakseptable: ”*Vi har her en Række Former ligefra platonisk Kjærlighed under Vendskab Maske til det største Misbrug, der leder til Individets sociale Undergang eller hans Sammenstød med vor Straffelov.*”¹¹⁵ Leegaard ymta altså om ein samanheng mellom varme og nære vennskap mellom personar av same kjønn og homoseksualitet. Dette var ein samanheng som ikkje blei fanga opp i dei gamle omgrepa

¹¹⁰ Bjørnson 1891 (*Dagbladet* 21/12 1891).

¹¹¹ Ibid. Gatland 2002 tar for seg korleis Bjørnsons gjennom det nære vennskapet med Clemens Petersen, ein dansk litteraturkritikar som måtte flykta frå Danmark då det i 1869 då det kom fram at han hadde hatt usedelege forhold til unge gutar, forma eit nytt syn på samekjønnsseksualitet.

¹¹² Oscar Wilde skal ha lese *Psychopathia Sexualis* om igjen og om igjen og brukt det som ei forståing av seg sjølv som homoseksuell (Greenberg 1988: 417). Samtidig var det kome lite om dette på norsk, så tilegninga føresette ein viss sosial bakgrunn og språkkunnskapar.

¹¹³ Leegaard 1895: 47.

¹¹⁴ Omgrepet fekk ingen større utbreiing før 1887, då Richard von Krafft-Ebing brukte det i andreutgåva av *Psychopathia Sexualis*. Frå dei første tiåra på 1900-talet blei det den dominerande nemninga for det som hadde gått under ulike namn som *conträre sexuellempfindung*, *inversion*, *urning* (Herzer 1985: 7).

¹¹⁵ Leegaard 1895: 47.

pederasti og sodomi, men som skulle bli eit viktig moment i den medisinske diskursen om homoseksualitet.

Temaet blei drøfta meir inngåande ei førelesingsrekke halde av Harald Holm (1852-1926) i 1895.¹¹⁶ Året etter publiserte han desse foredraga som boka *Den Specielle Psychiatri*. Her blei også andre omgrep introdusert i det norske språket: *heterosexuel*, *psychosexuel hermafroditisme* (=biseksualitet) og ”*lesbisk kjærlighet*”. Dei homoseksuelle mennene kalla han, etter Ulrichs, *urningar*.¹¹⁷ I følge Holm var den heteroseksuelle drifta det normale, medan homoseksualiteten var det abnormale og i dei fleste tilfelle eit resultat av degenerasjon, ”psychopatisk arv.” Han viste til m.a. Ulrichs og Krafft-Ebing og tilrådde interesserte å lesa *Psychopathia Sexualis*. I tråd med Ulrichs, Westphal og Krafft-Ebing skreiv han om dei homoseksuelle mennene som kjønnsleg inverterte:

*Derimod har de ofte et kvindeligt væsen og optræden og maaske især, naar de, hvad de ofte finder særligt behag i, optræder i kvindeligt kostume. De er oftest yderst forfængelige, gjør et omhyggeligt toilet og besidder ikke sjelden et fint dannet og indsmigrende væsen. Men paa den anden side har de ofte kvindernes almindelige fejl; de er sladderagtige, upaalidelige og især løgnagtige*¹¹⁸

Holm kalla anal penetrasjon for ”den virkelige pederasti”. Han påpeikte at dette var det som blei straffa etter Kriminallovas § 18-21, men at det var ein sjeldan form for tilfredsstilling mellom homoseksuelle menn:

*Derfor maa det ogsaa være tilladt de af naturen kjønslig abnorme at tilfredsstille sin homoseksuelle drift paa en maade, der svarer til deres kjønslige abnormitet. Virkelig pæderasti er derimod, som jeg har nævnt, ikke et naturligt udslag af perversionen, men er snarere at opfatte som en perversitet, der bør være strafbar.*¹¹⁹

Same året som Holms forelesingar kom i bokform, publiserte legen Carl Looft ved Rosenbergs asyl i Bergen ein artikkel om "Et tilfælde af homosexualitet hos en kvinde" i *Medicinsk Revue*.¹²⁰ Også i andre land blei "homosexualitet" brukt første gang på 1890-talet, første gang det blei nytta på engelsk og dansk var i 1892, på svensk i 1895.¹²¹

På 1890-talet tok den tyske sexologen og legen Magnus Hirschfeld, utgangspunkt i Ulrichs' teoriar om det tredje kjønnnet og forska på homoseksualitet. I 1897 danna han *Wissenschaftlich-humanitäres Komitee (WHK)* som jobba for å avskaffa den tyske

¹¹⁶ Gjessing 1934.

¹¹⁷ Holm 1896: 49.

¹¹⁸ Ibid: 50.

¹¹⁹ Ibid: 54.

¹²⁰ Looft 1896. *Medicinsk Revue* blei gjeve ut av Det Medicinske Selskab i Bergen.

¹²¹ Halperin 1990: 15, Rosen 1993: 538 og Eman 1999: 152.

straffelovas § 175. WHK blir rekna for å vera den første organisasjonen for homoseksuelle rettar. Organisasjonen byrja i 1899 å gi ut *Jahrbuch für sexuelle Zwischenstufen* med artiklar av medisinsk, juridisk, historisk og kulturell art om homoseksualitet. Magnus Hirschfeld var lege og dreiv heile tida forskning. Samtidig jobba han for saka gjennom ein organisasjon som hadde eit klart emansipatorisk formål.¹²² Hirschfeld var sjølv homoseksuell, men brukte sin autoritet som lege i kampen for avkriminalisering. Han var inspirert av Ulrichs, men også av Krafft-Ebing, sjølv om han gjekk mot degenerasjonsteorien til sistnemnde og i staden såg homoseksualiteten som ein "normal variasjon". Homoseksualiteten var i følge Hirschfeld medfødd og dei homoseksuelle var karakteriserte av ein kjønnsidentitet som likna det motsette kjønn.¹²³ For Hirschfeld var dette gode argument for avkriminalisering og sosial aksept for homoseksualiteten.

Tyskland var sentrum for den homoseksuelle frigjeringsrørsla fram til maktovertakinga til nazistane i 1933. Førebels er lite dokumentert av norske kontaktar med denne, men Bjørnson svarte positivt på ein petisjon for avskaffing av §175.¹²⁴ Ebbe Hertzberg var også i kontakt med dette miljøet: i årboka til WHK i 1901 skreiv han ein artikkel om "Spuren von Konträrsexualität bei den alten Skandinavien".¹²⁵

Omgrepet homoseksualitet og den nye psykiatriske diskursen var altså blitt presentert på 1890-talet. Dette blei vidareført tiåret etter. Henrik Arnold Thaulow Dedichen (1863-1935) var ein av pionerane i norsk psykiatri. Han redigerte og utgav i perioden 1901-12 *Tidsskrift for Nordisk Rettsmedicin og psykiatri*, var fast medlem av den rettsmedisinske kommisjon frå 1900 og dreiv eit privat asyl i Østre Aker.¹²⁶ Då det i 1906 blei avslørt eit nettverk av homoseksuelle menn i København, var legane sjølvskrivne som kommentatorar og sakkyndige. Same året trykte Dedichens tidsskrift to lengre artiklar om homoseksualitet: den eine var skriva av den danske legen Oluf Thomsen og hadde tittelen: *Det homosexuelle Spørgsmaal og den tyske "videnskabelig-humanitære Komite"*.¹²⁷ Artikkelen var basert på eit foredrag halde i medisinsk Forening i København i desember 1906. Den andre var Dedichens eiga innleiing i Det Medicinske Selskab i Kristiania 22. november 1906.

Denne innleiinga kom altså etter ein periode der homoseksualitet var aktualisert gjennom arbeidet til WHK og skandalesaker i Tyskland, og aller sist i København same

¹²² Rosen 1993: 499-501. Steakley 1997.

¹²³ Rosen skriv om Hirschfeld: "I hans person gikk homoseksuell emancipation og lægevidenskab op i en højere enhed" (Rosen 1993: 499).

¹²⁴ Gatland 2002: 111.

¹²⁵ Wolfert 1999.

¹²⁶ Retterstøl 2000.

¹²⁷ Thomsen 1906.

sommaren og hausten.¹²⁸ I foredraget gjekk Dedichen inn for ei haldning til homoseksualitet basert på dei nye psykiatriske teoriane, og tok til orde for at § 213 i straffelova måtte opphevast. Dette blei møtt med stor interesse: debatten om homoseksualitet gjekk over fem møte i november og desember 1906 og januar 1907.

Dedichen meinte homoseksualiteten i dei fleste tilfella var skulda av eit medfødd degenerativt trekk, og at homoseksuelle såleis hadde funnest til alle tider.¹²⁹ Men det var først oppdaginga av homoseksualiteten i den moderne psykiatrien som gav eit sant bilde av kva homoseksualitet var. Dedichen slutta seg til Krafft-Ebings degenerasjonsteori, men ville også erkjenna at det fanst homoseksuelle som ikkje samtidig hadde andre svekkingar.¹³⁰ Homoseksualiteten var uansett noko langt meir enn den enkelte handlinga, den vedkom heile personlegdommen; heile tanke- og kjenslelivet var annleis.¹³¹

Sjølv om han tok til orde for forståing for dei homoseksuelle, ville han ikkje godta homoseksuelle forhold fullt ut. Dei homoseksuelle hadde rett til å bli latt i fred og verna frå t.d. utpressing, men forholda deira måtte sjåast på som andre utanomekteskaplege forhold. Dedichen tvilte også på påstanden til Hirschfeld og andre forkjemparar for homoseksuelle rettar om at deira seksualitet var heilt uforanderleg. Det fanst ei stor gruppe som var biseksuelle og som såleis kunne påverkast i den eine eller andre retninga. Slik sett burde det finnast potensiale for behandling, sjølv om Dedichen måtte vedgå at det eksisterte få metodar som med hell hadde vore utprøvde. Han viste likevel til døme på at hypnose hadde verka i enkelte tilfelle.¹³² Han konkluderte med at behandling var fånyttas i dei fleste tilfella:

*Under enhver omstændighed er det visselig utilraadeligt, hvor man staar overfor et aldeles udpræget tilfælde af homoseksualitet, med ligefrem horror for det andet køn, at prøve noget botemiddel, ægteskab heri iberegnet.*¹³³

Dei homoseksuelle måtte altså få vera i fred, bli møtt med fordomslaus forståing, men ein full aksept for forholda deira ville ha uheldige samfunnsmessige konsekvensar og måtte unngås.

Dedichen fekk tilslutning for avkriminalisering frå fleire av debattantane. Det var særleg psykiatrane som deltok i debatten. Pionerar i norsk psykiatri som Johan Scharffenberg, Paul Winge og Ragnar Vogt uttalte seg om saka, og alle tok dei til orde for avskaffing av §

¹²⁸ Dedichens innleiing i det medicinske selskab blei trykt i Tidsskrift for Nordisk Rettsmedicin og Psykiatri (Dedichen 1906). I referatet i Det medicinske selskab 1907, blei det vist til dette.

¹²⁹ Dedichen 1906:161.

¹³⁰ Ibid: 165.

¹³¹ Ibid: 169.

¹³² T.d. Geijerstam 1905-06, gjengitt i Dedichens *Tidsskrift for Nordisk Rettsmedicin og Psykiatri*.

¹³³ Dedichen 1906: 180.

213.¹³⁴ Winge, som var politilege i Kristiania, meinte at homoseksualitet var eit stort samfunnsproblem som måtte løysast på andre måtar enn ved straff.¹³⁵ Då han meinte at homoseksualiteten låg latent i mange menneske, hadde samfunnsmessige forhold mykje å seia for utbreiinga. Likestillinga og dei konsekvensane denne ville få for oppsedinga av gutar og jenter, sto for han som ein trugsel mot kjønnskilnadene. Ein mogleg konsekvens kunne vera at fleire fekk ei homoseksuell utvikling. Johan Scharffenberg argumenterte også for at homoseksualiteten kunne bli til som resultat av ei utvikling, og at det fanst sosialmedisinske forholdsreglar å ta.¹³⁶ Han meinte det måtte vera eit særleg vern for ungdom, og dessutan at det måtte koma forbod mot agitasjon for dei homoseksuelle si sak. Også Ragnar Vogt slutta seg stort sett til trua på at homoseksualitet kunne påverkast i ungdommen og ville ha særskilt vern for unge.¹³⁷ Han meinte homoseksualitet var eit resultat av degenerasjon, og at det kunne vera eit (av fleire) argument for sterilisering av psykisk sjuke, alkoholikarar og andre.

Debatten psykiatrane imellom viser at dei kjende godt til dei internasjonale tendensane. Dei refererte til ny internasjonal litteratur på feltet, og både Dedichen og Eyvind Krogh (psykiatar ved Rikshospitalets nerveavdeling), viste til *Jahrbuch für sexuelle Zwischenstufen* og Magnus Hirschfeld. Krogh hadde endåtil vore på eit foredrag med Hirschfeld i Berlin.¹³⁸

Det kan synast som at dei legane som ikkje var psykiatrar var meir skeptiske til avkriminalisering av seksuelle forhold mellom menn. August Koren senior (1833-1929) såg på § 213 som eit av dei mest effektive middel mot det han såg på som ”den homoseksuelle kulturbølge – ukultur burde den vel heller kaldes – som nu gaar nordover” og som hadde oversvømt Berlin og var kommen til København og Stockholm.¹³⁹ Koren var konservativ, han hadde i mange år vore formann i *Foreningen til Fremme af Sædelighed*.¹⁴⁰ Ein annan av debattantane meinte at dei fleste homoseksuelle nok heller var libertinarar enn medfødde degenererte. Vedeler, som var gynekolog, meinte psykiatrane bygde på gjettingar og ikkje gav objektive kriterium for ei diagnostisering.¹⁴¹ Han ironiserte over det han tydelegvis oppfatta som fascinasjon for nye framandord blant psykiatrane: Då omgrepet homoseksualitet var ei samansetjing av eit latinsk og eit gresk ord foreslo han i staden ordet homoerotomani eller

¹³⁴ Det medicinske selskab 1906: Møte 7/11, 21/11 og 19/12 1906, og Det medicinske selskab 1907: 16/1 og 30/1 1907.

¹³⁵ Ibid: 146-153 (møte 7/11 1906). Winge hadde vore i kontakt med formannen i straffelovskommisjonen då den la fram innstillinga si om dette spørsmålet.

¹³⁶ Ibid: 153-157 (møte 7/11 1906).

¹³⁷ Det medicinske selskab 1907: 6-11 (møte 16/1 1907).

¹³⁸ Det medicinske selskab 1906: 165-170 (møte 19/12 1906).

¹³⁹ Det medicinske selskab 1907: 15 (møte 30/1 1907).

¹⁴⁰ Grøn 1936: 586.

”*endda bedre homoerotopegni, likekjønnet elskovsfjas*”. Han la til at han med glede ville gi Winge æra for orddanninga.¹⁴²

Medan homoseksualitetsdiskursen hadde fått eit gjennomslag i måten psykiatrane argumenterte på, var altså oppfatningane divergerande hos dei andre legane. Psykiatrane hadde tatt opp i seg diskursen om homoseksualitet frå Westphal, Krafft-Ebing og delvis Hirschfeld, og gjekk inn for avkriminalisering på bakgrunn av den nye forståinga av fenomenet. Dei såg på homoseksualiteten som ein sjukdom, og noko som hørte til legane sitt kompetanseområde. I innleiinga opererte eg med Svein Atle Skålevåg sin tredelte definisjon av medikalisering: at noko blir forstått som sjukdom, at noko fell inn under feltet til legane og at noko får medisinsk meining. I perioden 1886-1907 sto det kamp om kven som skulle vera autoritet når det gjaldt å forklara samekjønnsseksualiteten, og korleis den skulle oppfattast. Det blei tatt til orde for at den måtte sjåast på som ein sjukdom, og at legen derfor måtte sjåast på som eksperten på området. I vidare forstand kan ein seia at han blei søkt skildra i eit medisinsk språk: eit språk som handla om observasjon og klassifisering. Trongen til seksualitet med personar av same kjønn blei søkt forklart utifrå noko *i* den enkelte personen. Dette sto i kontrast til det religiøs-moralske språket som tradisjonelt hadde hatt monopol på å forstå slike handlingar.

Ein kan seia at det forekom ein medikalisering av forståinga av samekjønnsseksualiteten i Norge i denne perioden. Det medisinske språket om slik seksualitet blei introdusert første gang i samband med Hertzbergaffæra i 1886. Det kom til uttrykk i større fora utover på 1890-talet, og blei endeleg gjenstand for ein større debatt i Det medisinske selskab i 1906 og 1907. Men den medisinske diskursen om den homoseksuelle var framleis marginal i det norske samfunnet. Medikaliseringa når det gjaldt dette fenomenet hadde ikkje nådd langt utover eit lite intellektuelt sjikt.

Den juridiske diskursen

I perioden blei lovforbodet mot sex mellom menn endra to ganger, i 1889 og 1902.

Reflekterte desse endringane framveksten av ein ny diskurs der psykiatrien var bestemmande? Eg vil i det følgjande først drøfta desse lovendringane og motiva, deretter vil eg presentera materialet eg har funne i lågare rettsinstansar og hos politiet i Kristiania. Til slutt vil eg sjå på kva syn på samekjønnsseksualitet som råda i rettssalen. På denne måten vil eg undersøka om det fann stad ein intensivert fokus på samekjønnsseksualitet mellom menn i perioden, og om det fann stad ei endring i synet på det.

¹⁴¹ Det medisinske selskab 1906: 164-165 (møte 19/12 1906).

Det juridiske rammeverket

Før rettspraksis frå lågare instansar i Kristiania blir analysert, vil eg i dette underkapittelet sjå på det juridiske rammeverket i perioden, det vil seia lovendingane i 1889 og 1902 og praksis i Høgsterett.

Det første endringsforslaget frå Bernhard Getz

Utifrå eit behov for å endra Kriminallova av 1842, blei Straffelovkommisjonen av 1885 danna. Kommisjonen avslutta arbeidet i 1896 med eit endeleg utkast til ny straffelov med motiv. I mellomtida hadde han også arbeida med andre lover og revisjon av den eksisterande kriminallova.¹⁴³ Formannen i kommisjonen, Bernhard Getz (1850-1901), kom i 1887 med eit forslag, *Professor Getz' udkast til forskjellige kapitler i Straffelovens specielle Del*, der han sløyfa § 18-21 som hadde straffa sex mellom menn og bestialitet.¹⁴⁴ I staden hadde § 18-17 følgande tekst:

Med utugt forstaaes i denne Lov ei alene legemlig Omgjængelse udenfor Ægteskab, men ogsaa Foretagelsen af grove usædelige handlinger med person af det andet eller af samme Kjønn.¹⁴⁵

Forslaget til Getz var radikalt: crimen bestialitatis var heilt avkriminalisert då ein påtale i slike tilfelle ville gjera større skade enn sjølve brotsverket ifølge Getz.¹⁴⁶ Skadane ved offentleg merksemd var også eit moment for å avkriminalisera sodomi/pederasti, men viktigare var det at han meinte å vita at straff og forventinga om straff, ikkje ville ha nokon verknad:

Tilbøieligheden til denne Last er efter al Erfaring hos de fleste, der er henfaldne til den, saa stærk og rodfæstet [mi uthev.], at de vanskelig lader sig stagge af nogen saadan Fare, hvad ialdfald i adskillige Tilfælde synes at have sin Grund dels i enslags seksuel psykisk Misdannelse, dels i sygelig Tilstand, der fremkalder Abnormiteter i Drifter og Tilbøieligheder, i Kraft af hvilke det, som for normale Individuer er modbydeligt som i høieste Grad naturstridigt, for Pæderasten netop er naturligt.¹⁴⁷

Getz meinte det ifølge dette resonnementet kunne seiast at sjølve fundamentet for straffa, det naturstridige, fall bort.

¹⁴² Ibid: 165.

¹⁴³ Halsos 1999: 37.

¹⁴⁴ Getz 1889.

¹⁴⁵ Ibid: 8.

¹⁴⁶ Ibid: 9. Han viste ellers til at crimen bestialitatis i visse tilfelle kunne straffast etter §15, som ”krænkelser af den offentlige Anstændighed.”

¹⁴⁷ Ibid: 10.

Getz sitt syn på samekjønnsseksualitet som noko i den enkelte personen ”*stærkt og rodfæstet*” vitnar om ei kjennskap til den nye medisinske diskursen.¹⁴⁸ Medan Crimen Bestialitatis utelukkande blei utelate frå utkastet på grunn av dei skadelege verknadene ved publisitet, låg det til grunn eit syn på *fenomenet* samekjønnsseksualitet i Getz’ grunngeving. Sjølv om han ikkje nytta nokre av dei nye medisinske omgrepa (som kontrærseksualitet eller homoseksualitet), viser samanhengen at han hadde ei forståing av fenomenet som korresponderte med desse omgrepa. Utelatinga av ein slik paragraf stemte også overeins med strafferettsfilosofien hans: straffelova skulle avgrensast til å ramma lovbrutarar som direkte hadde krenka andre menneskes liv eller eigedom: seksuell omgang mellom voksne, samtykkande personar av same kjønn gjorde ikkje dette. Forslaget til Getz blei i alle høve ikkje tatt omsyn til av verken Straffelovkommisjonen eller Justiskomiteen.

Endringa av § 18-21 i 1889

Den første endringa i straffeparagrafen mot sex mellom menn kom i samband med at juryordninga skulle innførast i norske domstolar. Ein del paragrafar i den gamle kriminallova var lite eigna til bruk i eit juryssystem, i det omgrepa blei sett på som forelda og uforståelege for lekfolk.¹⁴⁹ Kommisjonen meinte at kapittel 18 burde skrivast om totalt, men ikkje i første omgang, og haldt på § 18-21 som han stod.¹⁵⁰ Justiskomiteen meinte derimot at akkurat denne paragrafen burde endrast og foreslo følgande ordlyd:

*Finder legemlig Omgjængelse Sted mellem Personer af Mandkjøn, straffes de Skyldige med Strafarbeide i femte Grad eller Fængsel. Med samme Straf ansees den, der har legemlig Omgjængelse med Dyr.*¹⁵¹

Komiteen meinte omgrepet ”omgjængelse mod Naturen” var uforståeleg for dei aller fleste og at ei meir presis formulering var naudsynt. Dertil kom at ordlyden i større grad gjorde klart at både passiv og aktiv pederasti skulle straffast, noko som var viktig idet ”*det vistnok er det passive Pæderasti, der drives erhvervsmæssigt.*”¹⁵²

Bak lukka dører blei Forhandlingane i Odelstinget halde 6. Juni 1889.¹⁵³

Justiskomiteens formann argumenterte for endringa:

¹⁴⁸ Getz var ein av kollegaene til Hertzberg ved det juridiske fakultetet. (Bull 1885: 44). Det er såleis sannsynleg at Getz har kjent til Hertzberg’s psykiatriske erklæringar og derifrå har kjennskapen til dette ”moderne” synet på likekjønnsseksualitet.

¹⁴⁹ Jurylova blei innført i 1890. Augdahl 1929: 433.

¹⁵⁰ Indst. O. VI. (1889): 26 og 44.

¹⁵¹ Ibid: 45.

¹⁵² Ibid: 23.

*Nu findes der ikke et Menneske, der taler Norsk, som alene gennem sin Sprogkundskab kan vide, hvad "Omgjængelse mod Naturen" er.*¹⁵⁴

Resten av kapittel 18 kunne venta med å reviderast til den nye Straffelova kom, meinte han, men § 18-21 måtte altså endrast alt i første omgang. Justisministeren ville ha ein tilleggsparagraf som innførte straff for andre former for seksuelle forhold mellom menn enn dei som blei femna av omgrepet "legemlig Omgjængelse". Dette blei likevel avvist av Stortinget, og paragrafen blei vedtatt i Odelstinget, som foreslått.¹⁵⁵

I den nye paragrafen var det altså sagt uttrykkeleg at det var samleieliknande handlingar mellom personar av same kjønn som skulle rammast. Straffa var sett ned, med opning for å gi radikalt mildare straff (fengsel). Det låg altså eit behov for å presisera her: omgrepsapparatet hadde endra seg, og det var homoseksualitet mellom menn ein ville straffa. På den andre sida var paragrafen ikkje så radikal som Getz hadde foreslått. Innsnevringa til berre å gjelda "samleieliknande" handlingar, var ikkje i tråd med det nye psykiatriske synet på homoseksualitet, der det var sjølve tilfredsstillinga og ikkje arten av handlinga som var det sentrale.

§ 213 i Straffelova av 1902

Den reviderte § 18-21 blei berre sett på som mellombels, idet arbeidet med ei ny straffelov var i gang. Straffelovkommisjonen av 1885 la fram det endelege utkastet til Straffelov i 1896. § 213 i dette utkastet foreslo at "utugtig Omgjængelse" mellom menn skulle straffast med fengsel i inntil eitt år for dei skyldige eller medvirkande. Paragrafen hadde ein klausul om at påtale berre skulle finna stad "naar det paakræves af almene Hensyn."¹⁵⁶

Medan Kommisjonen ville fjerna forbodet mot Crimen Bestialitatis, la Justiskomiteen dette til igjen,¹⁵⁷ og det blei med i den endelege paragrafen. Ellers blei den vedtatt slik Kommisjonen foreslo. Dei to viktigaste endringane frå den gamle paragrafen var endringa frå omgrepet "legemlig Omgjængelse" til "utugtig Omgjængelse". Det første omgrepet skulle forståast som "samleielignende handlinger", noko som både var uklart og som gjorde at ein måtte skilja mellom ulike typar seksuell omgang mellom menn. Kommisjonen hevda at:

¹⁵³ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 85) 1889: 642-643.

¹⁵⁴ Ibid: 643.

¹⁵⁵ Statsråd Walther Dahl ville imidlertid ha ein ytterlegare paragraf som skulle straffa handlingar som ikkje var "egentlig Sodomiteri" (dvs. Legemlig omgjøngelse "res in re" og "effusio seminis") men som måtte sjåast på som forsøk på sjølve handlinga eller som "en mildere Afart". Statsråden gav uttrykk for at departementet hadde klargjort ein slik paragraf, men salen var skeptisk. Tilleggsforslaget blei derfor ikkje reist. (Forhandlinger i Odelstinget (nr. 85) 1889: 642-649).

¹⁵⁶ Straffelovkommisjonen 1896: 29.

¹⁵⁷ Indst. O.I. 1901/1902.

Det lader sig ikke paastaa, at der er nogen for Samfundet skadelig Følge forbunden med den ene Art Pæderasti, som ikke ogsaa i lige Grad gjør sig gjældende ved de andre."¹⁵⁸

Kommisjonen meinte altså at det ikkje lenger var mogleg å operera med eit skilje mellom ulike seksuelle handlingar mellom menn som meir eller mindre alvorlege. Det interessante var sjølve det faktumet at det foregjeikk seksuell omgang mellom menn. Dette står i sterk kontrast til tidlegare tiders forbod mot sodomi der sjølve samleiet sto for det graverande i brotsverket. Klausulen om at påtale berre måtte finna stad når almenne omsyn tilsa det, blei grunngeven med at denne typen handlingar ikkje burde påtalast der dei gjekk føre seg ”ubemærket og paa en Maade, der ikke særlig skader almene Interesser”.¹⁵⁹ Dette skulle i følge kommisjonen forståast slik at det skulle forekomma påtale når det var vakt ”offentlig Forargelse”, forføring av unge menneske (utan at forholdet kunne rammast av andre paragrafar, det vil seia personar over 16 år) og når det var snakk om prostitusjon.

Med tillegget om bestialitet gjort av justiskomiteen, blei § 213 samrøystes vedtatt i Odelstinget.¹⁶⁰ Lagtinget vedtok lova 19. februar 1902, etter ein debatt om sex mellom kvinner skulle takast med.¹⁶¹ Stortingsrepresentanten Magnus Kjølstad Graarud (1857-1932) ville gjera formuleringa kjønnsnøytral.¹⁶² Sidan alle formar for seksuell omgang mellom menn var ramma av den nye ordlyden (altså ikkje berre samleie) meinte han det var inkonsekvent at kvinner ikkje var med. Det streid mot hans ”naturhistoriske” forståing, idet han meinte å vita det var like utbreidd blant kvinner som blant menn.¹⁶³ Statsråd Qvam på si side motsette seg dette på det sterkaste: ”*Legemlig omgjængelse, kjønslig omgjængelse mellem to kvinder – har man hørt noget saadant? Det hører til de umulige ting*”.¹⁶⁴ Graaruds forslag blei røysta over, og nedstemt. § 213 blei såleis lydande:

*Finder der utugtig Omgjængelse Sted mellem Personer af Mandkjøn, straffes de, der heri gjør sig skyldige eller som medvirker dertil, med Fængsel indtil 1 Aar.
Med samme Straf ansees den, som har utugtig Omgjængelse med Dyr.
Paatale finder alene Sted, naar det paakræves af almene Hensyn.*

¹⁵⁸ Straffelovkommisjonen 1896: 198.

¹⁵⁹ Ibid: 198.

¹⁶⁰ Forhandlingar i Odelstinget nr. 4 (1900/1901): 576. (Den einaste endringa i Odelstinget var språkleg, dei blei lagt til eit ”som” i teksten.)

¹⁶¹ Forhandlingar i Lagtinget nr. 26 (1901/1902): 204-205.

¹⁶² Graarud var lege og leiar av Sunnhetskommisjonen i heimkommunen Holmestrand (Halsos 1999: 42 og Larsen (red). 1996).

¹⁶³ Forhandlingar i Lagtinget Nr 26 (1901/1902): 204.

¹⁶⁴ Ibid: 205.

Almindelig borgerlig norsk Straffelov av 1902 trådte i kraft 1. januar 1905.¹⁶⁵

Lovendringane, forslaga og debatten kring desse viser at samekjønnsseksualiteten hadde gjennomgått ei omtolking sidan Kriminallova av 1842 blei vedteken. Det mest påfallande er at det i det heile tatt blei ein debatt, noko som var fråverande då Kriminallova blei vedtatt i 1842. Men det er også tydeleg at det me har kalla homoseksualitetsdiskursen hadde gjennomslag hos nokre av debattantane, og hos formannen i Straffelovkommisjonen, Bernhard Getz.

Høgsterettspraksis

Før drøftinga av rettspraksis i lågare instansar i Kristiania, må me ta eit blikk på høgsterettspraksis i perioden. Det var ingen saker vedrørande § 213 oppe i Høgsterett mellom 1905 og 1907, høgsterettspraksis for det nye straffevedtaket blir såleis diskutert i dei følgande kapitla. Det var fem saker oppe i Høgsterett mellom 1887 og 1895 der § 18-21 var ein del av tiltalen. Den første saka kom under den opphavlege paragrafen om ”omgjængelse mod Naturen”, mens dei resterande fire sakene var etter endringa av ordlyden i § 18-21.

I 1887 kom den første høgsterettsdommen der det blei dømt med direkte heimel i Kriminallovas § 18-21.¹⁶⁶ I denne dommen blei to menn dømt for brot på paragrafen, den eine til 8 månaders straffarbeid, den andre til 10 dagars fengsel på vatn og brød. For første gang blei det i denne dommen drøfta forholdet mellom den ”aktive” og ”passive” parten i handlinga. Begge blei dømt, men den passive fekk markant lågare straff. Dette er også den første høgsterettsdommen der det er mannleg prostitusjon inne i bildet. Den yngste, passive parten tok pengar for forholdet. Anette Halvorsen Aarset meiner at det på grunn av dette ikkje kom til dom etter Norske Lovs (N.L.) 6-22-3 ved analogi, noko som ofte blei gjort når det var såpass stor alderskilnad.¹⁶⁷ Som me såg i førre kapitlet ramma N.L § 6-22-3 ”Forførelse av ungdommen.”¹⁶⁸ At den aktive likevel fekk såpass mykje høgare straff, har nok med at det framleis var denne handlinga som blei sett på som mest alvorleg. Dommen verka som prejudikat: ein dom frå 1891 viste til den og den blei brukt blant grunngevingane til lovendringa i 1889. Ein voterande stilte spørsmål om den passive kunne seiast å vera med på sjølve brotsverket, eller om han kanskje berre var å sjå på som ”behjelpelig” til utføringa. Fleirtalet slo likevel fast at han tok del i brotsverket.

¹⁶⁵ Halsos 1999: 1.

¹⁶⁶ Dom 23/4 1887 i Høgsterett, i *Norsk Retstidende* 1888: 608.

¹⁶⁷ Norske lovs 6-22-3 om ”forføring av ungdommen”, sjå førre kapitlet.

¹⁶⁸ Sjø m.a. Aarset 2000: 85.

Den neste høgsterettsdommen er frå 1889.¹⁶⁹ I denne saka hadde byretten i Kristiania dømt den eldste parten for brot på N.L 6-22-3. Det offentlege anka for å prøva ut skylda til den andre og fordi ein tvilte på det korrekte i subsumsjonen til byretten. I og med at det i motsetning til dommen frå 1887 ikkje var kome til effusio seminis og res in re, kunne det her ikkje vera tale om eit brot på paragraf 18-21, slo førstvoterande fast. Saka hadde tre vitne, og det var sannsynleg utifrå skildringane deira at ein sto overfor eit forsøk på fullføring av brotsverket. Høgsterett dømde då for første gang for forsøk for brot på denne paragrafen. Straffa blei 20 dagar fengsel for begge.

Ein høgsterettsdom frå 1891 sette til sides forhørsrettens dom for brot på 18-21 fordi det ikkje var snakk om den nemnde "omgjængelsen" og heller ikkje forsøk på dette.¹⁷⁰ I staden blei N.L 6-22-3 nytta, då det var snakk om ein mann på 65 år som ein meinte hadde forført 16-årige gutar. Dommen viser at ein stilte strenge krav for at brotsverket i § 18-21 skulle vera fullført. Det var heller ikkje snakk om noko forsøk i dette tilfelle: i den førre dommen var det vitneobservasjonar som sannsynleggjorde at ein "omgjængelse" var intensjonen, dersom dei ikkje hadde blitt avbrotne. I dette tilfellet var dei utuktige handlingane som skjedde mellom mannen og gutane derimot av ein art som ikkje kom under omgrepet "legemlig omgjængelse".

I 1895 blei det avsagt to dommar om sodomi/pederasti i Høgsterett. I den eine hadde ein mann blitt dømt etter N.L 6-22-3 i lagmannsretten, saka blei anka til Høgsterett for høgare straff.¹⁷¹ Her blei straffa skjerpa utifrå ei oppfatning om den skaden forføringa av mindreårige kunne valda: den fornærma var berre 14 år.

Den andre dommen frå 1895 handla om to menn som blei dømt i lagretten for brot på § 18-21, men som Høgsterett frikjende.¹⁷² Det blei vist til dommen frå 1891, der det kom til frikjenning fordi det ikkje var "legemlig omgjængelse", og til debatten i odelstinget 1889.

Høgsterettspraksis følgde altså opp retningslinjene frå lovendringsarbeidet. Det som var straffbart etter § 18-21 var "omgjængelse". Ein dom viste imidlertid at også forsøk på dette blei dømd for. Med den nye straffelova frå 1902 blei dette endra, føresetnaden var då at utukt mellom menn skulle straffast, det vil seia seksuell tilfredsstilling dei imellom, og krava til fullbyrding av brotsverket var mindre strenge. Korleis dette blei oppfølgt i praksis vil eg gå inn på i dei neste kapitla.

¹⁶⁹ Dom 1889 i Høgsterett, i *Norsk Retstidende* 1889: 391.

¹⁷⁰ Dom 17/12 1891 i Høgsterett, i *Norsk Retstidende* 1891.

¹⁷¹ Dom 19/10 1895 i Høgsterett, i *Norsk Retstidende* 1895: 688.

¹⁷² Dom 2/11 1895 i Høgsterett, i *Norsk Retstidende* 1895: 840.

Rettspraksis

Korleis verka endringane i lovparagrafane inn på rettspraksis? Fann det stad ei meir intens merksemd om samekjønnsseksualitet hos politi og påtalemakt? Og var *den homoseksuelle*, slik han er presentert ovanfor, ein realitet også hos domstolane og ordensmakta i på slutten av 1800-talet og på byrjinga av 1900-talet? For å svara på desse spørsmåla vil eg i det følgjande presentera praksis frå forhørsretten og meddomsretten i Kristiania og dessutan frå Oslo lagmannsrett. I tillegg vil eg bruka kjelder frå politikammeret i Kristiania. Gjennomgangen vil starta i 1885 og gå fram til 1905. For ordens skyld vil praksis etter § 213 (som blei verksam frå 1. januar 1905,) bli drøfta i neste kapittel , sjølv om eitt av tilfella er frå 1906 og dermed eigentleg skulle kome inn under dette kapittelet.¹⁷³

Ein gjennomgang av sakslistene for domstolane i Kristiania (inkludert Oslo lagmannsrett) mellom 1880 og 1905 har resultert i at eg har funne 25 saker der § 18-21 var tiltalen. Ti av sakene var frå forhørsretten, men eg har ikkje funne nokon av desse som dommar.¹⁷⁴ Av dei resterande sakene gjaldt sju bestialitet. Dei resterande åtte sakene, fire frå byretten, fire frå Lagmannsretten, vil kort bli presenterte nedanfor.¹⁷⁵

Det var altså relativt sjeldan det kom til påtale etter § 18-21. Det er derfor interessant å sjå kva som førte til etterforsking og påtale i desse tilfella. Eg har kome til at det i hovudsak er tre grunnar til at ei sak blei reist: for det første er det saker der det er snakk om at eine parten klart har nytta tvang/vold for å få sex med den andre, for det andre er det tilfelle der den eine parten har meldt forholdet sjølv om det ikkje var vald inne i bildet, og for det tredje er det tilfelle der forholdet av andre grunnar har vakt merksemd i allmenta og slik har kome politiet for øyre. I tre av dommane var det vald/tvang inne i biletet. I ein dom frå meddomsretten i 1889 blei ein mann dømd for å ha prøvd på samleie med ein sovande medfange i fyllearresten, noko som blei observert av fangevoktaren.¹⁷⁶ Han blei dømd for forsøk på brot på § 18-21. I eit anna tilfelle hadde ein mann misbrukt stesonen sin på 17 år seksuelt med bruk av tvang, noko som førte til ein dom etter N.L 6-22-3.¹⁷⁷ Den siste av dommane der det var tvang inne i

¹⁷³ Eg har leita etter dommar i Kristiania frå 1880, men den første eg fann var frå 1885.

¹⁷⁴ Alle desse sakene er frå mellom 1897 og 1905, før det finst det ikkje sakslistar der det står kva paragraf det blei dømd etter. SAO: Kristiania forhørsrett: saksliste 32I (saknr. 287/1897, 1106/1897 og 1282/1897), saksliste 33 (saknr. 813/1898 og 2355/1898), saksliste 34 (saknr. 119/1899, 1346/1899, 1401/1899, 1492/1899, 2211/1899) og saksliste 36 (saknr. 669/1901).

¹⁷⁵ Sakslistene er berre brukande til ein viss grad, og det har såleis sannsynlegvis funne stad fleire dommar etter § 18-21 enn dei eg har funne.

¹⁷⁶ SAO: Oslo byrett, straffesaker (bilag, serie Gdb, nr 172) sak 455/1889. Dette er ein førebels framstilling, Har ikkje funne dommen, men det går fram at han blei dømt i Oslo byrett, politi og justissaker, saksliste, Justissaker 24 sak 455/1889.

¹⁷⁷ SAO: Dom i Oslo lagmannsrett 7/2 1899.

biletet gjaldt ein mann som i 1901 hadde hatt samleie med ein sterkt rusa mann, som hadde gjort motstand.¹⁷⁸ For dette blei han dømd etter § 18-21.

I ein dom frå 1897 blei to menn frikjente for ved fleire høve å ha hatt sex med einannan.¹⁷⁹ I dette tilfellet var det den eine av dei to mennene som hadde meldt forholdet, men dommen seier ingenting om korfor det ikkje kom til dom etter § 18-21.¹⁸⁰ I ei sak frå 1888 blei to menn observert av fleire andre personar idet dei skulle til å ha samleie.¹⁸¹ Då det ikkje hadde kome så langt som til verkeleg "omgjængelse", blei den eine mannen dømd for å ha forført den andre (som var 21 år) fordi retten såg på han som "ungdom". Dommen blei imidlertid anka til Høgsterett, der det kom til dom for *forsøk* på § 18-21 for dei begge.¹⁸²

I ei sak frå 1885, blei det reist tiltale i samband med at ein mann hadde meldt ein annan for tjuveri av ei klokke. I forklaringa hans hadde det kome fram at klokka var blitt stolen medan dei hadde hatt sex med einannan, og det blei såleis reist tiltale også for tjuveriet.¹⁸³ Retten meinte at den seksuelle omgangen ikkje skulle rammast av straffelova sidan ikkje einkvar form for "uterlighed" var straffbar:

*For at den kan blive strabar maa der foreligge en "Omgjængelse". Selvbesmittelse (Onani) kan saaledes ikke være strafbar og kan heller ikke blive det derved, at man til sin Uterlighed benytter en andens Assistance.*¹⁸⁴

I dei to resterande sakene er det meir uklart kva som gjorde at saka kom opp. Ein skodespelar blei i 1889 dømd for å ha hatt sex med to gutar (15 og 17 år gamle) og gjeve dei pengar for dette.¹⁸⁵ Han blei dømt til 25 dagars fengsel for *forsøk* på brot på § 18-21.¹⁸⁶ Grunnen til at denne saka kom opp, kan ha vore at gutane ved fleire høve hadde oppsøkt mannen på kafé, ved teateret eller på rommet hans, noko som kan ha ført til merksemd om saka. I ein dom frå 1895 blei to menn frikjente for å ha hatt seksuell omgang med einannan. Grunnen til frikjenninga var at handlingane dei hadde utført ikkje blei sett som "legemlig

¹⁷⁸ SAO: Dom i Oslo lagmannsrett 26/4 1901.

¹⁷⁹ SAO: Dom i Oslo lagmannsrett 19/2 1897.

¹⁸⁰ SAO: Kristiania Politikammer, Sedelighetsavd., Journ. Over sedelighetsforbrytere nr. 1 (1884-1909): 104

¹⁸¹ SAO: Dom 29/9 1888 i Kristiania meddomsrett og Kristiania byrett, straffesaker (bilag, serie Gdb, nr 164) sak 539/1888.

¹⁸² Høgsterettsdom 1889, Rettstidende 1889: 391

¹⁸³ SAO: Dom 4/12 1885 i Kristiania meddomsrett.

¹⁸⁴ Ibid: 544-545. Retten viste til Høgsterettsdommen frå 1854 (sjå ovanfor, kap. 2).

¹⁸⁵ SAO: Dom 5/1 1889 i Kristiania meddomsrett.

¹⁸⁶ Retten uttalte at det hadde vore tvil om tolkinga når det gjaldt dette, men at den var kome fram til at "*ogsaa den Slags Uterlighed, idet den ogsaa er forbunden med Indførelse af det mandlige Lem i et andet Legeme, maa gaa ind under Begrebet Omgjængelse i Lovens Forstand. Dog kan Tiltalte da det in casu ikke kom til effusio seminis heller ikke med dette Forhold ansees at være kommet længere end til Forsøg.*" (ibid: 260).

Omgjængelse".¹⁸⁷ Denne saka kan ha kome opp fordi spesielt den eine samla rundt seg menn som gjekk for å vera "sodomittar."

Det er altså relativt få dommar, og det har kome til påtale kun i særskilte tilfelle. Sedelighetspolitiet sitt arkiv over sedskapsforbrytarar fortel at fleire menn har vore etterforska utan at det kom til rettssak.¹⁸⁸ Ut av dette kan me sjå at registreringa av menn som hadde sex med menn var noko meir omfattande enn det me har fått inntrykk av frå dommane. Mellom ca. 1889 og 1905 kan me sjå at ganske mange personar her er oppførte for på ein eller annan måte å ha gjort tilnærmingar til andre menn. Fem menn er advarte, etter at dei på ulike måtar er kome i søkelyset for å ha hatt sex med eller gjort tilnærmingar til andre menn.¹⁸⁹ 13 menn blei mulkterte.¹⁹⁰ Mulktene låg på mellom fem og 100 kroner. I tillegg er tre personar som har vore ettersøkte for omgang med andre menn, oppførte med henlagte saker og 8 personar står det ikkje kva skjedde med (om saka blei henlagt, om dei blei advarte eller mulkterte.)¹⁹¹

Korfor har desse personane kome i søkelyset til politiet? Heller ikkje her går dette klart fram. Men ein del fellestrekk kan me sjå: i to tilfelle gjorde dei arresterte tilnærmingar mot politikonstablar. Ein hadde gjort "uanstendig tilnærmelse" til ein konstabel som patruljerte, mens ein annan *gjentatte* ganger hadde "*listet sig ind paa flere konstabeler og grebet om disses lem, da de skulde lade sit vand*" i pissoaret ved Studentertunden.¹⁹² Ein annan var så uheldig at han gjorde usømelege framstøt overfor sjølve Statsadvokaten, mens to andre blei observerte medan dei hadde seksuell omgang i arresten på Grønland stasjon.¹⁹³ Forutan det ovannemnde skjedde fleire av tilnærmingane på pissoar, der det sannsynlegvis har blitt meldt av personen som blei utsett for handlingane.¹⁹⁴ Også andre av dei innbrakte hadde innfunne seg på offentlege stader: ein mann hadde befølt ein mann i Slottsparken, ein annan hadde saman med ein annan mann (som ikkje blei innbrakt) utført samleieliknande rørsler i

¹⁸⁷ SAO: Dom i Oslo lagmannrett 20/8 1895.

¹⁸⁸ SAO: Kristiania Politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journaler over sedelighetsforbrytere nr. 1 (1884-1909)

¹⁸⁹ Ein i 1892, 3 i 1894 og ein i 1901. Oslo Politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journaler over sedelighetsforbrytere nr 1 (1884-1909):s 39, 54, 55, 56, 320

¹⁹⁰ Ein før 1894, ein i 1894, ein 1895, fire 1898, tre 1901 og ein 1906. Oslo Politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journaler over sedelighetsforbrytere nr 1 (1884-1909): s. 49,56, 65, 54, 167, 114. 148, 300, 301, 55, 357, 358, 363.

¹⁹¹ Det er mogleg det finst fleire personar som ikkje er blitt registrerte i sedelighetspolitiet journalar. Det er imidlertid vanskeleg (så vidt eg veit) å få ein fullstendig oversikt over mulkteringar og advarslar.

¹⁹² SAO: Oslo politikammer, sedelighetsavdelingen., Journalar over sedelighetsforbrytere 1: 55 og 396.

Førstnemnde blei alvorleg advart, den andre blei arrestert, men det står ikkje kva som skjedde vidare (han var pensjonert skodespelar, budde på eit eldreheim).

¹⁹³ Ibid: 57 og 300-301. I begge tilfella mulkteringar.

¹⁹⁴ Ibid: 54, 56, 148, 490. (Alvorleg advarsel, mulkt, uvisst kva som skjedde i to tilfelle.) Sjå nedanfor om pissoara som møtestader.

Børshaven og to andre hadde ”forsøkt legemlig omgjængelse med hinanden” under ein plankestabel.¹⁹⁵

Det viser seg altså at dei fleste personane som er kome inn i sedskapspolitiet sine journalar har utført seksuelle handlingar på offentlege stader.

Alt i alt kan me seia at praksis i Kristiania viser at § 18-21 ikkje var ein vanleg brukt paragraf i perioden, men at etterforsking og pådømming likevel fann stad. Journalane til Sedelighetspolitiet viser likeeins at det var ein viss merksemd kring dette fenomenet frå politiets side. Rettspraksis speglar lovendingane, og fram til den nye straffelova trådde i kraft i 1905 var det berre samleieliknande handlingar utført mellom menn som blei pådømt.

Synet på samekjønnsseksualitet i rettspraksis

Kva seier materialet frå domstolane og politiet i Kristiania om synet på samekjønnsseksualitet? Eksisterte den homoseksuelle som *væren* også her, eller råda framleis forestillinga om sodomien som ein type forbodne handlingar med ein utøvar som var ”bare et rettssubjekt”? Eller eksisterte dei ulike modellane parallellt?

Hos sedskapsavdelinga ved Kristiania politikammer var det kategoriane ”sodomitteri”, ”sodomit” eller ”pederast” som råda. Omgrepet homoseksualitet blei ikkje nytta der, og heller ikkje i nokon av dommane. Nemninga blei i det heile ikkje brukt før på 1920-talet i materialet frå rettsvesen og politi. Me såg at omgrepet pederast også blei nytta av ein psykiatrisk autoritet som Harald Holm, parallellt med det nye homoseksualitetsomgrepet. Er det mogleg at den medisinske diskursens forståing av samekjønnsseksualitet var etablert sjølv om dei nye omgrepa ikkje blei nytta?

Ideane om homoseksualitet som eit fenomen som var noko radikalt anna enn forhold mellom mann og kvinne, slik det var uttrykt frå Westphal til Hirschfeld, var truleg lite utbreidd i dei breiare laga av folket i Kristiania kring århundreskiftet. Det er såleis sannsynleg at forhold mellom menn utanfor dei mest oppdaterte på utanlandsk sexologi, var styrt av andre forestillingar, t.d. den om at det sosiale kjønnnet på den eine parten skulle vera kvinneleg og at det var denne som i høgast grad var ”unormal”. I retten blei det såleis ikkje uttrykt nokon oppfatning av at handlingane var utførte på grunn av nokon (medfødd eller erverva) psykisk eller fysisk disposisjon. Dette blei ikkje brukt i dommar før på 1920-talet, noko me skal sjå i neste kapittel.

¹⁹⁵ Ibid: 65, 167 og 62 og 64. Dei to første fekk mulkt, den siste henlagt.

Den ambivalensen domstolane viste i handhevinga av § 18-21 og N.L 6-22-3, viser likevel at forståinga av likekjønnsseksualitet var i rørsle. Ein av dei voterande i ei sak frå 1889 ville ha ein utvida tolking av omgrepet ”omgjængelse mod Naturen”:

Naar Mandspersoner legemligen betjener hverandre til Kjønsdriftens Tilfredsstillelse, antager jeg nemlig, at de driver ”Omgjængelse imod Naturen”, hvorledes de end bære sig ad, da det maa komme ud paa et, hvad enten Virkningen søges tilveiebragt ved en Legemsdel eller ved en anden, og hvad enten begge Personer ere aktive eller kun den ene.¹⁹⁶

Lovteksten og forarbeida gav ikkje rom for ei slik tolking, og den blei nedstemt. I følge ei slik forståing var sodomien noko meir enn spesifikke handlingar, det sentrale var at menn blei tilfredsstilt av einannan. Dette var eit spørsmål som hadde vore oppe til debatt i Stortinget alt i 1889 og som kom med i lovteksten til den nye straffelova i 1902.

Men homoseksualitetsdiskursen slik han var blitt utforma av psykiatrien hadde likevel i liten grad fått nokon plass i rettens drøftingar av samekjønnsseksualiteten. I neste kapittel skal me sjå at ei slik forståing etterkvart blei sentral. Før det skal me sjå nærmare på kva tilhøve det var for menn som hadde erotisk interesse for menn i Norge (i hovudsak Kristiania) i lys av dei kjeldene me har gått gjennom så langt.

Erotiske møte og identitetsdanning

Den homoseksuelle blei forma av diskursen som konseptualiserte han på ein særskild måte: som ein personlegdom, ikkje ein tilfeldig syndar. Denne diskursen har me, med Michel Foucault, sett som ein del av eit nytt system, seksualitetsapparatet, der kropp og kjensler blei viktigare enn plikt og økonomi. Psykiatrien sto i front for denne forskyvinga, og han var av dei viktigaste eksponentane for eit nytt syn på mennesket. Det var såleis denne profesjonen som innførte den nye homoseksualitetsdiskursen i Norge. Men kva relasjonar hadde dette til den sosiale omverda? Hadde forståinga av den homoseksuelle, forklart utifrå kroppen hans og kjenslene hans, fått eit gjennomslag i samfunnet? Og på kva måte forma den sosiale røyndommen den mannlege homoseksuelle?

Med utgangspunkt i det materialet eg har nytta, har eg drøfta om det fanst særskilde stader der menn kunne treffa menn for kjønnslege relasjonar i Kristiania i perioden. Eg vil sjå eksistensen av desse møtestadene på bakgrunn av byvekst og at byen endra karakter. Vidare vil eg drøfta innhaldet i møta: korleis blei samekjønnssex mellom menn spela ut i Kristiania, og kva sjølvoppfatningar eksisterte?

Kristiania var i år 1800 ein småby med berre ca. 9000 innbyggjarar, mot Bergens 17.000 innbyggjarar.¹⁹⁷ Hundre år seinare hadde folketalet vokse til 228.000, og nærma seg innbyggjartalet til nabohovudstadene.¹⁹⁸ Bergen hadde til samanlikning berre 72.000 innbyggjarar i år 1900.¹⁹⁹ Den verkeleg store veksten i Kristiania kom mellom 1855 og 1880. Folketalet blei tredobla frå kring 1850, då det låg på kring 30.000, til 1880, då det låg på 119.000.²⁰⁰ Veksten avtok litt på 1880-talet, men tok til igjen på 1890-talet, slik at byen voks med over 100.000 innbyggjarar også mellom 1880 og 1900.

Kommunikasjonar blei bygd ut: i 1880 hadde byen jernbanesamband til Trondheim, året etter var byen knytta til Sveriges tognett på tre stader og til Larvik i Vestfold.²⁰¹ I 1898-99 var passasjertalet med jernbane til og frå Kristiania på over 3,2 millionar. Alt i 1880 hadde byen fått ein hestesporveg som dekkja store delar av byen, og den første elektriske trikken kom i 1894. Den gjekk m.a. til Majorstua og i 1900 nådde den også Kampen og Vålerenga.²⁰² Byens struktur endra seg også: folketalet i sentrum minka, då handel og administrative funksjonar tok over, medan folk flytta ut til forstader.²⁰³

Kristiania var såleis i ferd med å ta form som storby då Ebbe Hertzberg vandra rundt i dei fattige delane av byen på midten av 1870-talet. Han såg på desse vandringane som forsøk på å skjønna korleis menneske tenkte og handla i ein del av byen som var framand for ein person av hans stand:

*Tilsynelatende tilfeldig kom jeg "i prat" snart med en gammel kjærring, snart med en halvfuld sjouer, snart med en patruillerende konstabel, og tarveligt klædt som jeg ved saadanne anledninger som oftest var, erholdt jeg lidt efter lidt et rigt fond af umiddelbare hjerteutgydelser og fortrolige tilstaaelser, der vare af langt større værd for mig end de flæste lærde afhandlinger over "det sociale spørgmaal". Især vare aftenimerne efter mørkets indtræden gunstige for saadanne expeditioner. Ved hjælp af en cigar el. desl. kunde jeg aabne en lærerig samtale med de forskjelligste individer, og naar jeg satte paa mig min bredskyggede hat, var det en sand fornøielse at se, hvorlidet man gennemskuede mit incognito.*²⁰⁴

Byen var for Ebbe Hertzberg ein stad han kunne observera dei sosiale realitetane blant dei lågare klassane, og han kunne gjera det anonymt. Då han frå dette arbeidarklassemiljøet byrja

¹⁹⁶ SAO: Dom 5/1 1889 i Kristiania byrett.

¹⁹⁷ Myhre 1990: 205, Ertresvaag 1982: 6. København hadde samstundes 101.000 innbyggjarar, Stockholm 76.000 og Göteborg 12.000. Myhre 1990: 205. Kristiania endra stavemåte gradvis frå 1870-talet, men "Christiania" forsvann ikkje heilt før på slutten av 1890-talet. (Myhre 1990: 360) Eg nyttar *Kristiania* for heile perioden for ordens skyld.

¹⁹⁸ Til samanlikning hadde på same tid Stockholm 301.000 og København 378.000 innbyggjarar. Myhre: 205.

¹⁹⁹ Ertresvaag 1982: 456.

²⁰⁰ Myhre 1990: 205.

²⁰¹ Ibid: 232.

²⁰² Ibid: 367.

²⁰³ Ibid: 252.

å rekruttera gutar til å ro han ut til badeplassar i fjorden, byrja imidlertid rykta å gå om at Hertzberg hadde andre motiv enn å driva deltakande observasjon. Midt på 1880-talet gjorde desse rykta han til eit offer for utpressing. Han karakteriserte mannen som oppsøkte han for å pressa pengar av han i 1885:

Fyren, der i nogle aar havde faaret tilsøs og sidste høst (1884) i Hamburg havde turet bort sin hele opsparede hyre, havde tilbragt vinteren i Kristiania med at slaa plader, stjæle og røve. Paa slutten havde han opdaget den nye sport at affresse folk penge under nederdrægtige beskyldninger af forskjellig art, men især for en vis slags handlinger, som han erklærede selv at have foretaget med vedkommende. Som jeg siden fik at vide, havde han specielt en aften paa en kneipe sammen med nogle andre lignende individer ladet sig opgive navnet paa en hel mængde tildels kjendte folk i byen hvilke han noterede paa smaa papirlapper og derpaa for en del hjemstøgte.²⁰⁵

Om Ebbe Hertzberg verkeleg hadde forhold til unge menn frå dei lågare klassane på 1870-talet, er heller ikkje så interessant. Det historia kan seia oss er at menn frå overklassen og øvre mellomklasse hadde slike forhold, noko som gjorde at pengeutpressing kunne foregå. I Kristiania anno 1885 var slik utpressing i følge Hertzberg ein "ny sport". Sannsynlegvis hadde framveksten av denne verksemda samanheng med byveksten og dei anonymiserande forholda den skapte; ein professor i samfunnsøkonomi kunne vandra rundt i strok som for han var heilt ukjende og samstundes vera i heimbyen sin. Inndelinga av byen i austkant og vestkant var på 1870-talet blitt ein realitet, i dei austlege bydelane var det store fleirtalet arbeidsfolk, i dei vestlege bydelane råda borgarskapet.²⁰⁶ Kristian Winterhjelm skreiv slåande om dette i 1876: "... i det Hele taget synes den fine Verden her ligesom i London at søge vestover, medens Østsiden er forbeholdt Forretninger og den mindre velstaaende Befolkning."²⁰⁷ Det er på bakgrunn av desse trekka ved det moderne Kristiania me må sjå dei møta og møteformane som oppsto mellom menn av ulike klassar.

Ein av dommane frå Kristiania frå 1880-talet gir eit nærmare innblikk i korleis kunnskapen om at visse menn av annan klasse og rang hadde erotiske interesser for menn/gutar, blei brukt. I oktober 1888 sat den 35 år gamle skodespelaren Nicolai Hansen* på "*Samlagets restauration i Akersgaden*" då ein 15 år gammal gut kom bort til han, tok han i skrittet og spurde: "*hvorledes det staar til med det, har De nylig faaet noget?*"²⁰⁸ Då det var mykje folk i restauranten baud mannen guten med ut på gangen der han stilte same spørsmålet

²⁰⁴ NBO: Trykt vedlegg til brev frå Ebbe Hertzberg til Waldemar Christopher Brøgger 17/9 1886.

²⁰⁵ Ibid.

²⁰⁶ Myhre 1990: 307.

²⁰⁷ Henry E. Hanson (psevd. for Kristian Winterhjelm) *Om Kristiania og dets forhold*. Kristiania 1876. Sitert frå Myhre 1990: 308.

²⁰⁸ SAO: Dom 5/1 1889 i Kristiania meddomsrett: 256. Namn merka med * første gang dei blir nemnde er pseudonym.

tilbake til guten. Guten svarte at han *"havde havt Befatning med Mandfolk, nemlig med en Mand i Homansby, som havde betalt 15 Kroner for at drive Uterlighed med ham."*²⁰⁹ Deretter gjekk dei heim til Hansen og hadde seksuell omgang. Guten fekk betalt ei krone for dette, men ifølge forklaringa til Hansen stal han i tillegg ei krone og seksti øre og ein pakke sigarar. Då han protesterte på dette svarte guten *"(...)at Tiltalte ikke burde melde ham, da han isaafald vilde fortælle, hvad der var passeret, hvorved Tiltalte vilde udsætte sig for at blive straffet."* Sidan oppsøkte guten mannen tre gonger kor dei hadde seksuell omgang.²¹⁰ For desse tilfella og for to tilfelle med ein 17 år gammal gut blei, Hansen dømd til 25 dagar fengsel på vatn og brød for forsøk på brot på § 18-21.²¹¹

15-åringen som tok kontakt med han i restauranten hadde høyrte frå andre at Hansen hadde *"unaturlige Tilbøieligheder"*, og sa han hadde oppsøkt han med tanke på å tjena pengar på å ha seksuell omgang med han.²¹² Han hadde fått greie på *"hvoredes Tilt. var."* (sett i hermeteikn også i originalkjelda) frå to 17 år gamle gutar, mellom anna den andre som hadde hatt seksuell omgang med Hansen.²¹³ Formuleringa "hvoredes Tiltalte var", tyder på ei førestilling om at erotisk interesse for andre menn blei sett på som noko djuptliggande, noko som vedkom ei spesiell gruppe menn. Utpressingshistoria overfor Hertzberg, der det blei sagt at utpressaren hadde sete i saman med mange andre og skrive ned namn på menn som kunne vera svake for slik utpressing, peiker i same retning. Historia om 15-åringen som medviten oppsøkte Hansen for å ha sex med han og tjena pengar på dette, og attpåtil truga med politimelding dersom Hansen gjorde noko nummer ut av tjuveriet, vitnar om at dette var ein ikkje ukjent praksis i Kristiania på 1880-talet. Guten var openbert ingen yrkesprostituert, sjølv om forholdet til skodespelaren kan definerast som prostitusjon, men han visste korleis han kunne utnytta det at Hansen "var" på det viset at han føretrakk sex med menn.

Ei langt meir "profesjonalisert" form for utpressing, kan me lesa ut av ein dom frå Oslo lagmannsrett frå 1896 der to menn på 26 og 31 år blei dømde

(...) for ved at true med en retsstridig handling, med anklage eller angivelse for en forbrydelse eller med fremssættelse af en ærekrenkende beskyldning at have uberettiget tvunget telegrafist [Nielsen] i [by] til at gjøre eller tåle noget, idet de ved at true eller skræmme ham med at anmelde ham for at have stået i usædeligt forhold til no 1 eller med at røbe dette forhold for [Nielsen]s hustru eller andre, har tvunget ham til at betale sig forskjellige summer...*²¹⁴

²⁰⁹ Homansbyen var eit strok for det høgare borgarskapet, det blei av Aftenbladet i 1866 karakterisert som *"byens West End"* (Myhre 1990: 307-308)

²¹⁰ Ibid: 258.

²¹¹ Ibid: 261. Forsøk fordi brotsverket ikkje blei sett som fullført idet det ikkje kom til effusio seminis.

²¹² Ibid: 259.

²¹³ SAO: Kristiania byrett, straffesaker, bilag, sak 539/1888.

²¹⁴ SAO: Dom 2/10 1896 i Oslo lagmannsrett: 342.

26-åringen som hadde hatt seksuell omgang med mannen, hadde pressa han for til saman 1200 kroner i mars 1896, og saman med den andre dømde hadde han pressa han for heile 3250 kroner. Resultatet var at mannen hadde tok sitt eige liv, noko retten meinte dei dømde burde rekna med kunne komma til å skje. Dei blei dømde til fem og eit halvt og fire år fengsel. Dommen er sparsam med detaljar, men Henrik Arnold Thaulow Dedichen omtalte saka meir utfyllande på eit møte i Det medicinske Selskab i Kristiania i 1906.²¹⁵ Telegrafist Nielsen var i Kristiania i september 1895 i samband med at kona måtte leggest inn på sjukehus. Ifølge Dedichen hadde han møtt den eine kommande utpressaren i Studenterlunden under ein spaseretur oppover Karl Johan. Derifrå hadde dei gått saman på ein kafé og drukke øl, og seinare på kvelden hadde dei hatt seksuell omgang i eit portrom. Nielsen hadde så dratt heim der han kom i frå, og hørde ikkje noko meir før telegram og brev byrja å komma i februar året etter. Etterkvart kom mannen Nielsen hadde møtt på vitjing, saman med den andre utpressaren, og dei pressa frå han store summar. Ein av gongene prøvde den fortvila telegrafisten å ta sjølv mord ved å drukna seg, men utpressarane trakk han opp igjen av vatnet. Saka kom for retten då ein av utpressarane blei arrestert mistenkt for eit ran i Kristiania. På spørsmål om kor han hadde fått pengane frå, svarte han at det var frå vedkommande telegrafist. Politiet telegraferte så til politiet i heimbyen til mannen for at dei skulle undersøka om så var tilfelle, men då han var telegrafist mottok Nielsen telegrammet først, noko som førte til at han rett etterpå gjekk og drukna seg.

Saka indikerer korleis utpressing var blitt ein spesialitet i Kristiania på 1890-talet. Dette kan tyda på at seksuelle forhold mellom menn av ulik rang må ha forekomme i større utstrekning, og at det på det viset eksisterte møtestader og måtar å møtast på for menn som søkte menn for sex. Forsking på homoseksualitet i Nordvest-Europa i moderne tid har vist at offentlege stader som parkar, gater og offentlege toalett var sentrale møtestader for menn som søkte slik kontakt. Kontakten på desse stadene skjedde oftast på kveldstid og i fritida til dei involverte. Slike kontaktar føresette altså ein del trekk ved moderniteten, som fritid og ein moderne anonymiserande by. På desse stadene kunne møte førekomma mellom menn som ikkje alt kjente einannan, men som ved til dømes å la eit blick dvela noko lengre enn vanleg, gav signal om at ein var interessert i kontakt.

Eit slik møte fann stad i Kristiania i 1885. På eit offentlig toalett på Eidsvolds plass hadde to menn møtt einannan, kome i snakk og gått til "*kommunens privet i Piperviken*". Der

²¹⁵ Dedichen 1906: 171-173. Eg har ikkje leita etter utpressingssaker systematisk, men eg fann denne saka i min gjennomgang av Oslo Politikammer, Sedelighetsavd., Journaler over sedelighetsforbrytere 1 (1884-1909): 96-97.

hadde dei hatt sex.²¹⁶ Dei offentlege toaletta som møtestader for menn med seksuell interesse for menn er vel dokumentert i studiar frå byar i heile Vesten.²¹⁷ Av politiet i Kristiania sine journalar over sedskapsforbrytarar kan me sjå at slike treff skjedde også her. Fire av mennene som var melde for tilnærmingar til menn, hadde gjort dette på offentlege toalett.²¹⁸ I desse tilfella var det snakk om framstøyter som blei møtte med avvising, og dette er nok også grunnen til at dei blei melde. Sakene viser at mennene truleg medvite oppsøkte toaletta for å få kontakt med menn med siktemål på seksuell omgang. Andre møte var i parkar og på gater. Sakene har kome i politiets kjennskap i situasjonar der den eine parten ikkje var villig, eller der dei blei observerte av ein tredje person. Slike møte føresette anonymiteten som storbyen gav, men også kjennskap til korleis denne kunne nyttast til å få kontakt med andre menn. I 1892 stod det i Sedelighetspolitets journal om ein 45 år gammal kjøpmann at "(h)an traf paa gaden nævnte mandsperson [ein 19-åring], som han tar med sig ind paa en restauration paa et glas øl, og her gjorde han tægn til at ville komme ned i personens bukser..."²¹⁹ Det står ikkje noko særleg meir om møtet, men det var sannsynlegvis ein framand mann. Møtet byrja ganske diskret, mannen inviterte på øl, men enda med ei direkte tilnærming. Invitasjonen var av ein slik art at han som blei invitert må ha skjønna at det låg tankar bak.

Henning Bech meiner *blikket* er eit sentralt fenomen for den homoseksuelle eksistensforma.²²⁰ Å møta blikket til ein annan person i den offentlege sfæra er lada med meining, og viss denne personen svarar med å halda blikket lenger enn vanleg, kan det vera eit signal om at ein vil ha nærmare kontakt. Denne måten å bruka blikket på er i følge Bech knytta til moderniteten og byen:

*The gaze belongs to the city. Only when there is mutual strangeness does it exist; and the city supplies strangers galore. In the country, there is no gaze, but instead an all-embracing visibility. At the same time, the city hampers other forms of contact: the flow, the crowd, the strangeness, everyone going about their own business, what to do with all these people if not look at them; besides their surfaces captivate the glance, they are indeed designed to do so.*²²¹

Dei tilfeldige møta mellom ukjente i Kristiania oppsto i ein by som var i ferd med å bli ein storby. Der småbyane og landsbygda var gjennomsiktige, gav storbyen høve for anonymitet og møte mellom framande. Blikket kunne vera inngangen til slike møte, det gjorde det

²¹⁶ SAO: Dom 4/12 1885 i Kristiania meddomsrett.

²¹⁷ Sjå m.a. Chauncey 1994: 83, 146, 185, 195-201, 264-266, Eman 1999: 104-148, Söderström 1999: 201, Rydström 1999: 371-387 og Nilsson 1998 Op. cit.

²¹⁸ SAO: Oslo politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journal over sedelighetsforbrytere 1 (1884-1909): 49, 54, 56, 148.

²¹⁹ Ibid: 39.

²²⁰ Bech 1997: 104-108.

²²¹ Ibid: 108.

mogleg for framande å finna einannan. Kjeldene viser i stor grad situasjonar der blikket har svikta, der evnen til å lesa nyansane i blikket til den andre parten har feila, og der kontakten såleis har skjedd på grunnlag av ei mistyding. Det var denne mistydinga som svært ofte førte til at saka blei meld til politiet. Men bak desse få registrerte møta på offentlege stader der kontaktsøkinga ikkje var gjensidig, låg alle møta der blikka *blei* forstått, der teikna blei gjengjelde og kontakt blei oppnådd utan fatale følger. Det tyder ikkje at slike møte alltid gjekk føre seg mellom likeverdige partnerar: tvert imot viser kjeldene at møta ofte var baserte på *assymetri* mellom partane: den eine var ofte eldre eller frå eit anna lag i samfunnet.

Førebels har eg vist at den moderne byen Kristiania gjorde møte mellom menn som var totalt ukjente for einannan mogleg, og at desse møta hadde ein samanheng med ein ny type urbanitet og moderniteten. Men utgjorde dette ein eigen subkultur? Eg vil snarare hevda at desse møta var ein mogleg *inngang* til ei sosial verd for den homoseksuelle mannen. Anonymiteten på gata, i parkar og offentlege toalett utgjorde den geografiske innfallsporten, men den sosiale verda omfatta meir enn denne fysiske strukturen. For å gripa denne sosiale verda må me sjå på kva oppfatningar/sjølvpoffatningar som låg til grunn for den og evt. om det fanst miljø eller nettverk av homoseksuelle menn.

Ein dom frå 1895 og politiaktene frå denne, kan gje oss eit visst innblikk. I saka blei dagarbeidaren Torsten Pedersen* og ein tjenar frifunne i Lagmannsretten og Høgsterett.²²² Pedersen, som var 45 år, hadde vore gift i åtte år, eit turbulent ekteskap som i følge kona nå gjekk mot skilsmål. Eit vitne i saka hadde seinast sist vinter sett han låg avkledd i senga med ein annan mann, ein Rasmussen*. Pedersen hadde forklart vitnet kva som hadde skjedd: Rasmussen hadde sagt til Pedersen at han kunne gjera kva han ville med han, og han hadde då bede om "*en Kys, og derefter havde [Rasmussen], fortalte Sigtede, ligget og sunget for ham en Stund*". I følge vitnet hadde dei deretter hatt seksuell omgang. Han fortalte vidare at den 45 år gamle dagarbeidaren stadig vekk hadde hatt folk på rommet sitt, m.a. ein som var tjenar ved Grand Hotel, den andre sikta i saka. Han hadde også sett eit brev der Pedersen hadde omtala tjenaren som "*søten min*".²²³

Ser me nærmare på denne saka kan me kanskje få eit innblikk i ei homoseksuell eksistensform i Kristiania på 1890-talet. I rettsmøta kunne fleire vitne forklara at mannen hadde hatt fleire menn som det var kjent var "sodomittar" på besøk. Kona sa i politiavhøyr:

²²² SAO: Domsnr. 762/1895 i Oslo Politikammer, Straffulbyrdelse, Akter i Straffesaker nr. 331. Akta inneheld fylldige referat frå rettsmøta (tilsaman 40 sider) og politirapportar.

²²³Ibid: 10.

*(...) at han er sodomit, hvilket han fortalte allerede før hun ingik ekteskab med han, men hun troede at han vilde slutte dermed naar han blev gift og da han ogsaa forestillet sig at være kristelig sindet.*²²⁴

Dei siste fem åra hadde han likevel levd som sodomitt. Mennene kring Pedersen blei omtala som "sodomittar", men det er uklart om dette omgrepet blei brukt i vitneforklaringane, eller om det kun blei nytta i rettsreferata. Uansett fortel forklaringane at ein hadde oppfatning av at visse menn hadde ei særskild interesse for menn, og at det kring Pedersen fanst eit nettverk av slike menn.

Eit miljø av homoseksuelle menn frå embetsstanden/borgarskapet har ikkje blitt studert, men Ebbe Hertzberg sin konsultasjon hos Westphal samt hans kontakt med den homoseksuelle frigjeringsrørsla, viser at det kan ha eksistert slike vennekriksar i Kristiania i perioden. Eit slik miljø vil i tilfelle ha vore meir prega av den medisinske kunnskapen om homoseksualitet, og såleis av eit meir moderne syn på homoseksualitet.

Konklusjon

I tidsrommet 1886-1907 blei den medisinske diskursen om den homoseksuelle introdusert i Norge. Den første homoseksuelle blei diagnostisert i 1886 og omgrepet og fenomenet blei presentert i lærebøker i psykiatri på 1890-talet. Debatten mellom hovudstadsmedisinarane i 1906 og 1907 viser at homoseksualitet var blitt eit etablert omgrep innan profesjonen. Den nye kunnskapen som tematiserte den homoseksuelle var likevel lite kjent utanfor legefaget. Til dømes viser dommane eg har få teikn ei ny forståing av samekjønnsseksualitet. Formannen i Straffelovkommisjonen, Bernhard Getz, hadde kjennskap til ny kunnskap om fenomenet, og ville avskaffa straff for sex mellom menn i 1887. Men dette forslaget blei ikkje med vidare i prosessen for lovendringar. § 213 var til ein viss grad motivert ut i frå eit nytt syn på samekjønnsseksualitet. Ein ville straffa seksuell omgang mellom menn uavhengige av på kva måte handlingane hadde blitt utført. Dette, saman med ein passus som gjorde påtale sjeldsynt, var påverka av eit nytt syn på sex mellom menn.

Kjeldene gir dårleg grunnlag for å seia noko bestemt om korleis menn som hadde sex med menn forsto seg sjølv. Eg har dokumentert at det fanst møtestader for slik kontakt i

²²⁴SAO: "Rapport til chefen for Kristiania politikammers detektive avdeling", datert 21. Juni 1895, i domsnr 762/1895 i Oslo politikammer, Straffulbyrdelse, Akter i straffesaker nr. 331. "Forøvrig mente madam [Pedersen] at hendes mand havde sine folk ude i byen, hvor han besøgte dem." (s.34).

Kristiania/Oslo i perioden. Dei mennene som nytta møtestadene og nettverka der ein kunne venta å få seksuell kontakt med menn, hadde i liten grad fått kjennskap til den medisinske homoseksualitetsdiskursen. Først når dei sosiale møtestadene og diskursen om den homoseksuelle gjensidig påverka einannan, kan me seia at den homoseksuelle heilt hadde avløyst pederasten. Berre få menn kunne tileigna seg kunnskap om den medisinske diskursen og danna seg ein moderne homoseksuell identitet. Ein av desse få var Ebbe Hertzberg. Slik sett kan me seia at den homoseksuelle var komen til Norge, men han var ennå ein framand, han var ennå eit nokså eksotisk fenomen som var kjent kun blant mindre grupper.

4. Homoseksuelle og sodomittar 1907-1932

Medan den nye medisinske diskursen om samekjønnsseksualitet hadde fått ei viss utbreiing i legestanden og blant intellektuelle i 1907, hadde den berre i liten grad fått noko utbreiing utanfor dette sjiktet. I tiåra som følgde skjedde derimot ei endring, og omgrepet homoseksualitet blei etterkvart brukt i fleire samanhengar. Medan det først er på 1930-talet ein kan sjå eit gjennombrot for homoseksualitetsomgrepet og den medisinske diskursen om den homoseksuelle, blei det lagt eit grunnlag i perioden 1907-1932.

Dette kapittelet er i tid avgrensa av diskusjonen om homoseksualitet i Det medicinske selskab i 1906-07, som markerte slutten på prosessen som er gjengitt i førre kapittel, og publiseringa av artikkelen "Homoseksualitet" av Karl Evang og Torger Kasa i *Populært tidsskrift for seksuell opplysning* i 1932. Denne artikkelen gjorde sitt til at den nye måten å konseptualisera samekjønnsseksualitet blei utbreidd i større grad på 30-talet.

Perioden 1907-1932 er altså ein mellomperiode: på den eine sida var den homoseksuelle komen til Norge. Han eksisterte både som ei førestilling, som ein sosial realitet og eit sosialt problem i den borgerlege allmenta. På den andre sida var han framleis ein ny figur og han hadde langt frå ein hegemonisk posisjon når det gjaldt forståinga av samekjønnsseksualitet. Den gamle mangetydige kategorien sodomitt var ennå ikkje heilt rydda av banen for den eintydige "vitskaplege" kategorien homoseksuell.

I første del av dette kapittelet vil eg sjå på korleis den medisinske diskursen om den homoseksuelle endra seg og blei formidla i perioden. Deretter vil eg ta for meg den rettslege diskursen. Siste underkapittel handlar om møtestader, nettverk og identitetsskaping.

Den medisinske diskursen

I dette underkapitlet vil eg drøfta korleis den medisinske diskursen om den homoseksuelle blei utbreidd, formidla og verka i Norge i perioden 1907-1932. Medan diskursen i perioden før stort sett var avgrensa til det medisinske feltet, kom den i denne perioden til uttrykk også i mindre fagspesifikk litteratur, som seksualopplysningslitteratur, men også i skjønnlitteraturen. Slik kunne den i større grad forma synet på samekjønnsseksualiteten. Det blei òg meir merksemd om mennesket som seksuelt vesen generelt, særleg gjennom framveksten av psykiatrien og psykoanalysen.

I førre kapittel såg me at den nye diskursen om homoseksualitet i liten grad blei formidla utanfor fagtidsskrift og fagbøker. Dette endra seg noko i perioden 1907-32, då

omgrepet blei nytta i eit større tilfang av litteratur. Eit døme er *Slegtslivet hos menneskene* frå 1914 skriva av legen Alette Schreiner. Dette var ei seksualopplysningsbok som retta seg mot eit større publikum. Her blei homoseksualitet drøfta i kapitlet "Perverse utslag av forhøiede seksuelle drifter."²²⁵ "Den typiske homoseksualitet" blei forklart som ein tilstand der både kjønnsdrifta og i vidare forstand dei erotiske kjenslene berre var retta mot personar av same kjønn.²²⁶ Schreiner såg homoseksuelle som sjelelege motstykke til hermafrodittar, og ikkje sjeldan hadde dei også i kroppsbygningen likskapar med det motsette kjønn. Ho oppfatta såleis homoseksualiteten hovudsakleg som noko medfødd, men samtidig, sidan tilstanden var så vanleg blant "velutrustede og høit begavede individer", meinte ho det kunne vera utslag av ein slags kultursjukdom ("overkultur").²²⁷

Det var ein tendens til å kombinera biologiske og psykologiske forklaringar på homoseksualitet på byrjinga av 1900-talet. Framveksten av ei ny retning innan psykologien, psykoanalysen, var viktig for denne endringa.

Psykoanalysen blei tidleg introdusert i Norge av Ragnar Vogt i kapittel i bøker frå 1905 og 1911, og gjennom formidlinga til Johannes Irgens Strømme.²²⁸ Det var likevel ikkje før på 20-talet den fekk større utbreiing. *Nogen hovedlinjer i medicinsk psykologi og psykiatri* (1923) av Ragnar Vogt, fungerte som lærebok i psykiatri for medisinstudentar, og var tydeleg inspirert av psykoanalysen. Vogt (1870-1943) blei i 1915 den første professor i psykiatri i Norge, etter at psykiatri i 1914 blei eksamensfag for medisinstudentar.²²⁹ Han forklarte homoseksualitet som ein utviklingsfeil: mennesket var i utgangspunktet biseksuelt, men dei fleste utvikla seg til å bli heteroseksuelle voksne individ. Individet blei homoseksuelt når *partialdriftene* ikkje blei underordna forplantingsfunksjonen, som i den normale utviklinga.²³⁰

Dette er i tråd med Freud si forståing av fenomenet. Han meinte at barnet var biseksuelt og hadde ei rekke ulike drifter. I ei normal utvikling ville desse driftene bli underordna den heteroseksuelle forplantingsfunksjonen, og det homoseksuelle elementet ville bli fortrent. Den utviklinga som førte til at den voksne *mannen* blei homoseksuell var, i følge Freud, ei intens tilknytting til og identifisering med mora, noko som førte til at han kom til å sjå menn som seksualobjekt, og elska menn narsissistisk.²³¹ Hos Freud og den tidlege psykoanalysen blei ikkje homoseksualiteten sett på som ein sjukdom, snarare som ein

²²⁵ Schreiner 1914: 131.

²²⁶ Ibid: 133.

²²⁷ Ibid: 133.

²²⁸ Alnæs 1994: 9-10.

²²⁹ Sundet 1977: 185.

²³⁰ Vogt 1923: 136.

²³¹ Friedman 1992: 65.

utviklingsfeil. Freud sjølv meinte endåtil at homoseksuelle kunne vera analytikarar, i kontrast til seinare teori og praksis blant psykoanalytikarar.²³²

Ragnar Vogt brukte altså Freud si forklaring på homoseksualiteten. Ei seksualopplysningsbok frå 1926 skriva av ein anonym pedagog, var igjen inspirert av Vogt.²³³ Boka gjorde i tillegg greie for korleis homoseksualitet kunne hindrast gjennom ein sunn oppvekst; ved at dei unge hadde personar å opna seg for om sine seksuelle problem. I følge den anonyme pedagogen kunne fellesskule motvirka dei usunne utviklingstrekk som følgde med t.d. internatskular, der ein berre blei eksponert for jamnaldra av same kjønn.²³⁴

Meir vanleg var det å kombinera psykologiske forklaringar med biologiske. Dette gjorde også Ragnar Vogt greie for i eit vedlegg til Straffelovkomiteen si innstilling i 1927.²³⁵ Her hevda han på den eine sida at den viktigaste årsaka til homoseksualitet var utviklingsfeil (t.d. gjennom uvanar tileigna i i internatskular, militærleirar, eller andre einkjønna miljø), på den andre sida meinte han det også eksisterte tilfelle der fenomenet var uttrykk for ein "virkelig abnorm, mangelfuld konstitution."²³⁶

Psykiateren Hans Evensen (1868-1953) var ein annan sentral figur i det norske psykiatriske miljøet. Han hadde stifta Norsk psykiatrisk foreining i 1907 og var formann i denne i mange år. Mellom 1915 og 1938 var han direktør ved Gaustad Asyl, og han var medlem av den rettsmedisinske kommisjon frå 1921 til 1946.²³⁷ Forklaringa på homoseksualitet i hans *Haandbok i Sindssykepleie* frå 1921 legg vekt på det medfødde:

*(...) kjønndriften kan fra barn av være rettet mot individer av samme kjønn (homoseksualitet), og dette sætter ofte sit præg paa klædedragt, interesser, beskæftigelser, manerer, som da nærmer sig det anden kjønns (mandfolkagtige kvinder, kvindeagtige mænd). Denne abnormitet, som skal forekomme hos 2 av 100 voksne, synes at kunne rettes ved fjernelse av kjønnskjertelen og inpodning av en anden kjønnskjertel fra et normalt anlagt individ. Oftest drives gjensidig masturbation. Disse personer, som naturlig nok byr normale imot, kan selvfølgelig ikke lægges sin tilstand til last, og straf er derfor ikke paa plads. Paa den anden side kan kjønslig avholdenhet gennemføres av ethvert friskt menneske uten fare for sundheten.*²³⁸

²³² Ibid: 66. På midten av 1900-talet gjekk innverknadsrike psykoanalytikarar mot biseksualitetsteorien, og hevda at mennesket var grunnleggande heteroseksuelt (m.a. Rado, Bieber og Socarides) Utifrå dette perspektivet blei behandling mogleg, noko Freud hadde vore skeptisk til (Friedman 1992: 68).

²³³ En Pedagog 1926: 53.

²³⁴ Ibid: 54-57.

²³⁵ Vogt 1927: 165.

²³⁶ Ibid: 166.

²³⁷ Retterstøl 2001.

²³⁸ Evensen 1921: 44.

Ein viktig person for innføringa av psykoanalysen i Norge var Harald Schjelderup, professor i filosofi frå 1922 (professoratet endra til psykologi i 1928).²³⁹ Også han brukte ein kombinasjon av den reint psykoanalytiske forklaringa og ei biologisk forklaring. På den eine sida skuldast homoseksualitet at dei seksuelle partialdriftene ikkje blei underordna forplantningsfunksjonen. Schjelderup meinte at den naturvitskaplege utviklinga hadde stadfesta biseksualitetsteorien og at homoseksualitet i dei *fleste* tilfella var forårsaka av psykologiske faktorar.²⁴⁰ Desse tilfella kunne helbredast med psykoterapi, ” *mens de fortrinsvis konstitutionelt betingede i væsentlig grad synes at kunde paavirkes ved transplantation av "normale kjertler"*.²⁴¹

Transplanteringa av kjønnskjertlar som var nemnd både hos Evensen og Schjelderup, refererte sannsynlegvis til forsøk med transplantering av kjønnskjertlar frå "friske" menn (les: heteroseksuelle) på homoseksuelle menn.²⁴² I følge ein artikkel av legen Ingeborg Aas frå 1932, hadde slike operasjonar blitt føretatt på Ullevål sjukehus si avdeling for sinnslidande, nokre gonger med godt resultat, andre gonger utan resultat.²⁴³

At psykoanalysen fekk ein viktigare posisjon medførte altså ikkje at førestillinga om homoseksualiteten som medfødd blei heilt forkasta. Psykoanalysen innebar ein *dreining* av den medisinske diskursen om homoseksualitet, idet den slo fast at alle menneske hadde ein homoseksuell komponent. Samtidig innebar den ikkje noko brot med tanken om at voksne homoseksuelle individ var i ei særstilling. Der biologisk orienterte forklaringsmåtar meinte den homoseksuelle var annleis alt frå starten av, var han i psykoanalysen i ei rekke tilfelle *blitt* sånn. Uansett *var* han homoseksuell som vokse individ. Homoseksualiteten var ikkje berre tilfeldige handlingar, men noko som sprang utifrå ei særskilt individuell orientering. Problemet var ikkje sjølve handlinga, men utviklinga som førte til at individet utførte handlinga. Derfor blir det trass i psykoanalysens tese om at alle menneske hadde ein homoseksuell komponent, ikkje meiningsfullt å seia at den braut radikalt med dei ideane som klassifiserte homoseksualiteten som noko medfødd. Meir korrekt blir det å sjå den psykoanalytiske forståinga av homoseksualiteten i kontinuitet med desse ideane. Den nyanserte bildet av kven/kva/korleis den homoseksuelle var, men nekta ikkje for eksistensen av den homoseksuelle som person(legdom). Forskyvinga i retning av å sjå på

²³⁹ Skard 1954.

²⁴⁰ Schjelderup 1927: 94.

²⁴¹ Ibid: 95.

²⁴² Evang og Kasa 1932: 211.

²⁴³ Aas 1932: 37-38. Arne Bang-Hansen skriv i sjølvbiografien sin at det var meininga at han skulle få transplantert på testiklar frå ein okse (Bang-Hansen 1985: 23). Dette høyrer heilt usannsynleg ut, men det kan

homoseksualiteten som noko erverva, gjorde ikkje at *den homoseksuelle* (ein person) blei erstatta av ein allestadsverande *homoseksualitet* (ei handling). Eg ser derfor psykoanalysen som ei dreining innanfor den medisinske diskursen som tok form på slutten av 1800-talet, ikkje eit brot med den. Den homoseksuelle var framleis eit problem som vedrørte noko i mennesket, noko definerbart og studerbart av vitskapen.

Omgrepet homoseksualitet var vanlegare i denne perioden enn før, og var på veg inn andre stader enn i det medisinske fagspråket. Ikkje berre omgrepet, men også forståinga av homoseksualitet inspirert av den medisinske diskursen, breidde om seg. I romanen *I Karl Johans skygge* av Øvre Richter Frich (skrive under psevdonymet Rita Freiman) frå 1912, blir ei gruppe menn omtala som på følgande vis.²⁴⁴ "*De var kjønnsreligionens jesuiter, forfalsket livsglæden, de avkjønnet tilværelsen (...)*".²⁴⁵ Dette liknar på uroa til Paul Winge på møta i det Medicinske Selskab om at kjønnskilnaden var i ferd med å forsvinna. I ein roman frå 1916 av Ronald Fangen erkjenner hovudpersonen: "*jeg er ganske enkelt uriktig i kjønslig henseende*",²⁴⁶ medan ein av karakterane i *En roman* frå 1918 av same forfattar seier: "*Jeg føler ikke som de føler, - for kvinderne, jeg deler ikke deres begjær. Derfor har livet en anden farve for mig end for dem.*"²⁴⁷

Det er eit ope spørsmål i kor stor grad den medisinske diskursen prega synet på samekjønnsseksualitet i samfunnet. Sannsynlegvis eksisterte forståingar som liknar meir på det gamle synet på sodomi: at det å ha sex med personar av same kjønn berre var ei av mange djupt forkastelege handlingar. Ole Hallesby forklarte til dømes i *Den kristelige sedelære* frå 1928 slike handlingar som resultat av "*syndens fordærvende indvirken*".²⁴⁸ Men samtidig såg han det som grunna i ei pervers kjønnsdrift som visse "*ulykkelige individer*" hadde.²⁴⁹

Den medisinske forståinga av fenomenet hadde altså også blitt umogleg å oversjå for ein av forsvararane for det tradisjonelle moralsynet. Dette illustrerer korleis den medisinske homoseksualitetsdiskursen trengde inn på stadig nye felt, noko som mot midten og slutten av 1900-talet skulle føra til at den fekk hegemoni på forståinga av samekjønnsseksualiteten. I denne perioden var synet om at dei menneskelege handlingane først og fremst måtte forståast utifrå den menneskelege biologien og psyken, i ferd med å bli etablert som ei

vera det han her refererer til er dei undersøkinga me har sett hos Steinach og referert hos Evang. Ein studie av denne praksisen skulle kunna vera mogleg gjennom å sjå på pasientjournalar frå Ullevål sjukehus.

²⁴⁴ Gatland 1990: 95, Freimann 1912.

²⁴⁵ Sitert frå ibid: 97.

²⁴⁶ Ibid: 100.

²⁴⁷ Fangen 1918: 81 Språkbruken i mange slike utsegner understreker denne kjensla av å vera fundamentalt annleis, døme er Alf Martin Jæger, tittelen på boka til Finn Grodal frå 1957: *Vi som føler annerledes*, Åsmund Sveens erkjenning: *No veit eg det/eg er annarleis* frå diktsamlinga *Andletet* frå 1932 er av same slaget.

²⁴⁸ Hallesby 1928: 233.

sanning. Eit gjennombrot for ei slik forståing når det gjaldt seksualitet mellom personar av same kjønn kan likevel ikkje sjåast før på 1930-talet.

Den juridiske diskursen

§ 213 i den nye straffelova som trådde i kraft 1. januar 1905 blei som me har sett i førre kapitlet lydande:

*Finder der utugtig Omgjængelse Sted mellem Personer af Mandkjøn, straffes de, der heri gjør sig skyldige eller som medvirker dertil, med Fængsel indtil 1 Aar.
Med samme Straf ansees den, som har utuktig Omgjængelse med Dyr.
Paatale finder alene sted naar det paakræves af almene Hensyn.*

Alt på møta blant medisinarane i Kristiania i 1906/07 var det tatt til orde for endring eller oppheving av paragrafen. Dette blei fylgd opp i Straffelovkomiteen av 1922 sitt forslag til endringar i 1925. Her blei det foreslått at det berre skulle komma til straff når den eine parten var under 21 år, viss ikkje det var tale om prostitusjon (då skulle den prostituerte, viss han var over 18 år, bli straffa.) Forslaget blei ikkje vedtatt av Stortinget, men fekk innverknad når det gjaldt tolkinga av § 213. Martin Skaug Halsos si undersøking av bruken av paragrafen i Kristiania/Oslo 1905-1950,²⁵⁰ og mi undersøking av tilsvarende bruk i Bergen 1905-1945, viser at paragrafen blei svært lite brukt, noko som skuldast passusen om at det berre skulle komma til påtale der "almene Hensyn" tilsa det. Det herska ein del tvil om kva dette skulle innebera, men det gjorde at påtale normalt ikkje blei reist når det var snakk om frivillig seksuell omgang mellom voksne menn.

I det følgande vil eg først gjera greie for kva juridisk litteratur sa om § 213 i perioden og om endringsforslaget i 1925 og effekten av det. Deretter vil eg gå gjennom bruken av paragrafen i Kristiania/Oslo og Bergen, før eg til slutt trekker slutningar om synet på homoseksualitet i handhevinga av paragrafen.

Det juridiske rammeverket

Alt i 1905 kommenterte lagmann Karenus Thinn straffelovens § 213 i Retstidende.²⁵¹ Her drøfta han den nye ordlyden "utugtig Omgjængelse", som hadde erstatta "legemlig Omgjængelse". Utugtig omgjængelse skulle forståast som

²⁴⁹ Ibid: 233.

²⁵⁰ Halsos 1999.

*en utugtig Handling med nogen, som bestaar i en direkte Berøring mellem den ene Persons Kjønsdel og den andens legeme. Her maa dog formentlig ogsaa fordres at Berøringen har, eller ialfald er beregnet paa at have en vis Varighed (...)*²⁵²

I den gamle lovas § 18-21 hadde "legemlig Omgjængelse" sikta til coitus analis, den nye formuleringa "utuktig Omgjængelse" skulle altså omfatta også andre seksuelle handlingar.²⁵³

Ved sida av utuktig omgang var det i den nye lova ein kategori om utuktige *handlingar* (nytta i § 212.) Dette omgrepet femna i følge Thinn alle formar for kontakt med kroppen til ein annan person "*til Kjønsdriftens Tilfredsstillelse eller Fremkaldelse foretagen eller af Kjønsdriften udsprungen*".²⁵⁴

I sin kommentar til straffelova frå 1916 skreiv Francis Hagerup at § 213 skulle ramma både gjensidig onani og "*den passive saavel som den aktive pederast*".²⁵⁵ Det første må innebera at tolkinga gjekk meir i retning av det Thinn hadde kalla utuktig *handling*.

På møte i det medisinske selskab i Kristiania i 1907 tok Ragnar Vogt til orde for at § 213 burde avskaffast og at dette burde gjerast første gang straffelova skulle reviderast.²⁵⁶ Han meinte at ein i staden burde ha ein paragraf som særleg verna ungdom mot forføring til homoseksuell omgang. Politilege Paul Winge var einig i dette, og Johan Scharffenberg foreslo at grensa skulle setjast til 18 år.²⁵⁷ Då Justisdepartementet i 1922 oppnemnde ein komité for å revidera delar av Straffelova, m.a. med bakgrunn i eit ønske frå Stortinget om å skjerpa lovverket når det gjaldt sedskapsbrottsverk, blei Vogt ein av medlemmane.²⁵⁸ I komitéen sat også dei radikale legane Tove Kathrine Mohr og Ingeborg Aas.²⁵⁹ Straffelovkomiteen av 1922 la fram sitt forslag til endringar i 1925.²⁶⁰

Ordlyden til § 213 i forslaget til Straffelovkomiteen var:

Med fengsel inntil 2 år straffes

- 1. Den som forfører til utuktig handling med sig person av samme kjønn under 21 år,*
- 2. person over 25 år som foretar utuktig handling med person av samme kjønn under 21 år,*
- 3. person over 18 år som holder sig tilfals utuktig handling med personer av samme kjønn i det øiemed å gjøre sig en inntekt derav.*

*Villfarelse med hensyn til alderen utelukker ikke straffeskylden.*²⁶¹

²⁵¹ Thinn 1905.

²⁵² Ibid: 33.

²⁵³ Ibid: 36.

²⁵⁴ Ibid: 33.

²⁵⁵ Hagerup 1916: 224.

²⁵⁶ Det medisinske selskab 1907: 6.

²⁵⁷ Det medisinske selskab 1906: 156 og Det medisinske selskab 1907: 11 og 23.

²⁵⁸ Halsos 1999: 42-43.

²⁵⁹ Ibid.

²⁶⁰ Halsos 1999: 44. Forslaget blei trykt som vedlegg til Odeltingsproposisjon 8 i 1927.

²⁶¹ Straffelovkomiteen 1927. 157.

Dette forslaget kan på den eine sida seiast å innebera ei liberalisering, på den andre sida ei innstramming. Det generelle forbodet mot sex mellom menn var fjerna. I staden ville paragrafen regulera forhold mellom vaksne menn og menn under 21 år. Paragrafen hadde ingen passus om at "almene hensyn" måtte vera tilstades, noko som måtte innebera at seksuelle forhold mellom menn der den eine var over 25 og den andre under 21 ville føra til påtale uansett. Slik sett innebar det i visse tilfelle ei innstramming. I tillegg kom at forslaget omfatta begge kjønn. Strafferamma var utvida med eitt år. Dessutan var uttrykket *utuktig omgjængelse* skifta ut med *utuktig handling*, som var eit vidare omgrep (jf. kommentaren til Thinn frå 1905).²⁶²

Forslaget blei imidlertid stogga av Justisdepartementet, og det blei dermed ikkje lagt fram for Stortinget:

*Departementet finner ikke å kunne slutte sig til komiteens forslag på dette punkt, idet man anser det overveiende betenkelig å legalisere perverse forhold av den her nevnte art.*²⁶³

I komiteens innstilling til sikringsvedtak blei § 213 utelaten som ein av paragrafane der dette var aktuelt.²⁶⁴ Dette var det einaste vedrørande § 213 som blei vedtatt slik komiteen hadde foreslått. Dette kan ha med å gjera at brot på § 213 blei sett på som ei mildare form for brotsverk samanlikna med t.d. valdtekt og overgrep mot barn.

Sjølv om endringsforslaget blei stoppa av departementet, kan det vera interessant å sjå på grunngevingane i innstillinga til Straffelovkomitéen. For det første blei det hevda at straffeforfølginga gjorde større skade enn nytte idet den ville medføra merksemd om saka, avhøyr av vitne osv.²⁶⁵ For det andre gjorde den medisinske kunnskapen det naudsynt å endra paragrafen når det gjaldt sex mellom personar av same kjønn.²⁶⁶ Det første argumentet har me sett var framme også på 1800-talet. Det andre argumentet hadde også Getz vore inne på i sitt utkast frå 1887, han såg samekjønnsseksualiteten som djupt rotfesta i den enkelte og det er sannsynleg at han kjente til det psykiatriske synet. At det medisinske aspektet fekk ein så stor plass i argumentasjonen, var likevel nytt for innstillinga frå 1925. Innstillinga viste til at forskning hadde vist at ein liten del av menneska var medfødd homoseksuelle og "*å sette straff for tilfredsstillelsen av medfødt homoseksuell kjønnsdrift, vil da for disse personer bety det*

²⁶² Som me såg hadde Hagerup 1916 tolka "omgjængelse" også til å gjelda gjensidig masturbasjon. Etter Thinn 1905 sin definisjon var dette heller "utuktig handling". At Straffelovkomiteen foreslo å bruka omgrepet utuktig handling kan ha vore for å gjera det klart at også gjensidig masturbasjon kom under paragrafen.

²⁶³ Ot. Prp. 8 (1927): 13.

²⁶⁴ Straffelovkomiteen 1927:149.

²⁶⁵ Ibid: 38.

²⁶⁶ Ibid: 38-39.

*samme som, om loven ved straffetrussel forbød den seksuelt normale manns og kvinnes kjønnslige omgang.*²⁶⁷ Komitéen meinte samtidig at det fanst ei gruppe menneske som var biseksuelle som ved forføring ville bli hindra i ei heteroseksuell utvikling og bli varig perverse. Derfor meinte komiteen det var naudsynt med det særlege vernet for unge personar som blei innfelt i forslaget til § 213.²⁶⁸ Forbodet mot prostitusjon blei grunna på følgande måte:

*Gjennem den frykt for skammen, som behersker homoseksualitetens ofre, får den mannlige, skamløse skjøge en makt over disse, som ikke alene utsetter dem selv for de groveste utpressinger, men til like kan gjøre ellers aktverdige mennesker til viljeløse redskaper i forbryderske planer.*²⁶⁹

I eit vedlegg til innstillinga gjorde Ragnar Vogt nærmare greie for sedskapsbrottsverk utifrå eit medisinsk perspektiv. Argumentasjonen var prega av den psykoanalytiske tilnærminga hans: varig homoseksualitet kunne utvikla seg gjennom uheldig påverknad til dømes i internatskular eller militærleirar.²⁷⁰ På den andre sida meinte han det var utvilsamt at det fanst ei gruppe menneske der homoseksualiteten var uttrykk for ein "*virkelig abnorm, mangelfuld konstitution.*"²⁷¹ Desse medisinske argumenta har tydeleg påverka forslaget: på den eine sida ville ein verna ungdom mot forføring, på den andre sida meinte ein det var urimeleg å straffa voksne biseksuelle som berre levde ut sin seksualitet.

Forslaget til Straffelovkomiteen blei altså stoppa av departementet. Men at det fekk ein viss innverknad, viser P. Kjerschows kommentar til straffelova frå 1930. Han la her til grunn eit skriv frå Riksadvokaten frå februar 1925, der det blei slått fast at det burde reisast tiltale etter § 213 første ledd når den eine parten var under 21 år, særleg når denne hadde vore utsett for forføring.²⁷²

Før eg presenterer funna frå lågare instansar vil eg kort gå inn på to relevante høgsterettsdommar. Den einaste slike dommen eg har funne etter § 213, var frå 1930.²⁷³ Ein mann hadde blitt dømt for sex med to gutar i 18-20 årsalderen, og hadde anka dommen med tanke på straffeutmålinga. Høgsterett fjerna då tilleggsstraffa på "*tap av borgerlige*

²⁶⁷ Ibid: 39. Merk også at dette var første gong omgrepet "homoseksuell" blei nytta i materialet knyta til arbeidet med lovgjevinga. (Til samanlikning: det blei første gongen blei brukt i ei fagbok av Holm 1896 og første gang i ei skjønnlitterær bok av Jæger 1924).

²⁶⁸ Ibid: 39.

²⁶⁹ Ibid: 40.

²⁷⁰ Vogt 1927: 165-166.

²⁷¹ Ibid: 165-166.

²⁷² Kjerschow 1930: 584.

²⁷³ *Norsk Retstidende* 1930: 64. Ein dom frå forhørsretten i Kristiania blei anka av påtalemakta i 1921, idet ein meinte straffa burde skjerpast. Anka blei forkasta av Høgsterett. (Kjennelse i høgsterett 21/11 1921, i Oslo politikammer, akter nr. 1053/1921.)

rettigheter", men lot fengselsstraffa på 6 månader utan vilkår bli ståande. I 1926 anka ein mann som var blitt dømt for "utuktig Omgjængelse" (§ 212) med mindreårige gutar, saka si til Høgsterett. Forsvaret meinte at dei fleste av brota til domfelte i staden kom under omgrepet "utuktig Handling", idet det var snakk om einsidig masturbasjon.²⁷⁴ Høgsterett slo imidlertid fast at dommen som hadde vore sagt i Lagmannsretten var rett.²⁷⁵ Denne dommen fekk presedens når det gjaldt bruken av omgrepet "utuktig Omgjængelse" i § 213.

Me har sett at endringsforslaget til Straffelovkomiteen frå 1925 ikkje blei vedtatt, men at det likevel hadde innverknad fordi det blei sitert i ei kommentarutgåve og at Riksadvokaten i eit skriv meinte at påtale etter § 213 skulle brukast når den eine personen var under 21 år. I det følgande skal eg drøfta bruken av § 213 i lågare instansar i Bergen og Kristiania/Oslo for å sjå om praksis svarte til desse retningslinjene.

Rettspraksis

I perioden dette kapittelet dekkjer kom det til dom etter § 213 13 gonger i Kristiania/Oslo og berre to gonger i Bergen.

Martin Skaug Halsos har gått gjennom bruken av § 213 i Kristiania/Oslo i perioden 1905-1950. Gjennomgangen viser at det blei dømd etter § 213 13 gonger før 1932.²⁷⁶ Til saman 12 personar blei dømde i desse sakene.²⁷⁷

I sju av desse 13 dommane blei det dømt etter *fleire* paragrafar, altså andre paragrafar i tillegg til § 213. Fem av dei var dommar der § 213 var nytta saman med andre paragrafar for *same* handlinga.²⁷⁸ Det gjaldt i alle tilfelle utuktige forhold til mindreårige, og paragrafane 195, 196 og 212 blei nytta i tillegg til § 213. Til dømes blei ein mann midt i tjuetåra i 1911 dømt til fengsel i 6 månader for å ha hatt seksuell omgang med ein gut på 15 år. For dette eine brotsverket blei han ramma både av § 213 og § 212 i straffelova.²⁷⁹

²⁷⁴ *Norsk Retstidende* 1926: 302

²⁷⁵ *Ibid*: 302.

²⁷⁶ I heile perioden (1905-55) fann han 16 dommar og sju saker som ikkje førte til dom. Sakene som ikkje førte til dom var meldte og etterforska saker (Halsos 1999: 121). Straffelovrådet sin statistikk frå 1953 (utarbeidd av Statistisk sentralbyrå) viste kun 11 saker (Straffelovrådet 1953:4-5). Statistikken er altså ikkje heilt korrekt.

²⁷⁷ Den eine saka som blei dømd i lagmannsretten var ei anke frå forhørsretten, slik at denn personen blei dømd to gonger. (SAO: Dom 2/11 1921 i Kra. meddomsrett og Dom 1/12 1921 i Oslo lagmannsrett). Ein person som blei dømt til fengsel på vilkår i forhørsretten i 1919, blei dømt i meddomsretten same året for nye brot. (SAO: Dom 4/4 1919 i Kra. forhørsrett og Dom 10/11 1919 i Kra. medd.r.) Medan det i ei av sakene blei dømd to personar (SAO: Dom 15/11 1922 i Oslo lagmannsrett)

²⁷⁸ SAO: Dom 17/11 1910 i Kristiania meddomsrett, Dom 22/5 1911 i Kristiania forhørsrett, Dom 4/4 1919 i Kristiania forhørsrett, Dom 15/11 1922 i Oslo lagmannsrett og Dom 28/6 1923 i sak 1237/23 i Kristiania forhørsrett.

²⁷⁹ SAO: Dom 22/5 1911 i Kristiania forhørsrett.

Dei to andre dommane der det også blei dømt etter andre paragrafar, gjaldt forskjellige handlingar.²⁸⁰ I den eine av desse blei ein mann i same dommen dømt etter §196 for å ha hatt sex med ein gut på 15 år og for brot på § 213 for å hatt sex med ein gut på 18 år.²⁸¹ Kjerschow sin kommentar til straffelova frå 1930 tolka det slik at § 213 skulle brukast der andre paragrafar ikkje kom til bruk, altså meir i tråd med praksisen i det siste dømet enn med det første.²⁸²

I alle tilfella gjaldt det brot på paragrafar som hadde høgare strafferamme enn § 213. Det er sannsynleg at det er desse brota som har gjort at det blei etterforsking i utgangspunktet. At det har kome til dom etter § 213 kan såleis ha samanheng med at brotet mot denne paragrafen kom i tillegg til andre brotsverk.

I tillegg til desse sju sakene der det blei dømd etter fleire paragrafar, var det seks saker der det *berre* kom til dom etter § 213. Sakene gjaldt fem dømde personar. Fire av desse personane hadde vore dømde før: I den eine saka, frå 1919, gjaldt det ein mann som tidlegare same året hadde vore dømd til fengsel på vilkår for sex med ein gut på 15 år og som nå hadde hatt forhold til to voksne menn.²⁸³ Ein mann som blei dømd i 1926, hadde før vore dømd for brot på § 212.²⁸⁴ Det same gjaldt ein mann som blei dømd i 1930.²⁸⁵ Om ein mann som blei dømd i 1928 såg ein som skjerpande at "*tiltalte i 1916 er dømt for homosexualitet*" og at han nokre månader før hadde vore sikta for brot på § 213, men at saka då hadde vorte henlagt i det påtalemakta ikkje meinte allmenne omsyn låg føre.²⁸⁶ Den siste av dei som blei dømt *berre* etter § 213 i Kristiania/Oslo, hadde ikkje vore straffa før. Mannen som var i byrjinga av 30-åra hadde hatt eit seksuelt forhold til ein gut på 17-18 år. Han blei dømd til 120 dagar fengsel av meddomsretten og skjerpande var det at det var grunn til å tru at han "*har drevet en trafik av samme art som i tiltalebeslutningen nævnt ogsaa med andre gutter og i adskillig utstrækning.*"²⁸⁷ Avgjerda blei anka, men Lagmannsretten endra ikkje dommen.²⁸⁸

Samanfattande er det i alle dommane frå Oslo "almene Hensyn" tilstades, i alle tilfella er det faktorar tilstades som har trekt til seg merksemd frå påtalemakta utover at det var eit seksuelt forhold mellom menn.

²⁸⁰ SAO: Dom 21/9 1921 i Kristiania forhørsrett og Dom 26/10 1921 i Kristiania forhørsrett.

²⁸¹ SAO: Dom 21/9 1921 i Kristiania forhørsrett.

²⁸² Kjerschow 1930: 584.

²⁸³ Påtale var kome til etter av Statsadvokaten erklært at almenne omsyn tilsa det. SAO: Dom 10/11 1919 i Kristiania Meddomsrett. Den første dommen var frå Kristiania forhørsrett 4/4 same året.

²⁸⁴ SAO: Dom 4/8 1926 i Oslo. meddomsrett.

²⁸⁵ SAO: Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett.

²⁸⁶ SAO: Dom 5/1 1928 i Oslo meddomsrett.

²⁸⁷ SAO: Dom 2/11 1921 i Kristiania meddomsrett: 403.

²⁸⁸ SAO: Dom 1/12 1921 i Oslo lagmannsrett.

Ved ein gjennomgang av Justisprotokollar frå Statsadvokaten i Bergen og Hordaland har eg funne berre to dommar etter § 213 i perioden 1905-1932 og to saker der det kom til frikjenning.²⁸⁹ Paragrafen er altså uhyre sjeldan nytta.

Ser me på førekomsten av etterforsking, meldingar etc. etter § 213 har påtalemaktas merksemd vore retta noko oftare mot paragrafen. I alt var politiets merksemd retta mot § 213 i 12 andre tilfelle enn dei nemnde.²⁹⁰ I tre av desse var det bestialitet som var brotsverket.²⁹¹ Ellers er det uklart kva som var brotsverket, men det er sannsynleg at majoriteten gjaldt seksuelle relasjonar mellom menn. Martin Skaug Halsos fann berre ein dom der det blei dømd for bestialitet i i Kristiania/Oslo. Dei to dommane eg har funne (og dei to frikjenningane) gjaldt sex mellom menn.

Det var altså berre to dommar etter § 213 i Bergen i perioden 1905-1932, og ingen dommar i Hordaland.²⁹² I den første dommen, frå 1906, blei ein 58 år gammal mann, som var innsett på arbeidsanstalten i Bergen, dømt til 120 dagars fengsel for brot på § 213 for å ha hatt sex med to menn, ein 16-åring og ein 27-åring.²⁹³ Den tiltalte meinte dei hadde vore med på det heilt frivillig, utan nokon form for forføring frå hans side. Retten ville likevel ikkje leggja dette til grunn. Som skjerpande blei det sett at dei to ofra ”*ialfald, en vis Grad lider af Aandssvagthed*”.²⁹⁴ I den andre dommen, frå 1916, blei ein mann dømd for brot på §§ 213 og 197.²⁹⁵ Han hadde forført/tvinga byssegutten (som var 16 ½ år) på den båten han var stuert til seksuell omgang, noko som i tillegg til å rammast av § 213 blei ramma av §197: ”*for at have*

²⁸⁹ Dei to sakene der det kom til dom var frå 1906 og 1916. (SAB: Hordaland Statsadvokatembete, Justisprotokollar: sak 100/06 i A11, Justisprotokoll 1905-07 og sak 331/16 i A 27, Justisprotokoll 1915-16.) Heretter blir referansen kun saksnummer og katalognummer for den enkelte justisprotokollen (døme: ”sak 100/06 i A11”). Eg har funne dommane med utgangspunkt i gjennomgangen i justisprotokollane. Dei to sakene der det kom til frikjenning var frå 1909 og 1916. (SAB: Hordaland Statsadvokat, Justisprotokollar: sak 109/09 i A 13 og sak 64/16 i A 27).

²⁹⁰ Ein blei tildelt ein advarsel (SAB: Hord. Statsadv., Justisprot.: sak 109/09 i A 13.) Ein fekk påtaleunntilting mot å betala ei bot. (SAB: Hord. Statsadv., Justisprot.: sak 573/26 i A 36.) I åtte tilfelle står det at politiet ikkje fann ”anledning til forføining”. (SAB: Hord. Statsadv., Justisprot.: sak 183/10 og 410/10 i A 15, sak 464/10 i A 16, sak 202/15 i A 25, sak 398/19 i A 31, sak 351/23 i A 34, sak 172/29 i A 38 og sak 346/31 i A 39.) I to av sakene blei vergerådet gjort merksemd på saka (SAB: Hordaland Statsadv., Justisprot.: Sak 398/19 i A 31, sak 346/31 i A 39), og i eitt av tilfella (som gjaldt bestialitet) blei den sikta mentalundersøkt og deretter sendt på sinnsjukehus, utan at det kom til tiltale. (SAB: Hordaland Statsadv., Justisprot.: sak 183/10 i A 15.) I to av sakene var det ikkje politiet som stogga etterforskinga men Statsadvokaten som sett foten ned, i det siste tilfellet fordi ”Almene hensyn antas ikke å påkreve påtale”. (SAB: Hordaland Statsadv., Justisprot.:sak 698/24 i A 35 og sak 26/26 i A36).

²⁹¹ SAB: Hordaland Statsadv., Justisprot.: Sak 183/10 i A 15, sak 351/23 i A 34, sak 26/26 i A 36.

²⁹² Når det gjeld dei etterforska sakene er det ikkje mogleg å slutta kor dei hørte til (om det var i Bergen eller i distrikta i Hordaland).

²⁹³ SAB: Bergen byrett, sak nr. 42/1906 i Bergen Fengsel, Akter i straffesaker nr. 145. (Byrettens arkiv frå før 1916 er sterkt redusert før 1916 pga. Bybrannen det året, men eg har altså funne denne dommen i fengselets arkiv).

²⁹⁴ Vedlagt i akta ligg ein erklæring frå legen ved anstalten som gjer greie for den mentale tilstanden til dei to.

²⁹⁵ SAB: Dom 24. juni 1916 i Bergen meddomsrett.

*havt utugtig Omgjængelse med nogen Person som er under 18 Aar, der er under hans Myndighed eller Opsigt”*²⁹⁶

Desse to dommane stadfestar inntrykket me fekk i materialet frå Kristiania/Oslo. Det blei ikkje dømt etter § 213 om det ikkje var særskilde forhold tilstades, eller viss brotsverket ikkje i tillegg blei ramma av ein annan straffeparagraf. Dei sakene som blei etterforska, men der det ikkje kom til dom, seier oss også at det var tvil om handhevinga av paragrafen. Statsadvokaten var også den som sette foten ned i to av sakene.

Ordlyden i § 213 sa at ein kunne bli straffa med opptil eitt års fengsel. Går me gjennom dei av dommane ovanfor der det berre kom til dom etter § 213 (i alt seks dommar), ser me at straffa låg tydeleg lågare i praksis. Den lengste straffa i desse tilfella var 120 dagar. Dette gjaldt mannen som hadde hatt sex med to andre innsette på arbeidsanstalten i Bergen, som skjerpande blei det sett at dei var på grensa til å vera evneveike.²⁹⁷ I ein dom frå Kristiania frå 1921 blei ein mann dømd til same straffa, det blei her sett på som skjerpande at det var grunn til å tru at han hadde drive på med same "trafikk" med mange fleire unge menn.²⁹⁸ Tre av dommane var på 90 dagars fengsel, ein på 60 dagar.²⁹⁹

Samanfattande kan me seia at § 213 *blei* handheva i perioden, og såleis ikkje var ein sovande paragraf i absolutt forstand. Når det er sagt meiner eg å ha vist at bruken av paragrafen var sjeldsynt. Den blei handheva når det var foregått andre brot (forhold til mindreårige) som hadde ein viss samanheng med brotsverket, eller annan paragraf blei nytta om same brotsverket. Der det *berre* blei dømd etter § 213 var tilfelle der domfelte tidlegare var dømde for liknande brotsverk, der forføring var inne i bildet (saka frå Bergen frå 1906), eller dersom personen hadde vore under etterforsking for fleire tilfelle. Det skulle altså ein del til for at forhold mellom voksne menn førte til påtale og dom.

Synet på samekjønnsseksualitet i rettspraksis

Kva uttrykker så materialet frå rettspraksis om synet på samekjønnsseksualitet? Kan me her sjå eit gjennombrot for den medisinske diskursen om homoseksualitet?

Ein dom frå 1921 var den første der det medisinske synet fekk gjennomslag og konsekvensar for straffeutmålinga. Pelsvarehandlar Kornelius Olsen* blei dømd etter §§ 196 og 213 for å ha hatt sex med menn og mindreårige gutar (15 år gamle). I dommen blei det

²⁹⁶ Ibid.

²⁹⁷ SAB: Bergen Fengsel, Akter i Straffesaker nr. 145.

²⁹⁸ SAO: Dom 2/11 1921 i Kristiania meddomsrett. Straffeutmålinga blei stadfesta i lagmannsretten (Dom 1/12 1921 i Oslo Lagmannsrett).

rekna som formildande at *"forbrydelsene maa antages at være utslaget av en sykkelig tilbøielighet hos s[iktede]."*³⁰⁰ Her er det tydeleg at den medisinske diskursen har fått eit gjennomslag også i retten si forståing av brotsverket. Dette kan illustrerast ved at at omgrepet homoseksuell blei nytta i politirapporten i denne saka, noko som er første gang i kjeldene knytta til rettspraksis.³⁰¹ I ein dom frå 1930 blei omgrepet for første gong nytta i sjølve dommen: *"Det må ansees overveiende sannsynlig at gutten må ha forstått at han hadde med en homoseksuel person å gjøre (...)"*³⁰² At han var homoseksuell blei også her sett som formildande i straffeutmålinga, då det blei teke omsyn til at *"hans seksuelle perversitet ikke skyldes noget forhold fra hans side..."*³⁰³ I andre dommar hadde ein ikkje på same måte erkjent at handlingane hadde samanheng med ein slik indre disponert homoseksualitet, men meinte likevel det var ein samanheng med noko avvikande i personen, til dømes ein dom frå 1919: *"Endvidere kan man ikke helt se bort fra, at den omstændighet at han i høi grad lider av epilepsi, muligens paa en eller anden maate kan ha været medvirkende aarsak til denne hans unaturlige forbrydelse."*³⁰⁴

Ellers blei forføring nytta som skjerpande. På den eine sida hang dette sannsynlegvis saman med ein meir tradisjonell moralsk forståingsmåte som gjekk ut på at ein kunne lokkast med på syndige handlingar. På den andre sida hang det saman med det nye freudianske synet der samekjønnsseksualiteten, som me har vist, blei sett på som noko som kunne lokkast fram hos alle (eller evt. ei større gruppe) frå ein ibuande biseksuell disposisjon.³⁰⁵ Den første forståingsmåten kan skimtast i ein dom frå 1919: *"i skjærpende retning er tat hensyn til forbrydelsens motbydelige karakter og den moralske skade den kan ha paaført gutten"*.³⁰⁶ I dommen mot Kornelius Olsen frå 1921 meinte retten at gutane hadde vore så pågåande at det ikkje kunne kallast forlokking, men at det likevel kunne sjåast som skjerpande at det gjaldt så unge gutar. Dei hadde ikkje den alderen og erfaringa som gjorde dei istand til å motstå *"sigtedes fristelser"*.³⁰⁷ I to andre tilfelle var det ikkje alderen til ofra, men deira mentale

²⁹⁹ SAO: Dom 10/11 1919 Kristiania meddomsrett, Dom 5/1 1928 i Oslo meddomsrett og Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett (90 dagar). Dom 4/8 1926 i Oslo meddomsrett.

³⁰⁰ SAO: Dom 21/9 1921 i Kristiania forhørsrett: 331.

³⁰¹ SAO: Rapport til Kristiania Politikammer 31/8 1921, i Oslo Politikammer, akter nr. 1053/1921.

³⁰² SAO: Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett.

³⁰³ SAO: Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett.

³⁰⁴ SAO: Dom 4/4 1919 i Kristiania forhørsrett: 274

³⁰⁵ Forføring/forlokkelse blei sett som skjerpande i: Dom 17/11 1910 i Kristiania meddomsrett, Dom 22/5 1911 i Kristiania forhørsrett, Dom 4/4 1919 i Kristiania forhørsrett. Om forføring og derav følgande skade på den moralske/seksuelle utviklinga til unge gutar har forekomme er eit viktig moment i utmålinga av straffen, også idet det i ei rekke av dommane blei argumentert for at det i desse tilfella *ikkje* hadde forekomme slik skade noko som då telte formildande.

³⁰⁶ SAO: Dom 4/4 1919 i Kristiania forhørsrett.

³⁰⁷ SAO: Dom 21/9 1921 i Kristiania forhørsrett.

tilstand som blei sett som skjerpande. Såleis var det i ein dom frå Oslo i 1928 der den eine mannen blei sett på som ein *"svak og viljesløs person som vistnok har stået under indflydelse av tiltalte"*,³⁰⁸ likeeins i den nemnde dommen frå Bergen i 1906 der det låg ved ei legeerklæring på at ofra (ein 16-åring og ein 27-åring) var sjeleleg svakt utvikla og der dette verka skjerpande på straffa.³⁰⁹

Bruken av psykiatriske erklæringar ser ut til å ha blitt vanlegare utover i perioden. Den første legeerklæringa i mitt materiale er frå saka på Arbeidsanstalten i Bergen i 1906. Her var det legen ved anstalten som foretok undersøkinga. Det var ikkje gjerningsmannen som blei undersøkt psykiatrisk, men dei to ofra. Det blei slått fast at dei ikkje var åndssvake, men den eine blei rekna som mindre intelligent og *"yderst forsømt saavel i legemlig som aandelig henseende."*³¹⁰ Om den andre *"Heller ikke i psykiatrisk henseende finder jeg noget særligt abnormt hos ham."*³¹¹ I legeerklæringa blei det ikkje stilt spørsmål om personane hadde ein spesiell disposisjon. Legen ser ut til å meina at dei hadde vore utsett for forlokking, om den eine blei det skrive at han hadde vore utsett for *"sodomitisk attentat"*.³¹² Det er mogleg erklæringa hadde fokusert på handlingane som noko personen var disponert for, viss det var den tiltalte (seinare dømde) som hadde vore gjenstand for undersøkinga. Men det kan like gjerne vera at dette ikkje var ei aktuell problemstilling på dette tidspunktet. Homoseksualiteten som fenomen blei drøfta på møte i Det Medicinske Selskab i Kristiania i 1906 og 1907, men det er tvilsomt om denne medisinske diskursen var allment kjent eller innarbeida hos legar før dette.³¹³

Ein mann som blei dømd i Oslo meddomsrett i 1930 fekk, som me såg ovanfor, mildare straff fordi perversjonen hans ikkje skuldast noko frivillig.³¹⁴ Han hadde før han blei dømt i 1930 alt vore dømt tre ganger for sedskapssbrot mot yngre gutar.³¹⁵ Første gang han var undersøkt av lege var av politilege Kristensen i 1927, som skreiv: *"Jeg anser ham som en nervøs psykopat med homoseksuelle tilbøyeligheter [sic], men har ikke kunnet påvise noget som skulde tyde på at han var sindssyk."*³¹⁶ I 1930 skreiv politilegen at homoseksualiteten var

³⁰⁸ SAO: Dom 7/1 1928 i Oslo meddomsrett.

³⁰⁹ SAB: Bergen byrett, sak nr. 42/1906 i Bergen Fengsel, Akter i straffesaker nr. 145/1906.

³¹⁰ SAB: Legeerklæring, Anton Gjærding, Bergen Arbeidsanstalt den 8. marts 1906, i Bergen Fengsel, Akter i straffesaker nr. 145/1906.

³¹¹ Ibid.

³¹² Ibid.

³¹³ Rettnok hadde Harald Holm halde forelesingar i psykiatri om homoseksualitet, og Carl August Looft skrive ein artikkel om eit tilfelle av homoseksualitet i Medicinsk Revue frå 1896.

³¹⁴ SAO: Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett.

³¹⁵ Ibid.

³¹⁶ RA: Kristensens erklæring frå 1/12 1927 sitert i Rettspsykiatrisk erklæring 22/4 1941, i Den rettsmedisinske kommisjon, rettspsykiatriske erklæringar, journ.nr. 483/55: 3.

medfødd, men at den blei utløyst av alkohol og av den livsstilen som følgde med livet som omreisande songar.³¹⁷ At retten fann det formildande at den dømtes perversjon "*ikke skyldes noget forhold fra hans side*", var sannsynlegvis ei slutning trekt på bakgrunn av desse erklæringane frå politilegen.³¹⁸ Eg har også funne rettspsykiatriske erklæringar for ein mann som ved ei rekke høve blei dømd for sex med mindreårige tenåringsgutar.³¹⁹ I ei erklæring frå 1920 blei det slått fast at "*(h)ans homoseksualitet er medfødt*".³²⁰ I ei erklæring frå 1924, gjort då han var tvangsinnlagt i asyl, skreiv legane Kristensen og Lofthus:

*Med hensyn til hans maate at optræ paa synes det utvilsomt, at der er noget vist kvindeligt og kjælent i hans væsen. Hans stadige smil er bredt og fjollet. En dag optraadte han i en høist iøinefaldende røkejakke og var meget optatt av den selv.*³²¹

Dette går tydeleg inn i skildringa av han som homoseksuell; det feminine tente som prov på at han var medfødd homoseksuell.

At ein person var homoseksuell, at tiltrekkinga til personar av same kjønn hadde bakgrunn i ein biologisk/psykologisk disposisjon, var altså i ferd med å bli relevant også i den juridiske diskursen i denne perioden. Når handlingane ikkje lenger utelukkande kunne forståast i lys av ein rett/galt-diskurs, men måtte forståast utifrå trekk som låg djupt i den enkelte personen, måtte det få konsekvensar for forståinga av brotsverket og utmålinga av straffa. Gjennomgangen av dommane og dei rettspsykiatriske erklæringane viser at den nye medisinske kunnskapen var i ferd med å etablera seg som premissleverandør også for retten.

Erotiske møte og identitetsdanning

Journalisten Svein Skeid intervjuar i 1990 Einar* som flytta til Kristiania som ung mann i 1915.³²² Einar fekk jobb på hotell, og blei kjent med andre homoseksuelle menn gjennom arbeidet. Gjennom desse kom han inn i eit homoseksuelt miljø, han blei tatt med på restaurantar der homoseksuelle danna ein viktig del av klientellet, og han blei etterkvart kjent med kor ein kunne gå for å få kontakt med andre homoseksuelle menn. Forutan restaurantar som Tostrupkjelleren, som i følge Einar var møtestad for homoseksuelle menn alt på 1920-

³¹⁷ Kristensen si erklæring frå 21/3 1930 sitert i ibid.

³¹⁸ SAO: Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett.

³¹⁹ Då dommen ikkje er klausulert (er eldre enn 80 år) vil eg her ikkje oppgi referansen til denne, då dette ville identifisera han i dei rettspsykiatriske erklæringane (som er yngre enn 80 år, og dermed klausulerte.) Dommen er heller ikkje nemnd andre stader i materialet, då det blei dømt etter andre paragrafar enn § 213.

³²⁰ RA: Rettspsykiatrisk erklæring 25/10 1920 i Den rettsmedisinske kommisjon, rettspsykiatriske erklæringar, journal nr. 326/47 s. 29.

³²¹ RA: Rettspsykiatrisk erklæring 6/10 1924 i ibid.

³²² Skeid 1990.

talet, fanst det eit mylder av møtestader i det offentlege rommet: parkar, badehus, badeplassar i friluft og offentlege toalett.

Forteljinga til Einar viser at det eksisterte ei verd i hovudstaden der ein kunne møte andre menn. Denne verda var delvis skjult for dei uinnvigde, ein måtte kjenna kodane og sjå etter dei rette tinga. Kjeldene i tilknytning til brota på § 213 seier mindre om denne verda for perioden 1907-1932 enn for perioden før. Til gjengjeld finst det fleire typar kjelder som kan seia noko om dette. Legg me saman inntrykket me får frå kjeldene knytt til bruken av § 213, intervju utført av Skeid, og andre biografiske opplysningar, kan me sjå konturane av ei mannleg homoseksuell verd i hovudstaden, og delvis også i Bergen.

Vidare i dette kapittelet vil eg først drøfta eksistensen av møtestader i Kristiania/Oslo og Bergen, deretter vil eg drøfta kva sjølvforståingar menn som søkte sex og kjærleik med menn hadde.

Kristiania hadde, som me såg i førre kapittelet, hatt ein eksplosiv vekst i folketalet på andre halvdel av 1800-talet. Veksten i sjølve byen var lågare på 1900-talet; den verkelege auken kom i forstadene, som låg i Aker kommune.³²³ Dei to kommunane Kristiania/Oslo og Aker hadde i år 1900 tilsaman 250.000 innbyggjarar, medan dei i 1930 hadde 341.000.³²⁴ Bergen hadde ei liknande utvikling: forstadene voks mest. Bergen by voks frå kring 70.000 innbyggjarar i 1900 til 98.000 i 1930.³²⁵ Årstad kommune blei innlemma i 1915, og i forstadene i dette området kom største del av folkeauken.³²⁶

I både Kristiania/Oslo og Bergen var utviklinga at forstadene voks. I Kristiania/Oslo blei inndelinga i austkant og vestkant forsterka. Utviklinga der sentrum blei mindre viktig som bustadsområde kom òg i Bergen, sjølv om ho var mindre sterk enn i Kristiania/Oslo.³²⁷ Dei store parkane blei bygde som rekreasjonsområde for folket, som grønne lunger i dei større byane. I Oslo blei Frognerparken utvida og parkanlegg lagt langs Akerselva i mellomkrigstida.³²⁸ Den store Nygårdsparken i Bergen var etablert på 1880-talet.³²⁹

Denne byutviklinga og den moderne homoseksuelle er for Henning Bech to samanfallande fenomen. Han ser på dei store jernbanestasjonane som blei bygde kring hundreårsskiftet som brennpunkt for denne utviklinga:

³²³ Kjeldstadli 1990: 154.

³²⁴ Ibid: 154.

³²⁵ Fossen og Grønlie 1985: 139.

³²⁶ Ibid: 140.

³²⁷ Ibid: 185.

³²⁸ Kjeldstadli 1990: 413.

³²⁹ Ertresvaag 1982: 175.

*From the latter half of the nineteenth century the large railway stations appear in the cityscape at the same time as the homosexual. They have no doubt played a part in producing this modern creature, not merely being places through which he was conveyed into the city, but also providing by virtue of their peculiar ingredients and atmosphere a fertile soil for this particular form of existence and perhaps even this erotic interest.*³³⁰

Bech ser jernbanestasjonane som konsentrat av modernitetens urbanitet, av dei moderne livsvilkåra. Dei inneheld alle elementa i moderniteten: folkemengda, den konstante flyten av nye menneske, framandgjeringa og likesæla, kjensla av rørsle, seksuell opphissing, potensiell fare og overvaking, høve til å flytta på seg og følga etter, for å nytta blikket, senda signal, forsvinna i mengda osv.³³¹ Andre stader som kunne ha den same funksjonen er t.d. kaiområda i dei mest hektiske timane eller på kveldstid når dei er meir folketomme. På liknande vis fungerte ulike område i byane som parkar og hovudgater.

Kjeldematerialet viser at jernbanestasjonar var ein av dei møtestadene som blei nytta. I Sedelighetspolitiet sitt materiale frå Oslo ser me eit tilfelle der to menn møtte einannan på Østbanestasjonen i 1909.³³² Ei vitneforklaring frå ei sak frå 1938 fortel om eit liknande møte på jernbanestasjonen i Bergen i 1927.³³³ Jernbanestasjonane var stader der det ferdast stadig nye menneske. Ein kunne forsvinna i mengda.

Desse møta er symptomatiske for dei me finn i kjeldematerialet: dei foregår mellom framande i offentlege rom i byen. I følge Einar var parkar ein viktig møtestad, og han sa at ein kunne møta menn som søkte seksuell kontakt i Slottsparken, Frognerparken og på Birkelunden på Grünerløkka alt frå dei første åra han levde i Kristiania, det vil seia på 1910-talet.³³⁴ Sedelighetspolitiet sine journalar underbygger dette bildet: ein mann blei meld etter å ha antasta to gutar på Jubileumsutstillinga i Frognerparken i 1914.³³⁵ Ellers fortel journalane om to tilfelle der Slottsparken hadde vore brukt som treffstad: I 1915 hadde ein 30 år gamal farmasøyt fått ei åtvaring for å ha *"faaet med sig en gutt [N.N.] 15 aar op i Slottsparken og taget ham i skrævet udenpaa benklæderne og ville have gutten til at gjøre det sm. med ham."*³³⁶ Likeeins hadde ein mann hatt seksuell omgang med ein 15 ½ år gamal gut i Slottsparken i 1923.³³⁷

Offentlege toalett var ein annan utbreidd møtestad, noko Svein Skeid sine informantar taler tydeleg om. I Sedelighetspolitiet sitt materiale finn me likevel berre ei slik sak, frå

³³⁰ Bech 1997: 158.

³³¹ Ibid: 159.

³³² SAO: Oslo politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journal over sedelighetsforbrytere 1: 514.

³³³ SAB: Dok 58 i Mappe II i Bergen politikammer, Akter i straffesaker 2440.

³³⁴ Skeid 1990: 32, 34.

³³⁵ SAO: Oslo politikammer, Sedelighetsadvelingen, Journal over sedelighetsforbrytere 2: 115.

³³⁶ Ibid: 120.

1908.³³⁸ Ellers blei gater og offentlege stader der det ferdast mykje folk og ein kunne vera anonym i mengden nytta. Einar fortalde til Skeid at Karl Johans gate var eit kontaktknutepunkt for homoseksuelle menn i alle fall sidan han kom til Kristiania i 1915.³³⁹ Kinosalens mørke kunne og nyttast til å få kontakt: Ein 19 år gamal tapetserarsvenn var ifølgje Sedelighetsavdelinga ved politikammeret i 1911 meld for tilnærmingar til gutar på ”kinematographtheatre”.³⁴⁰

Bada var ein annan møtestad. Skeids informantar meiner Bislett Bad fungerte som ”sjekkestad” alt frå opninga i 1921. Også Torggata bad fungerte på den måten.³⁴¹ I Odd M. Syversens bok om kriminalforfattaren og journalisten Sven Elvestad (som ofte skreiv under psevdonymet Stein Riverton), blir det trekt fram ei historie om korleis Elvestad møtte ein ”*ung muskuløs Adonis*” i Torggata Bad.³⁴² Ein av dei tiltalte i ei større sedskapssak i Bergen i 1938 fortalde at han på 1920-talet hadde brukt Marken folkebad som sjekkestad.³⁴³

Ellers fanst det restaurantar/skjenkestover med ein relativ stor del homoseksuelle menn. Einar fortalde at Tostrupkjelleren ved Stortinget alt på 1920-talet var ein slik treffstad. Her kunne ein få mat og kaffe til ein rimeleg pris, og det samla seg menneske frå forskjellige samfunnslag.³⁴⁴ Opplysningane frå ein dom frå 1928 kan underbygga dette bildet: Ein 41 år gammal mann oppsøkte ein mann som jobba som kokk på Tostrupkjelleren. Dei gjekk så heim til kokkens rom og hadde seksuell omgang.³⁴⁵

Det fanst gode høve for menn som ville treffa andre menn for sex og kjærleik i Kristiania/Oslo i perioden. Kjeldene kan også indikera tilsvarande i Bergen. I tillegg til det nemnde treffet på jernbanestasjonen og på Marken folkebad, fortalde ein av dei etterforska i 1938-saka at han hadde hatt kontaktar med homoseksuelle menn i lengre tid. Han hadde innleia eit forhold til ein mann i 1919 og hadde kjent ein annan homoseksuell mann sidan kring 1920.³⁴⁶

³³⁷ Ibid: 200.

³³⁸ SAO: Oslo politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journal over sedelighetsforbrytere 1: 490.

³³⁹ Skeid 1990: 32.

³⁴⁰ SAO: Oslo politikammer, Sedelighetsavdelingen, Journal over sedelighetsforbrytere 2: 30.

³⁴¹ Skeid 1990: 30.

³⁴² Syversen 1986: 80.

³⁴³ SAB: Dok 58 i Mappe II i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440. Markens folkebad blei tatt i bruk i 1906 som det andre innandørs offentlege badehuset i Bergen. Det første var Wieseners folkebad i Sandviken. (Ertresvaag 1982: 528).

³⁴⁴ Skeid 1990: 30, 32.

³⁴⁵ SAO: Dom 7/1 1928 i Oslo meddomsrett.

³⁴⁶ SAB: Dok 37.7 i Mappe II i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

Så langt har me skildra møtestader. Men kva blei lagt i møta? Kva identitetar blei forma? La oss byrja med to døme på menn frå meir privilegerte lag av samfunnet, og korleis deira identitetsprosess arta seg.

Skodespelaren Arne Bang-Hansen (1911-1990) kom frå ein borgarleg familie på Oslo vestkant. I sjølvbiografien *Fra mitt skjeve hjørne* frå 1985, skreiv han om korleis han som fjortenåring fann ut at han hadde kjensler for andre gutar. Som 17 åring blei han sendt til England, til Dover i Kent, for å arbeida som kontorassistent og læra engelsk.³⁴⁷ Fritida brukte han til å bada i kanalen:

Da dukket det opp en 22-årig flyløytnant, Douglas Fitz Patrick fra Royal Air Force. [...] han hadde sans for en liten sorthåret fyr fra Norge. Han hadde flyuniform og en toseters sportsvogn. Herregud, det skulle ikke store overtalelser til, før jeg satt i sportsvognen på vei mot mer usjenerte omgivelser under "klippene ved Dover". Et kort romantisk og hektisk eventyr. Javel, men det var noe mer. Han hadde venner. Kamerater fra det militære, muligens Air Force. De var eldre enn ham. En pensjonist med deilig hus og have. Et par andre. Jeg har glemt navnene, men ikke dem. Ikke glemt måten de tok imot meg på. Jeg var plutselig innlemmet i et broderskap, om jeg kan uttrykke det slik. Her var plutselig et samhold, en forståelse, diskret, kultivert og jeg var en ung gjest fra Norge som hørte til blant dem. Det var en enorm opplevelse. Jeg var ikke alene. Jeg var ikke den eneste.³⁴⁸

Den unge Ferdinand Finne (1910-1999) hadde ei liknande oppleving av å møta eit miljø i utlandet. Biografen Thore J. Elton skriv om ei reise Finne hadde til Berlin på andre halvdel av 1920-talet for å besøka kameraten Stein Grieg Halvorsen:

De hører Berlioz med Berliner Filharmonikerne, ser Brecht på Volksbühne og Rigoletto og Fidelio på Statsoper. Gatelivet rundt Unter den Linden og Alexanderplatz er grensesprengende. Og etter at Stein er gått hjem tar en fremmed Ferdinand med til en lukket klubb i Friederichstrasse. Sjokket er fullkomment. Et møte med en ikke mulig virkelighet. Dagens etterpå kveles opplevelsen i dårlig samvittighet. Er det virkelig slik? Er han virkelig slik?³⁴⁹

Berlin var sentrum for den mest openlyse homoseksuelle subkulturen i mellomkrigstida, med eit rikt utval av barar, nattklubbar og organisasjonar.³⁵⁰ Men heime igjen i Oslo var det vanskelegare å finna noko miljø. Møtet med ei bok endra dette for Finne:

³⁴⁷ Bang-Hansen 1985: 19-20.

³⁴⁸ Ibid: 21.

³⁴⁹ Elton 2000: 33.

³⁵⁰ Berlin hadde som nemnd i førre kapittel vore utgangspunktet for den tyske homoseksuelle frigjeringsrørsla alt på 1890-talet. Det heile kulminerte imidlertid under Weimarrpublikken (Larø 2000: 227). Sjå og Silverstolpe 1980: 79-107 om svensken Eric Thorsell sitt opphald på Hirschfeld sitt Institutt for seksualvitskap i Berlin (som var oppretta i 1919).

"Under Karl Johans skygge". Det er antydningene i boken; unge menn på isbjørnskind, beskrivelsen av det lukkede rommet, det som lå mellom linjene, som fanger Ferdinands blikk, da han blir i den i et antikvariat. Han er innom to ganger før han tør kjøpe den. Han leser den om kvelden. Boken er ikke på noen måte erotisk, men den lar den som kan lese det usagte, lese det usagte. Og som i Berlin, opplever han nok en gang denne frydefulle skammelige erkjennelse av ikke å være alene. Ikke en gang i Oslo.

Men hvor? Ferdinand flanerer sent på Karl Johan. Alene. Noen eldre menn ser på ham. Han kjenner blikket bli hengende, ser bort. Og går alene hjem.³⁵¹

Både Bang-Hansen og Finne blei utsett for overtalingar om medisinsk behandling. I følge Thore Elton ville faren til Finne senda han til elektroshokkbehandling.³⁵² Bang-Hansen skulle utsettjast for kirurgiske inngrep på kjønnsorganet på Ullevål sjukehus.³⁵³ Begge klarte å komma unna dette. Seinare kom begge i kontakt med psykoanalytikarar. Finne rådslo seg med ein slektning som òg var homoseksuell, og gjekk i to månader i psykoanalyse til det var slutt på pengane og motivasjonen.³⁵⁴

Bang-Hansen blei kjent med psykoanalytikaren Trygve Bråtøy og ba om å få komma til konsultasjon hos han. Slik skildrar han terapisisituasjonen:

Jeg lot munnen gå. Fortalte løst og fast om meg selv. Uten hemninger. Til slutt lå han under bordet av latter. (Man bør ikke le av pasientene.) Nede fra gulvet ropte han opp til meg:

-Ønsker du noen forandring?

-Nei ropte jeg tilbake.

Det ble med den ene konsultasjonen.³⁵⁵

Både Bang-Hansen og Finne kom altså i kontakt med miljø av homoseksuelle frå høgare klassar og dei blei direkte konfronterte med den medisinske kunnskapen om den homoseksuelle. På denne måten danna dei seg ein identitet som homoseksuelle i skjeringpunktet mellom den medisinske diskursen og eit miljø av menn som var kunstnarar, skodespelarar og intellektuelle. Dei er i alle høve berre representative for eit lite sjikt i samfunnet.

Forfattaren og journalisten Alf Martin Jæger frå Alta er eit døme på ein som levde utanfor det økonomiske og kulturelle etablissementet. Han var fødd i 1895 og voks opp som

³⁵¹ Elton 2000: 38-39. Boka det her blir referert til er etter alt å dømma *I skyggen av Karl Johans* av Øvre Richter Frich, skrive under psevdonymet Rita Freimann i 1912 (Freimann 1912).

³⁵² Elton 2000: 53.

³⁵³ Bang-Hansen 1985: 23. Aas 1932: 37-38. Arne Bang-Hansen skriv i sjølvbiografien sin at det var meininga at han skulle få transplantert på testiklar frå ein okse (Bang-Hansen 1985: 23) Dette høyrer heilt usannsynleg ut, men det kan vera det han her refererer til er dei undersøkinga me har sett hos Steinach og referert hos Evang. Ei studie av denne praksisen skulle kunna vera mogleg gjennom å sjå på pasientjournalar frå Ullevål sjukehus.

³⁵⁴ Elton 2000: 42.

³⁵⁵ Bang-Hansen 1985: 26.

fosterson i ein gardbrukarfamilie i Alta.³⁵⁶ Han leverte som ung artiklar til sosialisten Ellisif Wessels tidsskrift *Klasse mot klasse*, jobba seinare som lærar, skreiv for arbeidarpartiavisa Nordlys og sat i mange år som kommunepolitkar for Arbeidarpartiet i Skjervøy. Han døydde i 1967.³⁵⁷

I 1924 gav han ut romanen *Odd Lyng* på Norske Forfatters forlag, der det sentrale temaet var hovudpersonens homoseksualitet. Året før hadde han gitt ut kortromanen *Strengen brast*, der det hadde blitt ymta om at hovudpersonen var homoseksuell.³⁵⁸ I *Odd Lyng* var sjølve hovudtemaet i boka at hovudpersonen var homoseksuell, og det var første gangen omgrepet blei nytta i ei norsk skjønnlitterær bok. Den tredje (og siste) romanen til Jæger kom i 1950 og var ein ungdomsroman der homoseksualitet var hovudtemaet.³⁵⁹ Dette var altså eit særst viktig tema for Jæger, og utvilsamt basert på personlege erfaringar.³⁶⁰ Det kan vera særleg interessant å sjå nærmare på *Odd Lyng* frå 1924.

Hovudpersonen, den unge mannen Odd Lyng, kjem til ein mellomstor by for å jobba i ei avis. Han blir forelska i Carsten Ulve, som går siste året på gymnaset ein gong til. Svært forenkla handlar resten av boka om Lyngs forhold til seg sjølv som homoseksuell. Han har ei klar kjensle av å vera annleis: ”*Gud, hvorfor skapte du mig som mand og gav mig en kvindes hjerte?*” Her ser me kjensla av å vera kjønnsleg omsnudd – som var ein del av oppfatningane i den medisinske diskursen. Han reflekterer også over samfunnet si behandling av homoseksuelle:

*Men naar en nu engang er slik at en ikke kan bli tilfredsstillet uten netop det som menneskene har laget love imot, skal en da ikke ha lov til at følge sin naturs krav? Nei, en skal leve og lide. En skal lutres i en skjærsild – i et helvede her paa jorden. En skal være en forsagende asket som ikke forgriper sig paa andre mennesker. Det blev ens karma.*³⁶¹

Odd Lyng les Oscar Wildes ”Dorian Grays Portrett” og reflekterer over at den store forfattaren blei straffa så hardt.³⁶² Han samanlikna seg òg med den danske homoseksuelle forfattaren Hermann Bang, han skilde seg på same måte ut i stil og framtoning og folk snakka

³⁵⁶ Folketeljinga 1900 for Alta (www.digitalarkivet.no).

³⁵⁷ Gatland 1990: 110-111.

³⁵⁸ Jæger 1923.

³⁵⁹ Jæger 1950.

³⁶⁰ I følge Jan Olav Gatland er Tromsø Folkebibliotek sin versjon av boka er det skrive dei ”rette” namna på personar, bygningar og stader ved sida av dei fiktive namna. (Gatland 1990: 113).

³⁶¹ Jæger 1924: 55.

³⁶² Ibid: 99.

om han.³⁶³ Ved å bruka desse referansane til kjende homoseksuelle, får Jæger fram at Lyng er medviten om seg sjølv som homoseksuell.

Boka har ein tydeleg agenda: ho vil setja fokus på homoseksualitet og den fortvila situasjonen samfunnets haldningar set dei homoseksuelle i. Sjølv om Odd Lyng ikkje kan komma på episodar som kan avsløra han, er han redd:

For at huse homoseksuelle tanker kunde da ikke være forbrydersk. Og likevel var det et ord som daglig stod for hans blik.

Sædelighedsforbrydelse.

Tok han en avis fandt han næsten altid en liten notis:

*"Sædelighedsforbrydelse" eller "dømt sædelighedsforbryder".*³⁶⁴

Same året som *Odd Lyng* kom ut, debuterte Sigurd Bodvar (1901-1996) med prosaboka *Før livet kan komme*. I boka, som har sterke sjølvbiografiske drag, skreiv Bodvar:

*Ja hvor ofte ønsket han sig annerledes enn han var! Ganske, ganske annerledes ville han gjerne vært. – I grunnen burde vel en person av hans slag, et menneske med slike følelser og tilbøyeligheter selv hvor han var sannest, fornemme beskjemmelse og forlegenhet ved seg selv. Men gud eller naturen hadde nå en gang latt ham passere slik han var (...)*³⁶⁵

I motsetning til Finne og Bang-Hansen sto Bodvar og Jæger utanfor noko homoseksuelt miljø. Som lesande og skrivande menneske har dei likevel hatt gode føresetnader for å tileigna seg det synet på homoseksualitet som blei rådande i den medisinske diskursen. Det å danna seg ein homoseksuell identitet på denne måten kan me såleis rekna med var avgrensa til mindre gruppe av menneske.

Å få eit innblikk i korleis identitetsdanninga gjekk føre seg blant menn som søkte kjærleik og sex med menn i lag av samfunnet utanfor den kulturelle mellomklassen og borgarskapet, er vanskelegare. Kjeldene frå rettsforfølginga kan gi nokre små glimt. Pelshandlar Olsen som blei dømt i 1921 skreiv i eit brev til Riksadvokaten at dei utuktige handlingane han hadde utført *"har været utslag av en sjælelig eller legemlig forstyrrelse, og jeg har pint mig selv med de største selvbebreidelser."*³⁶⁶ Han la til at han i ettertid hadde lukkast å *"vinde herredømme"* over seg sjølv. I avhøyr hos politiet før han blei dømt i forhørsretten, hadde han imidlertid i følge politirapporten derimot sagt at han ikkje hadde *"homosexuelle tilbøieligheter"*.³⁶⁷ Om det var han sjølv som nytta omgrepet, eller om det var

³⁶³ Ibid: 22.

³⁶⁴ Ibid: 107.

³⁶⁵ Bodvar 1993: 65-66. Språket er noko modernisert i denne utgåva frå 1993, i forhold til førsteutgåva frå 1924.

³⁶⁶ SAO: Brev til Riksadvokaten frå K. Olsen 7. oktober 1921 i Oslo politikammer, akter nr. 1053/1921.

³⁶⁷ SAO: Rapport til Kristiania politikammer 31/8 1921, i Oslo Politikammer, akter nr. 1053/1921.

politiet, er vanskeleg å seia. Uansett er dette første gang omgrepet blir nytta i materialet i tilknytning til straffeforfølgninga av sex mellom menn. Interessant er det også å sjå at han i brevet til Høgsterett såg handlingane som resultat av ei sjeleleg forstyrring. Sannsynlegvis hadde han då sett at dette var noko som kunne tala til sin fordel, at det var ei drift han hadde gitt etter for og såleis utslag av noko som låg delvis utanfor hans makt. Samtidig sa han at dette var noko han seinare hadde fått herredømme over. Dette viser ambivalensen i bruken av denne forståinga av samekjønnsseksualiteten. På den eine sida var det eit argument for ikkje å straffa då noko ein ikkje kunne klandrast for noko ein *var*. På den andre sida ville ei innrømming av at ein var homoseksuell gjera at ein blei utsett for merksemda til påtalemakta også i framtida. Derfor sa han at han truleg at han nå hadde herredømme over dette.

I forhørsretten sa ein av dei Olsen hadde utøvd utukt mot, ein 15 år gammal gut, at han hadde "*hørt snakk om folks av s's [siktetes, min merkn.] art, og hadde nok en viss anelse om at s. var slik*".³⁶⁸ Likeeins sa ein annan av gutane at han då Olsen hadde gjort tilnærmingar til han forstod "*av hvad slags s. var*" og han kom seg unna.³⁶⁹ Ein av gutane hadde også sagt til ein annan av dei at han kunne få ti kroner av Olsen viss han la seg i senga hans. Han hadde då skjønt at han sikta til at mannen var "sodomit".³⁷⁰ Kva skulle så omgrepet "sodomitt" forståast som i denne samanhengen? Det kan verka som at det refererer til eit personlegdomstrekk, at ein såg på Olsen som ein som *var* på ein spesiell måte i kraft av at han hadde seksuell interesse for menn. Slik sett kan det vera ein indikasjon på at diskursen om den homoseksuelle og ideen om den homoseksuelle som eksistensform låg bak. For å kunna trekka nokre vidare slutningar om dette, må ein ha meir kunnskap om kva vitnet la i omgrepet, noko politirapporten eller rettsdokumenta ikkje gjev.

I ei rettspsykiatrisk erklæring frå 1921 sa den tiltalte, tiltalt for sex med mindreårige gutar, at han ville utvandra til "*et andet land, hvor man ikke tar det så nøie*".³⁷¹ Han hadde ei oppfatning av at Spania eller Italia var stader der det var meir akseptert med forhold til menn.³⁷² Desse glimta frå rettskjeldene indikerer at det blant menn som hadde forhold til menn, var i ferd med å bli utbreidd ei ny form for identitetsdanning.

Ei anna type kjelder som kan gi innsikt i dette, er materiale nedteikna av lensmann Øivind Ribsskog. Han gav i 1963 ut boka *Kremmere* kor han fortalde om menn i

³⁶⁸ SAO: Forhør i Kristiania forhørsrett 2/9 1921, i Oslo Politikammer, akter nr. 1053/1921.

³⁶⁹ Ibid.

³⁷⁰ SAO: Rapport til Kristiania politikammer 31/8 1921, i Oslo Politikammer, akter nr. 1053/1921.

³⁷¹ RA: Rettspsykiatrisk erklæring 6/6 1921, i Den rettsmedisinske kommisjon, rettspsykiatriske erklæringer, journal nr. 326/47: 4.

³⁷² Ibid: 6.

omstreifarmiljøet i bygdene kring Oslo på første halvdel av 1900-talet.³⁷³ I manuskriptsamlinga ved Nasjonalbiblioteket ligg fylldigare biografiar av enkelte av omstreifarane.³⁷⁴ Fleire av desse kan vera interessante i denne samanhengen. Ein del av dei mannlege omstreifarane gjekk under kvinnelege kallenamn. *Oskar Dame* gjekk i følge Ribsskog i kåpe i stadenfor frakk, og var liten og sped.³⁷⁵ Ein annan gjekk ganske enkelt under namnet *Dama*.³⁷⁶ Desse historiene gir eit ganske anna bilde enn det ein får av t.d. Bang-Hansen og Finne. Dei tyder på ein annan måte å forstå samekjønnsseksualiteten på. Ribsskog skreiv òg om korleis to andre omstreifarar ville undersøka kva kjønn Oskar Dame hadde og ha seksuell omgang med han. Avtalen var at dei skulle betala to kroner kvar for dette. I staden sprang dei frå han, utan å betala. Historia viser at det for dei to mennene ikkje var sentralt kva kjønn seksualpartneren var av, så lenge dei spelte den mannlege rolla i samleiet.³⁷⁷ Oskar Dame levde også i lengre tid i lag med ein omstreifar med tilnamnet *Hammeren*, til han blei forlatt til fordel for ei dame. Ein annan, *Nordavinn*, hadde derimot ikkje desse feminine attributtane. Ribsskog formulerte det slik: ”han var bakstrever og hilste kun på mannfolk, klemte dem godt i handa og sa ”Mor’n smukken””.³⁷⁸

Historiene vitnar om ein annan modell enn ideen om den homoseksuelle. Ved å spela ei feminin rolle (og ha ein feminin framtrede) kunne desse mennene opptre som kvinner, og andre menn kunne sjå på dei som kvinner når det gjaldt å foreta seg seksuelle handlingar med dei. Historiene kan tyda på at mennene dei hadde forhold til blei sett på som ”normale” menn, medan Oskar Dame og Dama blei sett på som dei avvikande. Slike relasjonar er dokumenterte i anna forskning på homoseksualitet: Etnologen Arne Nilsson skriv om korleis kategoriane ”såna” og ”riktiga karlar” var sentrale i forståinga av samekjønnsseksualitet i Göteborg i tiåra før og etter andre verdskrigen. ”Såna” var menn som definerte seg som annleis i kraft av at dei hadde ei seksuell interesse for menn, noko som ofte hang saman med ein kjensle av å vera feminin.³⁷⁹ ”Riktiga karlar” var menn som hadde ei maskulin framtoning, som definerte seg som normale menn og som ikkje eksklusivt hadde erotisk interesse for menn. Interesse deira for menn var såleis ikkje del av deira identitet.³⁸⁰ Dodo Parikas har dokumenter eit liknande mønster i Stockholm, og George Chauncey i New York, for å nemna nokon.³⁸¹ Desse formene

³⁷³ Ribsskog 1963.

³⁷⁴ NBO: Manuskriptsamlinga, fol. 2469.

³⁷⁵ NBO: Manuskriptsamlinga, fol. 2469 (1): 63.

³⁷⁶ Ibid: 33.

³⁷⁷ Ibid: 64.

³⁷⁸ Ibid: 29.

³⁷⁹ Nilsson 1998: 114-115.

³⁸⁰ Ibid: 125.

³⁸¹ Parikas 1999, Chauncey 1994.

for relasjonar mellom menn kan sjåast som før-homoseksuelle, dei reflekterer ein annan form for forståing av samekjønnsseksualitet enn i den moderne homoseksualitetsdiskursen. I den sistnemnde var seksualitet mellom menn per definisjon noko som plasserte ein i ein annan bås enn den for "normale" menn. Den homoseksuelle var *den andre*. I dei relasjonane me her har sett på var ikkje nødvendigvis alle som tok del i seksuelle handlingar annleis, det var ofte berre den som spelte den feminine rolla som blei oppfatta slik. Slik fanst det fleire modellar for å gripa samekjønnsseksualitet på same tid.

Konklusjon

Dette blikket på ei rekke ulike kjeldetypar har gjeve nokre innblikk i korleis samekjønnsseksualiteten blei konseptualisert. Den medisinske diskursen om den homoseksuelle fekk noko større innverknad i tidsrommet 1907-1932 enn før. Psykoanalysen såg homoseksualitet som resultat av feilutvikling i oppveksten, men dei fleste tilhengarane meinte at det samtidig fanst tilfelle der årsaken var medfødd. Seksualopplysningsbøker var med på å gjera diskursen og omgrepet om den homoseksuelle kjent i noko større omfang enn tidlegare. Den nye medisinske forståinga fekk i Straffelovkomiteen si innstilling til ny § 213 i 1925, tydeleg gjennomslag. Også i rettspraksis byrja ein å ta omsyn til fenomenet homoseksualitet. I fleire dommar blei det sett som formildande at den dømde ikkje kunne noko for at han blei tiltrekt av menn; at han *var slik*.

Menn som Ferdinand Finne og Arne Bang-Hansen kunne bruka den medisinske diskursen som del av si sjølvforståing. Gjennom kontakt med homoseksuelle miljø i større europeiske land så vel som direkte konfrontasjonar med psykiatrien, kunne dei danna seg ein moderne homoseksuell identitet. Som me har sett var likevel ikkje denne måten å forstå sex og kjærleik mellom menn einerådande. Det fanst andre måtar å konseptualisera det på, som ikkje sette likskapsteikn mellom ei erotisk interesse for menn og ein identitet. Slik kan me seia at sjølv om den homoseksuelle som diskurs og eksistensform byrja å bli synleg i Norge i perioden, hadde han ennå ikkje fått nokon hegemonisk posisjon. Sodomitten spøkte framleis i bakgrunnen.

5. Det homoseksuelle gjennombrøtet 1932-1950

I 1932 skreiv dei unge radikale legane Karl Evang og Torger Kasa ein artikkel om homoseksualitet i *Populært tidsskrift for seksuell opplysning*. Dette var den første lengre artikkelen i eit norsk tidsskrift som utelukkande tok for seg homoseksualitet. 18 år seinare blei ei norsk undergruppe av den danske homofil-organisasjonen *Forbundet av 1948* danna i Oslo. Organisasjonen, som etterkvart fekk namnet Det norske forbundet av 1948 (DNF-48), sto for eit syn på homoseksualitet som understreka det medfødde.

I dette kapitlet vil eg argumentera for at homoseksualitet på 1930-talet blei eit meir kjend omgrep enn før og ein del av samfunnsdebatten. 1932 er satt som eit skilje på grunn av den nemnde artikkelen og fordi det kom ut fleire skjønnlitterære bøker dette året som hadde samekjønnsseksualitet som del av tematikken. Samtidig blei fenomenet i større grad diskutert av mellom anna psykologar og pedagogar, slik at det er naturleg å operera med eit brot i byrjinga av dette tiåret. Om ikkje den medisinske homoseksualitetsdiskursen alt var blitt etablert som ei underliggende matrise for diskusjon om samekjønnsseksualitet på 1920-talet, blei den det i alle fall på 1930-talet. Denne utviklinga, skal eg argumentera for, var ein føresetnad for at det kunne dannast ein norsk homofil-organisasjon. For denne perioden har me også eit større materiale som kan seia noko om den homoseksuelle mannen som sosial realitet og som eksistensform. Særleg rettsmaterialet og politirapportane frå ei stor sedskapssak i Bergen i 1937 og -38 er nyttig i denne samanhengen.

Kapitlet vil bli strukturert som kapittel tre og fire: først vil eg gå gjennom korleis homoseksualitet blei diskutert innan medisinfaget og i samfunnsdebatten generelt, deretter vil eg gjennomgå den rettslege utviklinga og funna av saker etter § 213 i Oslo og Bergen, før eg til slutt drøftar eksistensen av den homoseksuelle mannen som sosial realitet.

Den medisinske diskursen

På 1930-talet blei seksualitet eit tema i den allmenne debatten i langt større grad enn tidlegare. To tendensar kan forklara dette nye fokuset: på den eine sida fekk psykoanalysen eit gjennombrøt i kultur- og moraldebatten, på den andre sida blei det agitert for seksuelle reformar frå venstreradikale miljø som var opptatte av seksualopplysning. Desse to tendensane var dei som i sterkast grad sette seksualiteten på dagsorden. Ein effekt av dette var at homoseksualitetsomgrepet var i ferd med å gå inn i kvardagsspråket. Dette underkapitlet

vil fokusera på desse to tendensane, men vil òg sjå på andre straumdrag i seksualforskinga og debatten. Danninga av ein organisasjon for homoseksuelle i 1950 vil bli sett på bakgrunn av den prosessen som skjedde på 1930-talet.

Psykoanalysen var i ferd med å bli etablert både som praksis og som inspirasjon for forfattarar, kunstnarar og akademikarar i Norge på byrjinga av 1930-talet. Samtidig skjedde det ei oppsplitting i ulike retningar. I det følgjande vil eg presentera nokre av desse og deira forklaringar på homoseksualitet, før eg diskuterer korleis psykoanalysen fekk innverknad på samfunnsdebatten og kulturen i vidare forstand, og verka saman med andre idehistoriske og medisinske retningar.

Ein av dei første elevane av Freud som danna eigen skule var Karl Gustav Jung, som braut med læremeisteren i 1913.³⁸² Som Freud meinte han at homoseksualitet var eit resultat av psykisk feilutvikling. Heteroseksualiteten blei sett som målet for utviklinga mot eit vokse individ.³⁸³ Jungs tankar blei presentert i Norge av filosofen og pedagogen Richard Eriksen (1869-1941).³⁸⁴ I ein artikkel i *Norsk pedagogisk tidsskrift* i 1936 gjorde Eriksen greie for sitt syn på seksualiteten, inspirert av m.a. Jung.³⁸⁵ Eriksen var uroa over at tendensen med å oppheva dei skarpe skiljene mellom kjønna i oppveksten (m.a. i felleskular), ville føra til at kjønna ikkje utvikla seg etter eigne føresetnader, men at dei unge kvinnene fekk ei seksuell utvikling meir lik den til dei unge mennene. Når dei unge kvinnene på denne måten fekk dyrka seksualiteten på same måte som gutane, ville basisen for det heteroseksuelle samlivet falla bort. Dynamikken i eit slikt samliv var nemleg basert på balansen mellom den kvinnelege *eros* og den mannlige *sexus*. Når *sexus* fekk dominera hos begge kjønna, blei det for ein ung mann ikkje noko skarpt skilje mellom det å stå i eit forhold til ei ung kvinne og å stå i forhold til ein ung mann, og homoseksualitet ville såleis bli meir utbreidd. Dette er eit heilt motsett synspunkt av det som vanlegvis blei hevda av freudianarar og radikale seksualreformatorar. Eriksen si forståing reflekterer at han sto på ei anna side i moraldebatten, han var tilsett ved Teologisk fakultet ved Universitetet, seinare ved Menighetsfakultetet.

Ein annan tradisjon som hadde utgangspunkt i Freud sin variant av psykoanalysen, var individualpsykologien til Alfred Adler. I følge han var den viktigaste drivkrafta i mennesket viljen til makt, ein vilje som var eit uttrykk for kompensering for mindreverd. Overkompensasjon og nekting for mindreverd, var i følge Adler hovudårsaka til nevrosar.³⁸⁶

³⁸² Alnæs 1994: 11.

³⁸³ Hopcke 1992: 188.

³⁸⁴ Alnæs 1994:16, Mehren 2000.

³⁸⁵ Eriksen 1936.

³⁸⁶ Alnæs 1994: 16.

Filosofen og psykoanalytikaren Ingjald Nissen (1896-1977) introduserte desse teoriane i Norge.³⁸⁷ I artikkelen "Alkohol og seksualitet" frå 1934 forklarte han homoseksualitet blant menn på følgande måte: *"Den homoseksuelle er et menneske så besatt av så sterke mindreverdigthetsfølelser at mandighetskomplekset er utformet til forelskelse i mandigheten som sådan."*³⁸⁸ Den homoseksuelle var ifølge Nissen fylt av angst for livets hovudoppgåver, blant dei kvinna og det ho representerte. Denne angsten og mindreverdskjensla blei søkt kompensert ved å dyrka andre menn erotisk.³⁸⁹

Korkje Adler eller Jung fekk noko større gjennomslagskraft i Norge, og både Eriksen og Nissen blei perifere figurar utan nokon større krins rundt seg. Dei illusterer likevel at homoseksualitet blei eit sentralt tema i debatten på 1930-talet. Homoseksualitet blei eitt av fenomenene ein såg på som viktige å forklara innan dei ulike psykodynamiske retningane, det blei eit viktig område å testa teorien sin ut på. Den homoseksuelle som figur i samfunnsdebatten var komen for å bli: begge dei to artiklane det blir referert til ovanfor blei publisert i tidsskrift som var lese av eit publikum som ikkje nødvendigvis var skolert i psykiatri/psykologi.

Den freudianske varianten av psykoanalysen var likevel den som fekk størst innverknad. Som me såg i kapittel fire, hadde professor Harald Schjelderup vore ein pioner når det gjaldt å introdusera psykoanalysen i Norge, og han hadde inspirert fleire studentar til å studera ved det psykoanalytiske instituttet i Berlin. Frå Berlin kom også Wilhelm Reich til Norge i 1934.³⁹⁰ Reich søkte å sameina Freuds tankar med ein marxistisk samfunnsanalyse, noko som gjorde at han blei ekskludert frå den internasjonale psykoanalytiske samanslutninga i 1934. Dette førte til at han flytta via Danmark og Sverige til Norge.³⁹¹ I byrjinga fekk han mange tilhengarar i Norge, mellom anna Harald Schjelderup og Trygve Braatøy.

Reich forklarte som Freud homoseksualiteten utifrå psykologiske utviklingstrekk. Men ein viktig skilnad var at Reich meinte mennesket i utgangspunktet, i "den djupe biologiske kjernen", var heteroseksuelle, og at homoseksualitet var eit resultat av samfunnsmessig undertrykking av denne eigentlege seksualiteten.³⁹² Denne seksuelle undertrykkinga byrja, slik Reich såg det, ved etableringa av patriarkatet og inndelinga i klassar. Før det hadde

³⁸⁷ Kittang 2003.

³⁸⁸ Nissen 1933: 168.

³⁸⁹ Ibid: 168.

³⁹⁰ Alnæs 1994: 17.

³⁹¹ Ibid: 25. Reich utvikla teoriar som avveik frå Freud, m.a meinte han at dødsdrifta var eit resultat av kapitalismen.

³⁹² Jones 2001: 172.

menneska levde i eit harmonisk samfunn der den naturlege (hetero-)seksualiteten råda.³⁹³ I boka *Massepsykologi* (1933) hevda han at fascismen var eit system der denne undertrykkinga var absolutt og der folket fungerte som masochistiske homoseksuelle regjert av sadistiske homoseksuelle.³⁹⁴

Ein tankegang tydeleg inspirert av dette perspektivet, blei presentert av Trygve Braatøy i essayet "Speidergutter i alle land" frå 1936.³⁹⁵ I Sovjetunionen blei det i 1934 gjeninnført straff for samekjønnsseksualitet mellom menn (straffen for dette hadde blitt fjerna etter oktoberrevolusjonen), og i artikkelen drøfta Braatøy årsakene til dette. Han meinte den militariseringa og førardyrkinga som hadde blitt ein del av systemet under Stalin, var eit uttrykk for undertrykkinga av seksualiteten til dei unge mennene, og førte til homoseksualitet:

*Krever "samfundet", at man stenger vitale impulser i én retning, vil de søke å slå ut til en annen kant. Da blir det plutselig "nødvendig" å gå til strengere straffer –f.eks for homoseksualitet.*³⁹⁶

Det reichske synet på homoseksualitet var altså at det var eit resultat av undertrykking av den eigentlege heteroseksuelle "djupe biologiske kjernen". Terapien gjekk ut på å finna tilbake til denne, ved hjelp av den såkalla vegeto-terapien. Ein av dei mest trufaste tilhengjarane Reich fekk i Norge, Ola Raknes (1887- 1975), starta i 1939 tidsskriftet *Klinisk pedagogisk tidsskrift for seksualøkonomi* som skulle vera organ for Reichs internasjonale institutt for seksualøkonomi (tidsskriftet kom ut med berre eit nummer).³⁹⁷ I dette nummeret gjorde Raknes greie for ei behandling av ein homoseksuell mann ved "karakteranalytisk vegetoterapi".³⁹⁸ Behandlinga gjekk ut på å gjera pasienten klar over spenningar i sin eigen kropp. Raknes sin analysand var i utgangspunktet lite i stand til å kjenna lyst, var hemma og avmålt, og kjønnsdrifta var retta mot menn. Terapien gjorde analysanden klar over spenningar i eigen kropp, noko som etterkvart førte til framkalling av spontane rørsler og kulminerte i evnen til spontan orgasme. Dette resulterte i interesse for kvinner, og erotiske samband med desse. Ved hjelp av vegeto-terapi hadde mannen altså kome i kontakt med sin "djupe biologiske kjerne" og dermed også sin heteroseksualitet. Dette stemmer overeins med det synet Raknes uttrykte i ein artikkel i *Syn og segn* frå 1945:

³⁹³ Ibid: 172, 176. Reich meinte antropologen Malinowskis studie av Trobriandarane viste at ein slik tilstand der menneska levde i harmoni med sin seksualitet, hadde eksistert.

³⁹⁴ Ibid: 175.

³⁹⁵ Braatøy 1936: 32-38.

³⁹⁶ Ibid: 35. For radikalarane Braatøy var denne artikkelen også eit oppgjær med Sovjetunionen under Stalin. Ved å bruka denne analysen (som Reich hadde nytta om fascismen) om det sovjetiske samfunnet sidestilte han stalinismen med fascismen.

³⁹⁷ Alnæs 1994: 30.

³⁹⁸ Raknes 1939, også trykt i Raknes 1949, i det følgande vil det bli vist til sistnemnde.

Mi eiga røynsle, saman med det eg har høyrte av mange andre, har ført meg til å tru, at så sant folk er normalt skapte (...) er alltid dragnaden til det andre kjønnet opphavleg den sterkaste. Men sume born gjer slike røynsler at denne dragnaden vert meir underkua enn dragnaden mot eins eige kjønn.³⁹⁹

Raknes var av dei mest trufaste tilhengarane av Reich. Andre analytikarar sto nærmare Freuds ståstad, der ein gjekk utifrå at mennesket i utgangspunktet var biseksuelt og at alle hadde ein homoseksuell komponent. Trygve Braatøy har me sett var inspirert av Reich sitt syn på homoseksualitet i analysen av den sovjetiske kommunismen. I Arne Bang-Hansen si skildring av sin eine time i analyse hos Braatøy, ser me eit anna bilde. Han såg ingen grunn til å behandla Bang-Hansen, anten det var fordi han ikkje sjølv vil bli behandla, eller fordi Braatøy meinte homoseksualiteten ikkje trong endrast.

Men samtidig som psykoanalysen i ulike variantar hadde sin glansperiode, blei andre perspektiv innan biologien utvikla. Overlege ved Ullevål sjukehus si psykiatriske avdeling, Haakon Sæthre (1891-1945), skreiv i 1933:⁴⁰⁰

Den seksualitet som Freud mener så ofte er fortrent og kommet på avveie, inneholder en organisk kjerne av hormonnatur som psykologisk analyse ikke kan trenge inn i, men som vi må regne med som en primær faktor i vårt oprinnelige utstyr, og som nødvendigvis må komme til å prege vår adferd.⁴⁰¹

For Sæthre var såleis ein kombinasjon av ei psykologisk og ei biologisk tilnærming til seksualforskinga løysinga. Nye oppdagingar i hormonforskinga kunne vera med å forklara eit fenomen som homoseksualitet. Sæthre meinte å ha funne ein markant overrepresentasjon av feminine seksualhormon hos ein homoseksuell mann, og meinte at fleire forskingsresultat peikte i retninga av at homoseksualitet var hormonelt bestemt.⁴⁰²

Jon Alfred Mjøen og Arne Y. Brantenberg såg likeeins i boka *Hormonene* frå 1939 homoseksualitet som grunna i noko hormonelt. Rettnok skilde dei mellom medfødd og erverva homoseksualitet, men dei meinte den siste oftast også var eit resultat av at det i utgangspunktet var tilstades ein disposisjon som gjekk i homoseksuell eller biseksuell retning.⁴⁰³

³⁹⁹ Ibid: 176.

⁴⁰⁰ Anchersen 1966.

⁴⁰¹ Sæthre 1933: 119.

⁴⁰² Ibid: 118.

⁴⁰³ Brantenberg og Mjøen 1939: 93.

I praksis kombinerte ein ofte ei biologisk og ei psykologisk/psykoanalytisk tilnærming, noko me skal sjå i det følgande mellom anna kom til uttrykk i seksualreformrørsla.

I 1932 byrja *Populært tidsskrift for seksuell opplysning (PT)* å komma ut.

Redaktørane var Karl Evang, Otto Galtung Hansen og Carl Viggo Lange, alle unge legar med tilknytning til Sosialistiske legers forening og Mot Dag.⁴⁰⁴ I Sverige blei same året også *Riksförbundet för sexuell upplysning (RFSU)* danna, med norskfødde Elise Ottesen-Jensen som leiar. Ho hadde alt i fleire år reist rundt og halde foredrag om seksualitet.⁴⁰⁵ RFSU hadde som formål å få seksualopplysning inn på alle nivå i utdanningssystemet, å oppretta klinikkar for seksualopplysning, å avskaffa den gamle prevensjonslovgivinga, gjera prevensjonsmiddel tilgjengelege, og å legalisera abort og sterilisering på sosialt, medisinsk og biologisk grunnlag.⁴⁰⁶ Ein tilsvarande organisasjon kom ikkje i Norge, men tidsskriftet blei viktig. Dessutan hadde det i fleire år vore drive opplysningsarbeid om prevensjon, av pionerar som Katti Anker Møller.⁴⁰⁷ Elise Ottesen-Jensen tok opp homoseksualitet som eitt av dei tema ho haldt foredrag om, og ho knytte til seg den homoseksuelle seksualopplysaren Eric Thorsell.⁴⁰⁸

At homoseksualiteten var eit tema for seksualreformrørsla, viser artikkelen ”Homoseksualitet” som sto alt i den første årgangen av *PT*, skriven av Evang og Torger Kasa.⁴⁰⁹ Artikkelen tok til orde for ei radikal oppfatning av fenomenet:

*Av hensyn til den enkle og selvfølgelige menneskerett som disse tusener har på å føre et så lykkelig og verdig menneskeliv som mulig, er en endring nødvendig i den herskende morals og i samfunnets holdning overfor dem.*⁴¹⁰

Artikkelen hadde ein klar appell, som mellom anna omfatta at § 213 burde opphevast.

Forfattarane prøvde å kombinera eit biologisk og eit psykodynamisk syn på

⁴⁰⁴ Friele 1985: 109, Nordby 1989: 59. Tidsskriftet fekk ein svensk versjon same året.

⁴⁰⁵ Linder 1996: 126. Ei liknande dansk forening hadde vorte stifta alt i 1923 (ibid: 127).

⁴⁰⁶ Ibid: 127.

⁴⁰⁷ Stenhamar 1928.

⁴⁰⁸ Ottesen-Jensen hadde vore tilstade på eit foredrag med sexologen og pioneren i den tyske homoseksuelle frigjeringsrørsla Magnus Hirschfeld, og byrja å snakka om homoseksualitet i Sverige i 1931. (Linder 1996: 121-122.) Eric Thorsell haldt foredrag om homoseksualitet i Sverige. (Silverstolpe 1980: 113 ff og 178 ff.) Han forsøkte også å danna ein svensk organisasjon for homoseksuelle (ibid: 108 ff). Ein svensk homofil frigjeringsorganisasjon blei først danna som ei undergruppe av det danske Forbundet av 1948, men brøyt ut og blei ein eigen organisasjon under namnet *Riksförbundet för sexuellt likaberättigande (RFSL)* (Söderström 1999b: 632-647)

⁴⁰⁹ Evang og Kasa 1932. Kasa var lege og politilege i ein periode og også privatpraktiserande psykiatar. I sjølvbiografien skriv den norske homoaktivisten Karen-Christine Friele om korleis ho, etter familiens ønske då ho fortalte ho var lesbisk i 1959, gjekk til konsultasjon hos han utan at han såg nokon grunn til å behandla henne (Friele 1990: 73-74). Torger Kasa skreiv også ein artikkel om homoseksualitet i den svenske utgåva av *PT* saman med den svenske legen Gunnar Inghe i 1933. Denne artikkelen, saman med ein artikkel om samleieteknikk, gjorde at tidsskriftet blei tiltalt for brot på sedskapsnormene, i 1934 blei det frikjent for dette (Söderström 1999b: 392).

samekjønnsseksualiteten: ”man bør alltid holde sig for øie at det er to faktorer som spiller inn i seksuallivet, kjønnskjertlene og de sjelelige mekanismene.”⁴¹¹ Homoseksualitet var i ein del tilfelle medfødd og måtte då ifølge Evang og Kasa sjåast på som ein variasjon på linje med det å vera fargeblind.⁴¹² Den erverva homoseksualiteten derimot, blei sett på som resultat av ein utviklingsmangel og kvalifiserte til å bli kalla ein sjukdom. Den medfødde homoseksualiteten hadde vore prøvd behandla, eit døme er dei nemnde transplantasjonane av kjønnskjertlar, men artikkelforfattarane tvilte både på resultatata og formålet med slike forsøk. Den erverva homoseksualiteten meinte dei kunne behandlast, men legen måtte i dei enkelte tilfella vurderer om dette hadde noko for seg. Dersom seksualiteten kunne levast ut på ein måte som ikkje var samfunnsskadeleg burde det ikkje vera naudsynt. Viktigare var det å *førebygga* den erverva homoseksualiteten. Løysinga låg i ei tilnærming mellom dei to kjønna i oppveksten:

*Av særlig betydning er et fritt og utvunget forhold mellem de to kjønn i oppvekstårene, derved lettes det hetroseksuelle objektvalg. Det er av denne grunn – og forresten også av mange andre – meget uheldig å holde de to kjønn adskilt i oppvekstårene. Mange tilfelle av homoseksualitet kan med stor sannsynlighet føres tilbake til den abnorme retning kjønslivet fikk ved ophold i klosteskole eller internatskoler.*⁴¹³

På denne måten gav Evang og Kasa kyrkja og den rådande kjønnsmoralen skylda for utbreiinga av den erverva homoseksualiteten, og på den andre sida den uverdige stillinga for dei som faktisk *var* (født eller erverva) homoseksuelle.

På liknande vis argumenterte overlege Ørnulv Ødegaard i boka *Samlivets naturlære* frå 1934, men han la litt større vekt på det utviklingspsykologiske som forklaring:

*”Rimeligvis har det rent medfødte (eventuelt arvelige) anlegg liten betydning. Fagfolkenes erfaringer taler mer og mer for at det er i barndom og opvekst at den senere homoseksualitet fremfor alt grunnlegges.”*⁴¹⁴ Han peikte på at dei homoseksuelle hadde krav på respekt og forståing, men la større vekt på å verna ungdommen mot forføring:

Det som gjør at mange med en viss rett betrakter de homoseksuelle som farlige, er de lett kan tenkes å forlede ungdom hvis kjønnsdrift ikke har festnet sig ennu, til å vippe over i homoseksuell utvikling. Det må sikkert i de fleste tilfelle en særlig sterk og langvarig og ondartet påvirkning til før det blir tale om noen fare – og det er vel bare ungdom med et visst anlegg i denne retning som ligger under for den. Men det må allikevel for enhver homoseksuell være en absolutt plikt å

⁴¹⁰ Evang og Kasa 1932: 218.

⁴¹¹ Ibid: 191.

⁴¹² Ibid: 210.

⁴¹³ Ibid: 213.

⁴¹⁴ Ødegaard 1934: 166.

*avholde sig fra alt som kan bety en uheldig påvirkning av ungdom. Og hvis han svikter denne plikt, er det riktig og nødvendig at samfundet skrider inn.*⁴¹⁵

Homoseksualitet blei eit tema i større omfang på 30-talet, både blant psykologar og i skjønnlitteraturen.⁴¹⁶ Danninga av homofile organisasjonar etter krigen hadde føresetnad i klimaet på 1930-talet, særleg i seksualopplysningsarbeidet. Før eg går nærmare inn på dette, vil eg sjå på korleis homoseksualiteten fekk ein relativt større plass også i skjønnlitteraturen.

Same året som artikkelen i *PT*, 1932, kom det ut tre skjønnlitterære utgjevingar som tematiserte homoseksualitet. Lyrikaren Åsmund Sveen debuterte med diktsamlinga *Andletet*, med opne homoerotiske dikt og med ei erkjenning av å vera annleis.⁴¹⁷ Romanane *Enken* av Ninni Roll Anker, og *I sommer* av Gunnar Larsen, frå same år hadde også homoseksualitet som viktige tema. I begge desse blei den medisinske forståinga av homoseksualitet nytta. I *Enken* var det symptomatisk nok legeboren til den homoseksuelle hovudpersonen Alv som måtte forklara mora korleis det stod til med sonen. Mora var fortvila og lurte på om det ikkje var straffbart, sonen svarte:

*Det er av de tingene, myndighetene ser gjennom fingrer med. Og med rette. Så lenge de passer sig – ikke driver trafikken for åpenlyst – ikke ødelegger...for mange unggutter, holder loven sig i ro. De må jo leve i samfunnet mor – om de er aldri så meget utenfor det. De er et folkeferd for sig. Men de kan bli nyttige borgere, mor. Vi har mange eksempler på det.*⁴¹⁸

Han kunne også fortelja at det var medfødd og at han såg ein tydeleg samanheng med dei feminine trekka hjå broren.⁴¹⁹ I Gunnar Larsens roman frå same år var det likeeins legen som sa ”sanninga” om den homoseksuelle, det vil i dette tilfellet seia om seg sjølv. Legen hadde lese om homoseksualiteten som ein sjukdom, eit resultat av degenerasjon, men hadde deretter fått kjennskap til bøker av Magnus Hirschfeld som fortalde han at det berre var ein normalvariasjon.⁴²⁰

Likevel hadde han gifta seg, då dette var forventa av han. Ein annan av karakterane i boka gir ei meir psykoanalytisk inspirert tolking av fenomenet: ”*Alle menn er jo mer eller mindre homoseksuelle, det er bare fortrent hos de fleste*”.⁴²¹

⁴¹⁵ Ibid: 170.

⁴¹⁶ Om homofile tema i norsk skjønnlitteratur 1931-1950, sjå Gatland 1990: 133-192.

⁴¹⁷ Sveen 1932.

⁴¹⁸ Anker 1932: 189-190.

⁴¹⁹ Ibid: 188-189.

⁴²⁰ Larsen 1932: 178-179.

⁴²¹ Ibid: 204.

Utover på 30-talet kom det ein rekke romanar som på eit eller anna vis tematiserte homoseksualitet, av forfattarar som Aksel Sandemose, Nordahl Grieg og Nils Johan Rud, og dette var eit mindre tema i fleire andre bøker.⁴²²

Den medisinske diskursen om den homoseksuelle fekk altså innpass også i skjønnlitteraturen. Seksualreformrørsla fekk også innverknad, idet det blei debattert om ein skulle ha seksualundervisning i skulen. Den liberale/radikale sida i debatten ville ha opplysning og ein friare seksualmoral. Eit nytt, og etter deira meining, meir vitskapleg syn på tilveret skulle få bukt med gammal overtru. Pedagogen Marianne Rumohr skreiv:

*Menneskene har alltid møtt naturkrefter som var uforklarlige for dem, med overtro og angst, men menneskene i dag behøver ikke å omgi forplantningsfenomenene med mystikk og uklarhet. Opdagelsen av cellen og forskningen av cellen har skapt klarhet.*⁴²³

Håkon Sæthre hevda på liknande vis: ”I det 19. århundre var vårt samfund i særlig grad preget av et fordømmende sneversyn på kjønnsdriften som kjødets lyst og selve det ondes manifestasjon.”⁴²⁴ I tråd med ein slik tankegang måtte seksualopplysning få ein plass i undervisninga samtidig som ein jobba for samfunnsmessig endring av den rådande seksualmoralen. Pedagogikken byrja å interessera seg for seksualiteten.

Pedagogen/psykologen Åse Gruda Skard skreiv om homoseksualiteten og aldersgruppa 13-17 år:

*De seksuelle følelsene er ikke ennu fullt differensierte. Den homoseksuelle komponenten som finnes hos alle mennesker, er gjerne relativt sterkere i overgangsalderen enn senere. Ofte svermer derfor framslengingen for personer av samme kjønn, og i forholdene mellem f.eks. ”hjerteveninder” er det som regel et homoseksuelt drag. Dette draget kan bli sterkere enn normalt hvis den unge ikke får høve til å være sammen med noen av det annet kjønn.*⁴²⁵

Ho la til at sær streng oppseding med ei sterk undertykking av dei seksuelle kjenslene, førte til underkasting under leiartypar i voksen alder og ei sterk kjenslemessig tilknytting til desse.⁴²⁶

Perioden 1940-45 blir ein parentes i denne framstillinga. Siktemålet er å få fram dei langsiktige idehistoriske prosessane. Skal ein skjønna debatten om homoseksualitet etter 1945 er det først og fremst debattane på 30-talet som er relevante. Den diskursen om seksualitet som blei ført i dette tiåret var også den som festa seg i større grad. Nazismen hadde eit

⁴²² Gatland 1990: 133-192.

⁴²³ Rumohr 1936: 203.

⁴²⁴ Sæthre 1938: 222.

⁴²⁵ Skard 1938: 76.

⁴²⁶ Ibid: 77.

negativt syn på homoseksualitet, noko som førte til forfølgning og internering av homoseksuelle menn i Tyskland. Ei liknande forfølgning i særleg utstrekning skjedde ikkje i Norge. Ei grundigare analyse av Nasjonal Samlings seksual- og familieoppfatning føreligg ikkje. Det skjedde ved eit par høve at tyskarane slo ned på forhold mellom tyske tjenestemenn og norske menn. Ellers ser det ut til at okkupasjonsstyret ikkje hadde særleg innverknad på dette området.

Karl Evang blei i 1938 utnemnd til Medisinaldirektør av regjeringa Nygaardsvold.⁴²⁷ Evang haldt fram i stillinga etter 1945, og sat heilt til 1972. Han fekk gjennomslag for at medisinaldirektoratet, som hadde vore eit eksternt direktorat, blei flytta inn i Sosialdepartementet under det nye namnet Helsedirektoratet.⁴²⁸ I direktoratet plasserte han legar med tilknytning til eige sosialpolitisk program, og det blei såleis eit prototypisk eksempel på det Trond Nordby kallar *politisk fagstyre*. Evang, som var ein kontroversiell radikal på 30-talet, fekk altså ein sentral maktposisjon etter krigen. I 1951 gav han ut boka *Seksuell opplysning*, der det var eit kapittel om "homoseksualitet". Kapittelet var hovudsakleg likt artikkelen i tidsskriftet 19 år tidlegare, men Evang hadde tatt med resultatata av eit nytt forskingsprosjekt; den såkalla Kinsey-rapporten.⁴²⁹

Denne rapporten, *Sexual Behavior in the Human Male*, bygde på eit omfemnande forskingsprosjekt under leiing av zoologen Alfred C. Kinsey. Av dei mest oppsiktsvekkande funna var at homoseksuell åtferd mellom menn var langt meir utbreidd enn ein hadde trudd. Rapporten blei i ei forkorta utgåve sett om til norsk same året.⁴³⁰ Omkring 50 % av mennene hadde i følge Kinseyrapporten hatt seksuell omgang med andre menn, men berre 4 % hadde hatt omgang *berre* med menn.⁴³¹ Trygve Braatøy tolka funna i rapporten og tok dei til inntekt for eit psykoanalytisk syn på homoseksualiteten: det fordomsfulle samfunnet var det som hadde skapt den utbreidde homoseksuelle aktiviteten.⁴³²

I dei første etterkrigsåra kom to skjønnlitterære utgjevingar med eit radikalt syn på homoseksualitet. Ebba Haslund gav i 1948 ut boka *Det hendte ingenting* som omtalte lesbiske relasjonar på ein smålåten, men sympatisk måte. I 1950 gav Alf Martin Jæger ut ungdomsboka *Ser du en stjerne* der homoseksualitet var skildra positivt, og der slutten var

⁴²⁷ Nordby 1989: 88.

⁴²⁸ Ibid: 147.

⁴²⁹ Evang 1951.

⁴³⁰ Kinsey, Pomeroy og Martin 1948.

⁴³¹ Referert i Braatøy 1948: 55.

⁴³² Ibid.

open og med snev av håp, i motsetning til sjølvorda som enda dei to romanane hans på 1920-talet.⁴³³

I denne situasjonen var det at det danske Forbundet av 1948, ein organisasjon for homoseksuelle, i 1949 fekk to kontaktpersonar i Norge, ein i Oslo og ein i Trondheim.⁴³⁴ Året etter blei det danna ei eiga norsk avdeling med Rolf Løvaas som formann.⁴³⁵ I 1952 blei det avgjort at forbundet skulle vera uavhengig av det danske, og det fekk namnet Det norske forbundet av 1948 (DNF-48).⁴³⁶ I brosjyren "Hva vi vil" som kom ut på nyåret 1951, og var forfatta av Løvaas og Øivind Eckhoff, presenterte den norske avdelinga av Forbundet sin agenda i breiare omfang for første gang.⁴³⁷ Brosjyren tok til orde for ein ny grad av aksept for homoseksuelle og deira forhold, med vekt på at det var noko medfødd:

*Fordi naturen har skapt oss slik at vi definitivt utgjør et tredje menneskekjønn ("det tredje kjønn"), må vi forlange å få leve vårt liv slik det er naturlig for oss, så lenge vi ikke dermed direkte skader andre.*⁴³⁸

Vidare gjekk Eckhoff og Løvaas mot ulike syn på homoseksualitet: at det var eit brotsverk, ei last, ein sjukdom, ein perversitet, at det var naturstridig, eit degenerasjonsfenomen og ein tillært eigenskap.⁴³⁹ Midla var forsiktige, ein innsåg at ein ikkje kunna arbeida ope, då dette kunne føra til tap av jobbar, husvære etc. Informasjonsbrosjyren introduserte omgrepet "homofil" på norsk, eit omgrep som hadde oppstått i Tyskland, men som blei sterkt knyta til dei nye homoseksuelle organisasjonane som voks fram i Europa og Nord-Amerika frå slutten av 1940-talet.⁴⁴⁰ Teksten viste også til Karl Evangs seksualopplysningsverksemd som eit førebilde. Det er ellers tydeleg at Forbundet bygde på det medisinsk-vitskaplege synet på samekjønnsseksualitet, og såleis sto i samanheng med framveksten av den medisinske homoseksualitetsdiskursen. Forbundet understreka likevel at den homoseksuelle berre var *annleis*, og ikkje av den grunnen sjuk eller pervers. Øivind Eckhoff, ein av dei som var med å

⁴³³ Jæger 1950. Finn Grodal skreiv om denne: "*Denne vesle boka rommer en tvers igjennom ekte skildring av våknende homofile følelser hos en gutt på overgangen til pubertetsalderen. Så vidt jeg vet, finnes det ikke noe sidestykke til den på noe skandinavisk språk.*" (Grodal 1957: 332n).

⁴³⁴ Eikvam 2000: 14

⁴³⁵ Ibid, Løvaas 1993: 19

⁴³⁶ Løvaas 1993

⁴³⁷ Eckhoff og Løvaas 1951, Løvaas 1993: 19. Eikvam 1990.

⁴³⁸ Eckhoff og Løvaas 1951: 2.

⁴³⁹ Ibid: 4-8.

⁴⁴⁰ Omgrepet blei først nytta i ein artikkel i *Jahrbuch für sexuelle Zwischenstufen* i 1904, men blei ikkje brukt noko særleg før midten av 1920-talet i Tyskland. (Herzer 1985: 17). Omgrepet fekk gjennomslag i dei nye homoseksuelle frigjeringsrørslene som tok form på slutten av 1940-talet. I dei fleste land blei det lite brukt etter 1970, omgrepet *gay*, kom i staden. Norge er kanskje det einaste landet der omgrepet den dag i dag er det sentrale omgrepet for samekjønnsseksualitet.

skipa den norske avdelinga, gav i 1957 ut boka med det talande namnet *Vi som føler annerledes* under pseudonymet Finn Grodal.⁴⁴¹ Boka var den første fagboka om homoseksualitet i Norge. Eckhoff såg på homoseksualiteten som ein normalvariasjon, samtidig som han skreiv: "*Det er bare tåpelig ikke å ville innrømme at den vanlige seksualinnstillingen under alle omstendigheter vil gi individet de største lykkemuligheter.*"⁴⁴² Derfor meinte han førebygging av homofili var både mogleg og naudsynt. Midla var eit opnare forhold mellom kjønna i oppveksten, open haldning til seksualitet og seksualopplysning, middel som me såg hos Evang og Kasa i 1932.⁴⁴³

DNF-48 fekk ingen lett start. Det var stor skepsis mot organisasjonen, og det blei søkt sett grenser for deira utfalding (sjå neste underkapittel). Me kan sjå ein raud tråd frå seksualreformrørsla og artikkelen av Kasa og Evang frå 1932 til danninga av ein norsk avdeling av Forbundet av 1948 i 1950. Men dette var framleis ein radikal posisjon. Det sto strid om kunnskapen innanfor det medisinske feltet, og den blei nytta på ulikt vis. Sjølv om omgrepet homoseksualitet hadde etablert seg i perioden frå 1930-talet, og forståinga av samekjønnsseksualiteten som ibuande var i ferd med å festa seg, kan ein ikkje snakka om ein allmenn aksept for kjønnslege relasjonar mellom menneske av same kjønn. I samband med eit forslag til revidering av § 213 uttalte biskopane seg om at "*homoseksuelle handlinger bør få gjelde som de perverse og forkastelige ting de er*". Først på 1970-talet fekk ein frå det haldet uttalingar som vektla at samekjønnsseksualiteten var noko ibuande.⁴⁴⁴

Den medisinske diskursen om den homoseksuelle, samekjønnsseksualiteten som ibuande personlegdomstrekk, var i perioden frå 1932 til kring 1950 blitt etablert som ein viktig føresetnad for debatt på dette feltet. Omgrepet homoseksualitet hadde som me har sett kome i meir allmenn bruk. Det fanst og straumdrag i samfunnet som tok til orde for større aksept for homoseksualiteten på premiss av at det var ein del av personlegdommen og dermed også måtte få konsekvensar for livsløpet. Dette var først og fremst den radikale seksualreformrørsla og den homofile organisasjonen som blei til DNF-48. Slik sett kan me

⁴⁴¹ Grodal 1957. Iflg. Turid Eikvam (2001:412) var Arne Heli, som var sambuaren til Eckhoff, medforfattar av boka. Også opplyst til meg av Heli i samtale oktober 2002.

⁴⁴² Grodal 1957: 298.

⁴⁴³ Ibid: 297-326. I seinare intervju har Eckhoff uttalt at han har endra syn på t.d. avsnittet om forebygging, eit syn han meinte var avhengig av det mindre liberale klimaet på 1950-talet. (Gatland og Walderhaug 1990).

⁴⁴⁴ Og vidare: "*vi står overfor en samfunnsfare av verdensdimensjoner. Det er en kjent sak at homoseksualitet har fått et uhyggelig omfang i mange land*". (Bispemøtet si utsegn frå 1954 sitert frå Moxnes 2001: 61-62.) I 1977 kom biskopane med ei ny fråsegn om homofili. Her blei homofili anerkjent som ein tilstand, og det blei skilt mellom legning og praksis: dei homoseksuelle måtte ha krav på forståing, mens homoseksuell praksis måtte fordømmast (ibid: 64-65). Biskopane sitt syn i 1954 var nok eit uttrykk for at sjølv om homoseksualitet som omgrep og forståinga av det som eit medisinsk og fysisk fenomen var etablert, hadde dette likevel ikkje fått avgjerande innverknad på samfunnet sitt syn på homoseksualitet på 1950-talet.

snakka om eit homoseksuelt gjennombrot: omgrepet hadde fått eit gjennombrot i større utstrekning i den allmenne debatten, og forståinga av homoseksualiteten som ibuande var i ferd med å bli eit vidt utbreidd premiss for oppfatninga av samekjønnsseksualiteten. Det moderne synet på mennesket var at det primært måtte forklarast i sekulære omgrep, ikkje primært i lys av religion eller moralomgrep. Medan samekjønnsseksualiteten tradisjonelt hadde blitt oppfatta etter religiøse levereglar, med presten som autoritetsfigur, blei han nå i større grad forstått medisinsk, med legen som den nye eksperten.

I innleiinga opererte eg med Svein Atle Skålevåg sin tredelte definisjon av medikalisering: at noko blir forstått som sjukdom, at noko fell inn under kompetanseområdet til legane og at noko får medisinsk meining. Alle desse tre passar på forståinga av homoseksualitet i perioden. Også ein religiøst orientert skribent som Richard Eriksen godtok desse premissa. Artikkelen hans om eros og sexus argumenterte ikkje teologisk, men psykologisk. Den tredje definisjonen er kanskje mest interessant idet den femnar vidast. Til dømes nekta DNF-48 for at homoseksualitet var ein *sjukdom*, men dei snakka like fullt om homoseksualitet som noko ibuande, noko som gjennomsyra det homoseksuelle individet. Medikaliseringa av forståinga av samekjønnsseksualiteten innebar altså ikkje berre at den blei sett på som sjuk og som eit felt for legen. Det innebar også at ein i vidare forstand forsto den i medisinske termar. Å snakka om seksualiteten som noko ibuande, som noko som kunne forståast utifrå den enkeltes biologi eller psykologi, var radikalt annleis enn å snakka om det som eit brot på samfunnets guddomelege orden.

Førebels har me sett at den homoseksuelle forstått i medisinske termar, hadde fått eit gjennombrot som forståingsform i det offentlege ordsiftet om samekjønnsseksualitet. Men går det an å snakka om eit gjennombrot også i samfunnet som heilskap? Hadde den medisinske homoseksualitetsdiskursen fått eit gjennomslag også i rettens forståing av kjønnslege forhold mellom menn? Og hadde den homoseksuelle som eksistensform/rolle blitt ein del av folks medvit?

Den juridiske diskursen

I perioden 1932-1950 var det ingen saker etter § 213 i Høgsterett, det var ingen forslag om endring eller oppheving av paragrafen, og særleg etter 1940 ser det ut for at paragrafen blei endå sjeldnare nytta enn før. Undersøkinga av bruken i Oslo viser at det berre var tre saker der det kom til dom etter § 213 (med fire domfelte). I Bergen er situasjonen ein annan: heile ti dommar med tilsaman 37 dømde personar.

Det juridiske rammeverket

I perioden var det som nemnd ingen saker oppe i Høgsterett og heller ingen forslag om endring. Som me har sett i førre kapittelet, var det fleire som meinte avkriminalisering var det rette, men forslag blei ikkje reist. I det følgande vil eg gå inn på eit skriv frå den rettsmedisinske kommisjon frå 1937 samt eit endringsforslag frå 1953. Det siste fell utanfor tidsramma for oppgåva, men eg vil likevel kort gjera greie for forslaget og diskusjonen rundt det, då denne må forståast på bakgrunn av dei debattane som blei ført på 30-talet.

Det hadde herska tvil om kva status homoseksualitet skulle ha i den rettspsykiatriske vurderinga. Dette førte til at Den rettsmedisinske kommisjonen i eit skriv frå 1937 søkte å oppklara det.⁴⁴⁵ Bakgrunnen var at dei sakkyndige i ei sak hadde omtalt ein person som mangelfullt utvikla fordi han hadde ”*lagt homoseksuelle tilbøieligheter for dagen.*” Kommisjonen svarte på dette:

*Et homoseksuelt anlegg hører genetisk til utviklingsmangler. Men er det en isolert foreteelse berettiger det ikke til en konklusjon om mangelfull utvikling. Der stilles de samme krav til homoseksuelle som til heteroseksuelle med hensyn på at de skal beherske sin kjønnsdrift, så de ikke forgriper sig på mindreårige eller dermed likestilte eller vekker offentlig forargelse. Og uten at almene hensyn krever det, reises ikke påtale for homoseksuell omgang mellem menn og overhodet ikke mellem kvinner.*⁴⁴⁶

Ein sto altså fast på at homoseksualitet var ein utviklingsmangel, men denne ville ikkje i rettsleg forstand innebera status som mangelfullt utvikla og derav følgande mogleg sikring.⁴⁴⁷

Det generelle forbodet mot sex mellom personar av same kjønn blei oppheva i Danmark i 1932 og i Sverige i 1944.⁴⁴⁸ I Sverige blei det i staden straffbart med samekjønnsseksualitet mellom menn i dersom voksne hadde eller tok initiativ til omgang med personar av same kjønn under 18 år, om ein voksen utnytta ein person under 21 år som var uerfaren, om ein overordna utnytta ein underordna og om det homoseksuelle forholdet skjedde i det offentlege rommet eller vakte oppsikt.⁴⁴⁹ I forhold til den tidlegare svenske lovgjevinga innebar loven større toleranse for samekjønnsseksualitet. I Norge hadde ein som nemnd i § 213 ein klausul om at allmenne omsyn måtte vera tilstades i alle tilfelle.

⁴⁴⁵ Den rettsmedisinske kommisjon 1937. [Finst m.a. i: Riksarkivet: Justisdepartementet, Den rettsmedisinske kommisjon, Årsberetninger].

⁴⁴⁶ Ibid: 243-244.

⁴⁴⁷ Som me såg i kapittel fire var dømde etter § 213 fritatt frå paragrafen om sikring. Psykiatren Gabriel Langfeldt drøfta i ei bok om rettspsykiatri frå 1940 korleis homoseksualitet skulle handsamast i rettspsykiatriske undersøkingar. Han meinte medfødd homoseksualitet burde medføra internering eller kastrasjon, medan psykoterapi ville vera tilstrekkeleg for tilfelle der homoseksualiteten var erverva. Påtaleunntilting mot innlegging burde vera eit alternativ, og varsam bruk av straff ved førstegangsbrøt var viktig. Det burde komma til rettspsykiatrisk undersøking ved alle førstegangs sedelighetsbrøt. (Langfeldt 1940: 141-142.)

⁴⁴⁸ Halsos 1999: 47.

⁴⁴⁹ Silverstolpe 1980: 140.

Truleg influert av ei henvending frå den norske avdelinga av Forbundet av 1948, tok Justisdepartementet initiativ til at Straffelovrådet (som var eit fast organ frå 1947) skulle sjå nærmare på om endring var aktuelt for §§ 213 og 397.⁴⁵⁰ Etter at Straffelovrådet mellom anna hadde vore i kontakt med tilsvarande komitear som hadde arbeida med lovendingane i Sverige og Danmark, la det fram ei innstilling i 1953 der dei foreslo følgjande ny lovtekst for § 213:

Med fengsel inntil 2 år straffes person over 18 år som foretar utuktig handling med en annen av samme kjønn under 18 år. Straffen kan falle bort når de to personer er omtrent jevnbyrdige i alder og utvikling.

På samme måte straffes person over 21 år som

- 1. foretar utuktig handling med en annen av samme kjønn mellom 18 og 21 år som står i avhengighetsforhold til ham, eller*
- 2. forleder en annen av samme kjønn mellom 18 og 21 år til utuktig handling med seg, eller*
- 3. fremmer en annens utuktige handling med person av samme kjønn under 21 år.*

Har gjerningsmannen trodd at den annen var over den alder som her er nevnt, men ikke vist tilbørlig aktsomhet i så måte, er straffen fengsel inntil 6 måneder.⁴⁵¹

På den eine sida innebar dette forslaget ei fjerning av det generelle forbodet mot sex mellom menn. På den andre sida innebar det ei innskjerping i forhold til gjeldande praksis, idet klausulen om at allmenne hensyn måtte vera tilstades var tatt bort. Denne klausulen gjorde at § 213 så godt som ikkje var i bruk på 1950-talet. Straffelovrådet si innstilling innebar at § 213 ville bli brukt.

I tillegg foreslo Straffelovrådet ein ny § 397.⁴⁵² Innstillinga til ny ordlyd i denne paragrafen innebar ei avgrensing av møteverksemda til organisasjonar for homoseksuelle:

Med bøter eller fengsel inntil 3 måneder straffes den som er med på å lede en forening eller annen sammenslutning eller et møte eller annen sammenkomst som særlig er beregnet på tilslutning av homoseksuelle personer, uten at det føres forsvarlig kontroll for å hindre at personer under 21 år får adgang.

Har sammenkomster som nevnt i første ledd ført til at personer under 21 år har tilhold i eller utenfor lokalet, straffes på samme måte den som iverksetter, leder eller gir husrom for slike sammenkomster på vedkommende sted etter at påtalemyndigheten har advart mot at møtevirksomheten blir fortsatt.

På samme måte straffes den som i blad eller tidsskrift som selges til andre enn faste abonnenter, kunngjør møte eller annen sammenkomst eller adgang til medlemskap i forening eller annen sammenslutning som nevnt i første ledd, eller som på annen måte sprer slik kunngjøring blant dem som ikke på forhånd er medlemmer av sammenslutningen, eller som medvirker hertil.⁴⁵³

⁴⁵⁰ Halsos 1999: 45-46.

⁴⁵¹ Ot. prp. nr. 41 (1954): 12.

⁴⁵² § 397 forbaud konkubinatt, det vil seia sambuarskap mellom mann og kvinne utan at dei var gifte. Straffelovrådet foreslo altså å fjerna straffen for dette, og i staden gi plass for eit anna forbod.

⁴⁵³ Ot. prp. nr. 41 (1954): 12.

Departementet foreslo visse endringar i utkastet til § 213, og avviste § 397 i Ot.prp 41 1954, medan Justiskomiteen i 1955 meinte endringane i §§ 213 og 397 måtte utreiast betre, noko som førte til at Stortinget sende forslaget tilbake til Justisdepartementet i mai 1955.⁴⁵⁴

Straffelovrådet grunn gav avskaffinga av det generelle forbodet med at det var urettferdig å straffa ein person på grunn av ein eigenskap ved han. Ei slik avskaffing var ikkje, i følge rådet, det same som at det blei slutt på sjå på homoseksualitet som forkasteleg. Folkemeininga ville vera ein garanti mot dette. Ein valde likevel å straffa homoseksualitet i visse tilfelle, fordi ein såg det som tenleg å "...hindre utbredelse av homoseksualitet".⁴⁵⁵

Overlege ved Gaustad sjukehus Ørnulv Ødegaard var ein av medlemmane av Straffelovrådet. Han fekk stor innverknad på utforminga og skreiv også eit vedlegg med grunngevingar.⁴⁵⁶ I vedlegget til innstillinga skreiv Ødegaard at homoseksualiteten for mange var bestemt av utviklinga i den tidlege barndommen, og at denne var så rotfesta at han hadde lite tru på behandling. Men dei mange latente homoseksuelle kunne lokkast, og det var viktig å hindra "...at de glir over i homoseksuell retning."⁴⁵⁷ Han viste til Freud, men også til Kinsey om at omfanget av homoseksualitet var større enn ein hadde trudd tidlegare.

Straffelovrådets innstilling til nye §§ 213 og 397 blei motarbeida av DNF-48. Gjennom deira advokat, høgsterettsadvokat Johan B. Hjort, blei Justisdepartementet kontakta med referanse til danske psykiatrar.⁴⁵⁸ Formannen i Forbundet, Dermot Mack, skreiv seinare at sjølv om ein helst såg at § 213 blei fjerna, blei dei nye forslaga sett på som mykje verre, idet den eksisterande § 213 var ein tilnærma lik sovande paragraf, medan dei nye forslaga ville medføra bruk. § 213 hadde i innstillinga til dømes ikkje lenger ein passus om at "almene Hensyn" måtte vera tilstades, og forslaget til § 397 ville gjera DNF-48 si verksemd sær vanskeleg.⁴⁵⁹

Helsedirektoratet uttalte seg på følgande vis

Det synes å foreligge to muligheter: enten i det hele å sløyfe straffebestemmelsen og falle tilbake på andre bestemmelser i straffeloven, eller å formulere en ny § 213 i mer generell (mindre spesifisert) form, slik at en smidigere tilpasning ble mulig. Vår nåværende medisinske viten om homoseksualitetens vesen og ikke minst betydningen av utslagene i ungdomsårene, berettiger neppe til så klare grenser som de som nå finnes i den nye § 213. Skal en fremdeles ha særlige straffebestemmelser, taler etter mitt skjønn meget for i allfall å ha den sikkerhetsventil som lå i det tidligere "påkreves av almene hensyn".⁴⁶⁰

⁴⁵⁴ Ibid: 47.

⁴⁵⁵ Ibid: 66.

⁴⁵⁶ Ibid: 46, 68.

⁴⁵⁷ Ibid: 68.

⁴⁵⁸ Ibid: 157.

⁴⁵⁹ "Hector" 1994: 35-36.

⁴⁶⁰ Ot. prp. nr. 41 (1954): 16-17.

Helsedirektoratet, med Karl Evang som helsedirektør, kom altså fram til andre konklusjonar enn Straffelovrådet og sa seg ueinig i Ørnulv Ødegaard si forståing av homoseksualiteten. Karl Evang hadde seinast i si utgåve av boka *Seksuell opplysning* frå 1951 gjentatt at straffeparagrafen mot homoseksualitet burde vekk, og utsegna ovanfor reflekterer sannsynlegvis dette.⁴⁶¹

Mellom 1932 og 1950 var det lite i det juridiske rammeverket som endra seg. Endringsforslaget frå 1953 og dei ulike meiningane om det, må forståast på bakgrunn av ein del av utviklingstrekkane me såg i førre underkapittelet. Homoseksualitet mellom voksne personar var ikkje ønskeleg å straffa, men ein ønska å verna ungdommen mot forføring som kunne føra til ei varig homoseksuell utvikling. Forslaget reflekterte også det som alt var praksis i bruken av § 213: Som me skal sjå nedanfor *blei* § 213 i praksis sjeldan eller aldri brukt mot forhold mellom menn over 21 år, i den rettspraksisen eg har undersøkt for perioden 1932-1950, var aldri den yngste parten eldre enn 21 år.

Rettspraksis

§ 213 blei handheva i perioden. Tre av dommene som Halsos fann i Oslo, fell under denne perioden, medan eg har funne heile ti dommar i Bergen. I det følgjande vil eg først presentera dette materialet, før eg går over på ei drøfting av kva syn på samekjønnsseksualitet som låg til grunn.

I perioden var det altså kun tre dommar etter § 213 i Oslo.⁴⁶² To personar blei dømde i forhørsretten i 1932 for å ha hatt sex med einannan på ein benk i ein park etter ei fuktig natt på byen.⁴⁶³ Dei einaste som var tilstades i parken, var to politikonstablar som på avstand heldt auge med det heile. For dette blei dei to mennene dømde etter §§ 212, første ledd nr. 1 og 2 og 213. § 213 var av påtalemakta sagt å brukast idet allmenne omsyn tilsa det. I den andre dommen, som var frå 1938, blei det også dømt etter ein annan paragraf i tillegg til § 213. Her blei ein mann dømt for å ha hatt sex med ein 15 år gammal gut, og retten meinte at han for dette måtte dømmast både etter § 213 og § 196.⁴⁶⁴ I den siste av dei tre dommene blei det berre dømt etter § 213.⁴⁶⁵ Dommen, som var frå 1938, dømde ein mann etter § 213 for å ha hatt sex med ein gut på 16 år i Bergen i 1936.

⁴⁶¹ Evang 1951: 97.

⁴⁶² Funne etter gjennomgang av sakslister gjort av Martin Skaug Halsos.

⁴⁶³ SAO: Dom 16/11 1932 i Oslo forhørsrett.

⁴⁶⁴ SAO: Dom 4/2 1938 i Oslo forhørsrett.

⁴⁶⁵ SAO: Dom 22/6 1938 i Oslo forhørsrett.

To av dommane kunne altså ha blitt pådømt utan bruk av § 213, mens den siste var ei "rein" § 213-sak. Denne dommen gjekk inn i ei større sak som var blitt etterforska av politiet i Bergen hausten 1937 og vinteren 1938, og må sjåast i lys av denne saka, som var heilt spesiell. Saka blei i avisene kalla "Den store sedelighetssaken".⁴⁶⁶

Eg har i gjennomgangen av justisprotokollane til Statsadvokaten i Hordaland i perioden 1932-1945, funne ti dommar med tilsaman 37 domfelte etter § 213 i Bergen. Alle dommane var frå mellom 1935 og 1938.⁴⁶⁷ I tillegg til desse dommane har eg funne åtte saker i Bergen og Hordaland der det blei etterforska for brot på § 213, men kor det ikkje kom til dom.⁴⁶⁸ Med unntak av ei av sakene som blei henlagt der det ikkje går fram om det gjaldt sex mellom menn eller bestialitet, gjaldt samtlege av sakene (etterforska saker og dommar) samekjønnsseksualitet.⁴⁶⁹ Ei av dei henlagte sakene var frå Hardanger, alle dei andre sakene (etterforska saker og dommar) var frå Bergen.⁴⁷⁰

Berre fire av dommane er utan tilknytning til den store sedskapssaka.⁴⁷¹ I tre av desse dommane blei det dømt etter § 213 og ein annan paragraf. I den eine av desse, ein dom frå 1937, hadde ein mann gjort seg skuldig i utuktig omgang med mindreårige og omgang med menn.⁴⁷² I skjerpande retning blei det sett at det var forhold som hadde foregått over fleire år og at gutane som var involverte kunne ha fått "smak for homoseksuelle utskielser".⁴⁷³ To av desse dommane var frå 1938, men ser ikkje ut til å ha nokon tilknytning til "den store sedelighetssaken". Den eine av desse dommane dømde ein mann for sex med mindreårige i tillegg til brot på § 213.⁴⁷⁴ Den andre dommen frå 1938, dømde ein mann etter §§ 213, 270 og 198.⁴⁷⁵ Sistnemnde paragraf omhandla forhold der "særlig underfundig adferd" var nytta for å

⁴⁶⁶ Eg har ikkje gått systematisk gjennom avisenes dekning av saka. Saka var imidlertid sær framtreddande i Bergensavisene og gjekk der under namnet "Den store sedelighetssaka". Avisene fokuserte på tilfella der mindreårige var involvert. Omgrepet homoseksualitet blei nytta også om desse tilfella (*pedofili*, blei ikkje nytta). Dekninga var særleg intens i mars 1938. Bergens Tidende, Bergens Arbeiderblad, Arbeidet og Gula Tidende var av dei som hadde fyldig dekning av sakene. Avisreportasjane heldt seg stort sett til referat frå rettsmøte.

⁴⁶⁷ I følge ein statistikk frå Statistisk sentralbyrå kom det ingen dommar etter § 213 i byar i perioden mellom 1946 og 1950, eg har derfor ikkje undersøkt justisprotokollane frå denne perioden (Straffelovrådet 1954: 4). Det kan ha likevel ha forekomme dommar, Halsos fann dommar som ikkje var registrerte i statistikken i Oslo. Av forskningsøkonomiske omsyn har eg likevel ikkje sett gjennom justisprotokollane mellom 1946 og 1950.

⁴⁶⁸ Fire av dei blei henlagte (SAB: Statsadvokaten i Hordaland: Sak 937/35 i A 42, sak 361/36 i A 43, sak 266/39 og sak 940/39 i A 46), medan tre førte til dom, men etter andre paragrafar enn § 213 (SAB: Statsadv. i Hordaland: Sak 322/32 i A 40, sak 467/34 i A41 og sak 228/37 i A 44). Ei førte til påtalunnlating godkjend av Riksadvokaten, mot at mannen blei kastret (SAB: Statsadv. i Hordaland: Sak 10/38 i A45).

⁴⁶⁹ SAB: Statsadvokaten i Hordaland: Sak 937/35 i A 42.

⁴⁷⁰ SAB: Statsadvokaten i Hordaland: Sak 266/39 i A 46.

⁴⁷¹ I tillegg kjem dei sju sakene der det blei starta etterforsking etter § 213, men ikkje kom til dom. Fire av dei blei henlagte, i tre av dei kom det til dom etter andre paragrafar enn § 213.

⁴⁷² SAB: Dom 31/7 1937 i Bergen meddomsrett.

⁴⁷³ Ibid: 65.

⁴⁷⁴ SAB: Dom 28/4 1938 i Bergen meddomsrett.

⁴⁷⁵ SAB: Dom 21/4 1938 i Bergen forhørsrett.

forføra nokon til utuktig omgang. Den siste av dei fire dommene som var uavhengig av den store saka, gjaldt ein mann som hadde hatt sex med ein gut i 16-17 årsalderen.⁴⁷⁶ Det blei sett som skjerpande at han hadde utført handlingane med ein såpass ung gut.

Årsaken til det høge talet på dommar i Bergen er, som nemnd, i hovudsak *ei* etterforsking frå Bergen politikammer i 1937 og 1938. Denne, ”den store sedelighetssaken”, førte til seks av dommene i Bergen.⁴⁷⁷ I tillegg blei ein person dømd i Oslo forhørsrett som resultat av denne saka.⁴⁷⁸ Til saman førte altså saka til sju dommar, og heile 34 menn blei dømde. 20 av desse blei dømde berre for brot på § 213, dei resterande 14 også for brot på andre paragrafar.⁴⁷⁹

Saka starta med at nabokona til ein mann melde frå om mistenkeleg stor trafikk av tenåringsgutar inn og ut av rommet hans. Avhøra av denne mannen og tenåringsgutane han hadde hatt forhold til, førte til stadig nye avsløringar og fleire mistenkte.

Me har alt nemnd dommen som fall i Oslo forhørsrett. Av dei dommene som fall i Bergen, var to i forhørsretten, tre i meddomsretten og ein i lagmannsretten. Mennene som blei dømde i forhørsretten hadde sagt seg villige til summarisk pådømming. Den første dommen fall i januar 1938, fem menn blei dømt, fire av dei etter andre paragrafar i tillegg til § 213 (seksuell omgang med mindreårige).⁴⁸⁰ Same stad blei 19 menn dømd i mars, 16 av dei kun etter § 213, dei tre andre også for sex med mindreårige.⁴⁸¹ Resten av dei tiltalte blei ikkje dømde i forhørsretten, men i meddomsretten eller lagmannsretten. Den første dommen i meddomsretten fall 18. februar. Dette gjaldt brotsverk som hadde høgare strafferamme, og mannen blei dømd til eitt års fengsel for brot på §§196, 212 og 213.⁴⁸² To av sakene gjekk til høgare instansar fordi dei sikta nekta straffeskyld og såleis ikkje sa seg villige til å bli dømde summarisk i forhørsretten. Den eine dommen, der ein mann blei dømd for brot på §§ 196 og 213, fall i meddomsretten i august.⁴⁸³ Av same grunn blei to menn dømde for brot på § 213 i juli same året.⁴⁸⁴ Den siste av sakene gjekk til Gulating Lagmannsrett på grunn av den høge

⁴⁷⁶ SAB: Dom 7/3 1935 i Bergen meddomsrett.

⁴⁷⁷ I tillegg var den nemnde påtalunnlatinga mot at mannen blei kastret del av denne saka. (SAB: Statsadvokaten i Hordaland: Sak 10/38 i A 45).

⁴⁷⁸ SAO: Dom 4/2 1938 i Oslo forhørsrett.

⁴⁷⁹ Omfanget på saka blir endå større når ein tar med at ein av dei etterforska mennene tok livet av seg medan etterforskinga ennå pågjekk (SAB: Dok. 43.14.9. i Mappe II, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440). I tillegg kom tilfellet der ein mann fekk påtalunnlating mot at han blei kastret (SAB: Statsadvokaten i Hordaland: Sak 10/38 i A 45).

⁴⁸⁰ SAB: Dom 20/1 1938 i Bergen forhørsrett.

⁴⁸¹ SAB: Dom 1/3 1938 i Bergen forhørsrett.

⁴⁸² SAB: Dom 18/2 1938 i Bergen meddomsrett.

⁴⁸³ SAB: Dom 17/8 1938 i Bergen meddomsrett.

⁴⁸⁴ SAB: Dom 29/7 1938 i Bergen meddomsrett.

strafferamma. Her blei fem menn dømd for brot på § 213 og ei rekke tilfelle av sex med mindreårige gutar (for det meste i tenåra).⁴⁸⁵

I dei reine § 213-sakene skjedde det ikkje at det blei dømt for sex mellom menn over 21 år. Den einaste saka der det blei dømt for sex mellom to menn over 21 år var i ei sak frå Oslo i 1932, men i denne saka blei det også dømd etter § 212.⁴⁸⁶ I resten av sakene forekom det ikkje at begge to av dei involverte i ei seksuell handling blei dømde, alle dømde var over 21 år og alle gutane var under 21 år.

Dette tyder på at Riksadvokaten sitt skriv som var gjengitt i Kjerschow sin kommentar til straffelova om at § 213 kun skulle nyttast når den eine parten var under 21 år, blei følgd opp.

Straffeutmålinga i dei sakene som var reine § 213-saker var frå 30 dagar fengsel på vilkår til 120 dagar fengsel.⁴⁸⁷ Fleire av dommene blei gjorte på vilkår. Grunngevinga for dette var i ein dom i Oslo forhørsrett i 1938 at fullføring av straffa ikkje blei sett som naudsynt for å unngå gjentakning.⁴⁸⁸ I dommen frå Bergen forhørsrett der 16 menn blei dømt for reine § 213-brot at handlingane låg eit stykke tilbake i tid,⁴⁸⁹ og i ein dom frå Bergen meddomsrett i juli 1938 at dei domfelte allereide hadde lidd nok på grunn av merksemda saka hadde fått.⁴⁹⁰

Verken eg eller Martin Skaug Halsos har funne nokon dommar frå 1940-talet. Dette kan tyda på at § 213 i endå større grad var i ferd meg å bli ein sovande paragraf. Den store saka frå Bergen i 1938 blir nærmast for eit unntak å rekna. Dei fleste involverte i denne saka påsto at dei heller ikkje hadde kjennskap til at det var straffbart å ha sex med menn over 16 år, sjølv om dei såg at det streid mot "*den almenne moralsfølelse*".

Okkupasjonen fekk liten eller ingen innverknad på handhevinga av § 213. Nils Johan Ringdal skriv i *Mellom barken og veden. Politiet under okkupasjonen* at det i Bergen var eit forhold mellom ein norsk mann og ein tysk soldat som blei oppdaga og aksjonert mot av det tyske tryggleikspolitiet. Resultatet blei at den tyske mannen blei skoten, og den norske sendt i tysk konsentrasjonsleir med rosa trekant, som var symbolet dei homoseksuelle mennene fekk i

⁴⁸⁵ SAB: Dom 12/3 1938 i Gulating lagmannsrett. Her blei det dømt frå eitt år til fem års fengsel, det blei dømd etter § 213 og for sex med mindreårige.

⁴⁸⁶ SAO: Dom 16/11 1932 i Oslo forhørsrett.

⁴⁸⁷ SAB: 120 dagar i dom 7/3 1935 i Bergen forhørsrett, dessutan fekk to av dei domfelte i Dom 1/3 1938 i Bergen forhørsrett ein fengselstraff på 120 dagar, men den blei gjort på vilkår. 30 dagar fengsel på vilkår fekk ein av dei domfelte i same dom.

⁴⁸⁸ SAO: Dom 4/2 1938 i Oslo forhørsrett.

⁴⁸⁹ SAB: Dom 1/3 1938 i Bergen forhørsrett: 190.

⁴⁹⁰ SAB: Dom 29/7 1938 i Bergen meddomsrett.

leirane.⁴⁹¹ Ringdal har funne indikasjonar på at to andre norske menn fekk liknande lagnad i 1944.⁴⁹² Ellers meiner Ringdal at tysk politi ikkje blanda seg inn i kva norsk politi gjorde når det gjaldt slike saker.

Statistisk sentralbyrå utarbeida ein oversikt over bruken av § 213 for Straffelovrådet. Denne statistikken viser ein nedgang i bruken av paragrafen 213 etter 1945 i byane, berre ei slik sak forekom mellom 1945 og 1950.⁴⁹³ På grunn av dette har eg berre gjennomgått Justisprotokollane for Statsadvokaten i Hordaland fram til 1945. Dermot Mack, som var leiar av DNF-48 på midten av 1950-talet, skreiv at § 213 så og seia ikkje blei brukt i 50-åra. Han skriv at § 213 på 50-talet var "Sjelden eller aldri benyttet". Og, heldt han fram:

*(Undertegnede hadde dessuten fått opplyst fra en pålitelig kilde at det forelå en henstilling fra høyere hold om ikke å bruke straffebudet.) Altså: I 1950 praktiseres en aldersgrense på 16 år – som for heterofile.*⁴⁹⁴

Ein høgsterettsdom frå 50-talet, viser at dette ikkje var heilt sant. Men Mack si utsegn reflekterer nok at § 213 på 1950-talet blei nytta i særst liten grad.

§ 213 blei sjeldan nytta i perioden 1932-1950. "Den store sedelighetssaken" frå 1937 og 1938 ser ut for å vera eit viktig unntak. Paragrafen blei i den praksis eg har gjennomgått kun nytta om menn over 21 år som hadde hatt sex med personar mellom 16 og 21 år.

Syn på samekjønnsseksualitet i rettspraksis.

I førre kapittelet såg me at forståinga av samekjønnsseksualiteten som noko i personen, uavhengig av viljen hans, blei brukt som eit formildande moment i utmålinga av straffa i nokre saker. Dette såg me hang saman med den psykiatriske forståinga av seksualiteten. Her vil eg halda fram med å undersøka kva syn som blei framheva i retten, kva verknader det fekk for straffeutmålinga samt kva dei tiltalte og "dei fornærma" sjølv meinte.

I fleire av dommene blei det sett som formildande at dei dømde hadde ein fysisk eller psykologisk disposisjon for samekjønnsseksualitet. På den andre sida blei det motsette brukt som formildande i ein dom frå Oslo frå 1932. Dei to dømde hadde ifølge legeerklæringa ingen "tilbøiligheter i unaturlig sexuell retning", situasjonen var oppstått på grunn av at dei var

⁴⁹¹ Ringdal 1987: 183. (Ringdal baserer dette på intervju med skodespelaren Arne Bang-Hansen). Då saka er dømt av tysk rett, har eg ikkje funne ho i justisprotokollane til Statsadvokaten i Hordaland.

⁴⁹² Ibid.

⁴⁹³ Straffelovrådet 1954: 4. Denne eine saka skal ifølge statistikken vera i Oslo. Martin Skaug Halsos fann imidlertid inga slik sak i sin gjennomgang.

⁴⁹⁴ Hector 1994: 36.

fulle.⁴⁹⁵ I dette tilfellet blei dette altså sett på som formildande, idet det måtte sjåast som ei isolert handling og at det neppe var fare for gjentakning.

I langt dei fleste sakene blei det brukt som formildande at handlingane var utslaget av noko djupt rotfesta i personane. Ein dom frå Bergen frå 1937 såg det som formildande at sjukdom hadde gjort tiltalte mindre i stand til å stå mot "sine tilbøiligheter".⁴⁹⁶ I politirapportane frå etterforskinga av "Den store sedelighetssaken" i Bergen 1937-38 blei alle dei etterforska mennene spurde om dei var homoseksuelle, noko dei fleste etterkvart svarte stadfestande på.⁴⁹⁷ Ein av dommane, i Bergen forhørsrett 20. januar 1938, drøfta til og med om det faktumet at dei domfelte var disponerte fysisk/psykisk for slike handlingar gjorde at dei ikkje kunne motstå dei:

*(...) retten har endog under forhandlingene i anledning av saken vært inne paa den tanke om de drifter de siktede har latt sig lede av har vært av slik styrke at de ikke har kunnet motstaaes, idet de paasiktede handlinger ellers synes lite forenelig med det greie og fornuftige inntrykk de siktede stort sett har gitt. Denne tanke har imidlertid retten maattet opgi, idet de siktede under rettsforhandlingene har bekreftet at de alltid forsaavidt har følt sig fritt stillet, og at de har villet kunne beherske sine drifter om de hadde tatt sig mer sammen.*⁴⁹⁸

På same måte blei det resonnert i fleire av dommane.⁴⁹⁹

Materialet mitt tyder på at legeerklæring blei nytta noko oftare enn tidlegare, også for personar der det ikkje var spørsmål om sinnssjukdom eller varig svekka sjelsevner. Vurderinga til retten i ein dom frå Oslo frå 1932, der det blei slått fast at to menn som hadde hatt sex med einannan ikkje var homoseksuelle, men at handlingane berre var resultat at djup alkoholrus, var basert på ei legeerklæring.⁵⁰⁰ I ein dom frå Bergen blei etterverknadene av ein "syfillitisk hjernesygdom" sett som ein av grunnane til at domfelte ikkje "har kunnet motstaa sine tilbøieligheter".⁵⁰¹ I ei anna erklæring frå Bergen såg legane det slik at viss den tiltalte kom vekk frå "det homoseksuelle miljø, hvor han en tid har ferdedes", ville faren for gjentakning vera minimal.⁵⁰²

Forståinga av homoseksualitet som noko djuptliggjande i personen var altså ein dominerande måte å sjå det på i retten, når det gjaldt dei voksne tiltalte mennene. Samtidig var forføringsteorien tilstades i forståinga av kva skade handlingane kunne føra til hos dei

⁴⁹⁵ SAO: Dom 16/11 1932 i Oslo forhørsrett.

⁴⁹⁶ SAB: Dom 31/7 1937 i Bergen meddomsrett.

⁴⁹⁷ SAB: Diverse politirapportar i Bergen Politikammer, Straffesaker, Akter nr. 2440.

⁴⁹⁸ SAB: Dom 20/1 1938 i Bergen forhørsrett: 41.

⁴⁹⁹ SAB: Dom 1/3 1938 i Bergen forhørsrett, Dom 28/4 1938 i Bergen meddomsrett, Dom 29/7 1938 i Bergen meddomsrett.

⁵⁰⁰ SAO: Dom 16/11 1932 i Oslo forhørsrett.

⁵⁰¹ SAB: Dom 31/7 1937 i Bergen meddomsrett.

⁵⁰² SAB: Dom 17/8 1938 i Bergen forhørsrett.

ynge gutane som var ofre for handlingane. I ein dom frå Bergen 1937 blei dette sett som skjerpande, handlingane kunne medføra fare "for aa gi de ungdommer det gjelder smak for homoseksuelle utskeielser".⁵⁰³ I ein dom frå 18. februar året etter blei det formulert på denne måten: "...forgåelser som kan være samfundsfarlige for så vidt som denne kan fremelske homoseksuelle tilbøieligheter hos ungdommen".⁵⁰⁴ På same måte blei det sett som skjerpande i to andre dommar.⁵⁰⁵

På den andre sida blei det i fleire tilfelle understreka at gutane også hadde sin del av ansvaret. Såleis i dommen frå Bergen forhørsrett 20.januar 1938:

*(...) det maa antas at samtlige har følt sig sterkt fristet til aa innlate sig i forbindelsene, og hatt vanskelig for aa motstaa disse fristelser, ogsaa av den grunn at de gutter med hvem de har vært i forbindelse, efter de siktedes angivender, paa forhaand har optraadt slik at det maatte formodes de var lystne paa aa være med paa affærene.*⁵⁰⁶

På liknande vis blei det argumentert i ein dom frå Oslo forhørsrett 1938.⁵⁰⁷ For ein av dei dømde i Bergen forhørsrett 1. mars 1938, ein mann på 21 ½ år, blei det sett som formildande at han ikkje var stort eldre enn dei gutane han hadde forgripe seg på:

*For hans del synes forholdet nærmest [sic] å ha hatt karakteren av guttestreker, av art som retten, efter det kjennskap den har fått til forholdene gjennom de saker som har beskjeftiget den i det siste halve års tid, har ikke liten utbredelse blant jevnaldrende gutter og hvis lastverdige karakter de neppe har ofret videre tanke.*⁵⁰⁸

For første gang i det rettslege og rettspsykiatriske materialet eg har undersøkt, finn me på 30-talet at det blei ytt motstand mot rettens og psykiatranes forståingar. Fleire av dei impliserte i den store sedskapssaka viser ei forståing av seg sjølv som homoseksuelle. Hos ein av dei blei det kverrsett fleire eksemplar av Karl Evangs *Populært tidsskrift for seksuell opplysning*.⁵⁰⁹ At seksualreformrørsla hadde blitt lagt merke til, viser også utsegna frå ein av dei som blei rettspsykiatrisk undersøkt i samband med ei sak ein annan stad i landet. Han hadde sjølv kontakta Karl Evang, og bede han arbeida for oppheving av straff for homoseksualitet.⁵¹⁰ Desse døma kan seia noko om at seksualopplysningsrørsla hadde hatt eit visst gjennomslag.

⁵⁰³ SAB: Dom 31/7 1937 i Bergen meddomsrett.

⁵⁰⁴ SAB: Dom 18/2 1938 i Bergen forhørsrett: 145.

⁵⁰⁵ SAB: Dom 28/4 1938 i Bergen meddomsrett. Dom 29/7 1938 i Bergen byrett.

⁵⁰⁶ SAB: Dom 20/1 1938 i Bergen forhørsrett.

⁵⁰⁷ SAO: Dom 4/2 1938 i Oslo forhørsrett.

⁵⁰⁸ SAB: Dom 1/3 1938 i Bergen forhørsrett: 192

⁵⁰⁹ SAB: Ransakingsrapport frå Bergen politikammer 12/10 1937, Dok. 6b i Bergen politikammer, Akter 2440.

⁵¹⁰ RA: Erklæring avgitt 16/10 1932 i Den rettsmedisinske kommisjon, Rettspsykiatriske erklæringar 1930-88, J.nr. 551/37. Inneheld erklæringar frå 1932 og 1937. Mannen dømt i 1922, 1928 etc for forhold til gutar under og over 16 år.

Ein av dei mistenkte i sedskapssaka nekta å la seg dømme summarisk i forhørsretten avdi han meinte å vera i god tru om at sex med menn over 16 år var lovleg. I forhørsretten blei det spurt om han ikkje likevel burde sjå det moralsk forkastelege i sine handlingar og at han på bakgrunn av dette måtte vita at han kunne utsetja seg for straffeforfølgning. Han svarte at han meinte:

*det kunde være tvilsomt om man kunde anerkjenne den moraloppfatning, særlig i tilfelle som disse hvor de gutter han var sammen med tidligere hadde vært med på lignende og visste vel hvad der skulde foregå, og var verken lokket eller overtalt, tvertimot syntes han at gutten viste like megen iver som siktede.*⁵¹¹

Alle dei andre involverte i saka hadde i retten svart stadfestande på spørsmål om dei såg at det dei hadde gjort streid mot ”den almindelige oppfatning av moralgrunnsetningene” og sa seg skyldige. Saka gjekk vidare til meddomsretten kor mannen blei dømt til fengsel på vilkår.⁵¹² Til politiet forklarte han at han ved eit tidlegare høve (for ca. 5 år sidan) hadde retta seg til advokat Emil Mohr og spurt han om det var straffbart å ha sex med voksne menn (dvs. gutar over 16 år).⁵¹³ Han hadde forstått Mohr slik at det eksisterte ein paragraf, men at denne knapt hadde vore nytta på 30 år. Dette hadde han også formidla til ein venn av seg som òg var homoseksuell, og som også kom til å bli involvert i den store sedskapssaka. Mohr, som også var mannens advokat i dette tilfellet, stadfesta at mannen hadde spurt han om dette nokre år tidlegare. Dette hadde skjedd då mannen var blitt fråstole ein del ting frå heimen sin av ein mann han hadde hatt samband med.⁵¹⁴ Han ville då vita om det kunne vera ein risiko forbunde med å melda dette tjuveriet idet det var sannsynleg at det også kom fram at han hadde hatt seksuell omgang med denne personen. Mohr hadde svart at § 213 praktisk talt ikkje hadde vore brukt.

To menn som blei rettspsykiatrisk undersøkte, uttrykte også synspunkt som gjekk mot forståinga til autoritetane.⁵¹⁵ Den nemnde mannen som hadde skrive til Karl Evang og bede han arbeida for avkriminalisering, sa til legen som undersøkte han (ifølge legens referat) at ”samfundets behandling av kjønselig perverse mennesker var helt urimelig”.⁵¹⁶ Ein annan som var heile 8 ganger judisielt observert etter notoriske tilnærmingar til unge gutar, hadde eit

⁵¹¹ SAB: Rettsbok for Bergen forhørsrett 22.- 26. februar 1938, Dokument 29 i Mappe IV i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵¹² SAB: Dom i 29/7 1938 i Bergen meddomsrett.

⁵¹³ SAB: Rapport av 4/4 1938 i Dok 39 i Mappe IV i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵¹⁴ SAB: Brev 7/4 38 frå Adv. Emil Mohr i Dok 39 i Mappe IV i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵¹⁵ Desse to personane har eg funne med utgangspunkt i materialet frå Oslo. Begge blei dømd fleire ganger, og uttalingane eg referer i det følgjande er uavhengig av dei dommane eg har analysert ovanfor.

⁵¹⁶ RA: Erklæring 16/10 1938 i Den rettsmedisinske kommisjon, Rettspsykiatriske erklæringer, J.nr. 551/37.

noko lågare refleksjonsnivå, men uttalte også fleire gonger at det han gjorde ikkje burde vera straffbart og at ”*det må være tillatt for en homoseksuell som for andre å følge sine drifter*”.⁵¹⁷

Den medisinske diskursen om den homoseksuelle var altså blitt avgjerande for retten si forståing av dei seksuelle handlingane mellom menn. Handlingane blei oppfatta som resultat av noko ein *var*, og dette blei også brukt som eit formildande moment i mange av sakene. Samtidig har me sett at forføringsteorien stod sterkt; ein kunne ved å ta del i sex med menn få ei skeiv seksuell utvikling. På den eine sida hadde ein altså den homoseksuelle voksne mannen som var slik og ikkje kunne bli noko anna, på den andre sida såg ein ungdommen som i faresonen for uheldig påverking som kunne føra til at dei blei slik. Uansett var den voksne homoseksuelle noko meir eller mindre urokkeleg, og homoseksualiteten som noko i personen, var ei etablert forståing.

Erotiske møte og identitetsdanning

*No veit eg det –
eg er ikkje som dei andre.
Eg er annarleis.
(...)*

*-I ein fortrolla skugge
-går eg her –
i skuggen av mi eiga natur.
Som innunder høge hamrar i sjøleffjellet.*⁵¹⁸

Frå Åsmund Sveen: *Andletet*, 1932.

Diskursen om den homoseksuelle såg samekjønnsseksualiteten som noko ibuande og ein sentral del av personlegdommen. Sitatet ovanfor, henta frå debutsamlinga til lyrikaren Åsmund Sveen (1910-63), kan mellom anna sjåast som eit uttrykk for denne kjensla av å vera annleis som gjennomsyra personlegdommen. Sveen var sjølv homoseksuell, og samlinga som kom i 1932 hadde klare homoerotiske drag. Han var ein av dei som på 1930-talet levde forholdsvis ope som homoseksuell, han levde i mange år saman med den ni år eldre fotografen Conrad Bringe i Oslo.⁵¹⁹ Kjensla av å vera annleis går igjen i mykje av det skriftlege materialet skrivne av sjølvidentifiserte homoseksuelle frå starten og midten av 1900-talet. I førre kapittel har me sett at Sigurd Bodvar og Alf Martin Jæger uttrykte denne kjensla i

⁵¹⁷ RA: Erklæring 28/4 1947 i Den rettsmedisinske kommisjon, Rettspsykiatriske erklæringer, J.nr 326/47.

⁵¹⁸ Sveen 1932: 88-89.

⁵¹⁹ Gatland 2003: 81-82.

skjønnlitterær form. Ronald Fangens hovudperson i *En roman* frå 1918 uttrykte det som at livet hadde ein annan farge for han. Øyvind Eckhoff kalla sakprosaboka si om homoseksualitet frå 1957 for *Vi som føler annerledes*. Å identifisera seg som homoseksuell handla ikkje berre om å forstå kjønnsdrifta si som annleis. Mange homoseksuelle oppfatta seg som annleis på eit meir grunnleggande vis. Det kunne vera som eit tredje menneskekjønn, men også på annan måte som annleis frå majoriteten.

I kor stor grad var førestillinga om at det å vera homoseksuell innebar å vera radikalt annleis, utbreidd i samfunnet i perioden dette kapitlet femnar? Eg vil søka å antyda nokre svar i dette underkapitlet. Først vil eg imidlertid sjå på kva kjeldene kan seia om møtestader i byane Oslo og Bergen.

Oslo var den desidert største byen i landet, medrekna Aker hadde han i 1930 340.000 innbyggjarar og i 1948 428.000.⁵²⁰ Bergen var markert mindre. Mellom 1930 og 1950 auka folketalet frå 98.000 til nesten 113.000.⁵²¹ Utvikling av ein homoseksuell subkultur krev ein by av ein viss storleik. Oslo var det nærmaste ein kom ein storby i internasjonalt format, men Bergen burde også vera stor nok til å husa møtestader og nettverk av homoseksuelle menn.

Som me såg i førre kapitlet intervjuja journalisten Svein Skeid ei rekke eldre homoseksuelle menn i Oslo rundt 1990. Utifrå dette materialet kunne han beskriva eit mylder av møtestader for homoseksuelle menn i byen. Informantane hans fortalde om korleis ein kunne treffa likesinna i parkar, på offentlege toalett og på visse restaurantar.⁵²² Parkanlegget på Tullinløkka var eit av sentra for erotisk kontakt mellom menn i Oslo rundt midten av 1900-talet. Området låg sentralt, dei store trea gjorde det forholdsvis usjenert. Eit underjordisk offentleg toalett gjorde også sitt til at dette blei eit kontaktknutepunkt. I følge Skeid var Tullinløkka såpass kjent for å vera ein treffstad, at det blei snakka om også utanfor Oslo.⁵²³ Materialet frå domstolane i Oslo er for lite til å kunna seia noko om møtestader og nettverk i denne perioden. Til gjengjeld har me eit rikt materiale frå Bergen.

Etterforskinga frå den store sedskapssaka som blei rulla opp i Bergen i 1937 og 1938 kan seia oss ein del om møtestader i byen på 1930-talet. Dei møtestadene som utmerka seg var offentlege toalett og parkar.

I ei tid med bustadmangel og trange husvære, gjorde dei offentlege toaletta det mogleg å vera forholdsvis usjenert, særleg seint på kveldane. I Bergen utmerka eit par slike toalett

⁵²⁰ Kjeldstadli 1990: 154.

⁵²¹ Fossen og Grønlie 1985: 512.

⁵²² Skeid 1990: 29-30.

seg: på Rådstueplass i sentrum og det i Muséparken, er nemnd ved to høve kvar.⁵²⁴ På liknande vis hadde tre andre pissoar i Bergen sentrum blitt nytta.⁵²⁵ Ved nokre høve møtte mennene einannan på det offentlege toalettet, ved andre høve møttest dei andre stader, for så å gå til eit offentleg toalett for å utføra handlingane.

Ellers blei også parkar nytta både som møtestader og stader for seksuelle handlingar. Både Nygårdsparken og Byparken er nemnd ved to høve som ein plass ein fekk kontakt.⁵²⁶ I eitt av desse tilfella hadde to personar fått augekontakt i folkemengda på Torget. Dei fylgde etter einannan og sette seg på ein benk i saman i Byparken. Den eldste av dei to, som var skodespelar, baud på ein sigarett. Slik kom dei i prat. Kvelden enda opp med grammofonspeling og dansing på hotellrommet til skodespelaren.⁵²⁷

Ellers blei kaiområda, der det ferdast mykje folk på veg til og frå, og som var forholdsvis folketomme om kveldane, nytta.⁵²⁸

Som me har sett fanst det altså mange møteplassar for menn som søkte seksuell kontakt med menn i det offentlege rommet i Bergen og Oslo. Desse møta var basert på den diskresjonen det offentlege rommet tilbød. Kontakten skjedde mellom framande, men og mellom kjente.

”Den store sedelighetssaken” fortel oss at det fanst nettverk av homoseksuelle menn. Ein av hovudmennene i saka hadde ei forretningsbod og eit husvære som fungerte nærast som ein formidligssentral når det gjaldt kontakt mellom menn. Til dømes fortel politirapportane om korleis ein mann oppsøkte denne hovudmannen i boda hans, som då låg i sentrum. I nærleiken sto ein gut i slutten av tenåra. Bodhandlaren formidla kontakt og sa at dei to kunne treffa einannan ved Johanneskirken. Dette gjorde dei, og dei gjekk derifrå til eit pissoar i Muséparken og hadde seksuell omgang. Dei trefte einannan igjen ei veke etter, men då berre gjekk dei og snakka, og sette seg på ein benk i Nygårdsparken.⁵²⁹

⁵²³ Skeid 1990: 32. Denne trafikken førte til krav om at urinalet på Tullinløkka måtte stengast. Aftenposten skreiv i 1953 at ”trafikken av homoseksuelle på Tullinløkka er blitt av et slikt omfang at urinalet må låses så tidlig som klokken 19 om kvelden.” (siterd frå Skeid 1990: 32).

⁵²⁴ Rådstueplass: SAB: Dok. 20.2. og Dok. 13.6. i Mappe IV i Bergen politikammer, Akter i straffesaker nr. 2440. Muséparken: SAB: Dok 50.5. og Dok 18.3 i Mappe IV, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵²⁵ Eit vitne hadde ved to høve trefte menn ved pissoaret i Nygata (SAB: Dok. 8.7. i Mappe IV i Bergen politikammer, Akter i straffesaker nr. 2440). Eit anna vitne fortalde korleis han fekk augekontakt med ein mann, og korleis den mannen følgde hann inn på pissoaret på Festningskaaien. (SAB: Dok. 20.2. i Mappe IV, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.) Ein tredje episode gjekk på at to gutar trefte einannan på ein fotballplass, for så å gå til pissoaret i Nygårdsparken for å ha seksuell omgang. (SAB: Dok. 16.3. i Mappe IV, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440).

⁵²⁶ SAB: Dok. 37.9 i Mappe I, Dok. 43.15.15. og Dok. 75 i Mappe II og Dok. 12.3. i Mappe IV, i iBergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵²⁷ SAB: Dok. 43.7. i Mappe II i ibid..

⁵²⁸ SAB: Dok. 43.9 og Dok. 43.15.15. og Dok. 50.5. i Mappe II og Dok. 10.3. i Mappe IV, i ibid.

⁵²⁹ SAB: Dok. 18.3. i Mappe IV i ibid.

Å komma i kontakt kunne også basera seg på rykte og snakk om andre, slik denne historia frå Bergen fortel: Ein tenåringsgut fortalde til politiet at han hadde høyrte av andre at ein mann ”var homo”. Han byrja så å interessera seg for denne mannen, prøvde å få augekontakt med han og helste etterkvart på han på byen.⁵³⁰ Slik kunne ein komma i kontakt med andre homoseksuelle, og ein kunne via dei komma inn i eit miljø.

På liknande vis fanst det nettverk av menn i Oslo. Rolf Løvaas, den første formannen for den norske avdelinga av Forbundet af 1948, fortalde om ein slik krins rundt ein mann med eige husvære i Oslo. Til han kom det mange homofile menn for å treffa andre.⁵³¹ Slike uformelle vennekrisar fungerte som inngangsporten for mange menn. Det er særleg kjent slike miljø i tilknytning til kunstnar- og teatermiljø. I Oslo var det ein krins kring skodespelaren Einar Sissener, der med andre Per Aabel og Arne Bang-Hansen deltok.⁵³² I Bergen var teaterfolka Hjalmar Meidell og Christian Sandal to kjente homoseksuelle.⁵³³

Ein del av desse miljøa var lukka, og vanskelege å trenga inn i. Ferdinand Finne sitt forsøk på å komma inn i krinsen rundt Einar Sissener, er eit døme på det. Først hadde Finne oppsøkt ein restaurant på austkanten, men miljøet der var prega av arbeidarklassen og han fann seg ikkje til rette. Biografen Thore Elton skriv om korleis han så nærma seg Einar Sissener og krinsen rundt han. Det var ikkje enkelt å få innpass, men Finne klarte det. Det han fann var ein krins av kunstnarar, skodespelarar og akademikarar.⁵³⁴

Kva sjølvforståing hadde så menn som hadde erotisk interesse for andre menn? Saka frå Bergen er her også eit viktig kjeldemateriale. Politiet har tydelegvis spurt om mennene var homoseksuelle eller ikkje. Dei fleste avhøra starta med at mennene svarte på dette spørsmålet. Ei rekke av mennene innrømde i første forhør at dei var homoseksuelle.⁵³⁵ Fleire innrømde det først i andre forhøret.⁵³⁶ Tre av mennene erklærte at dei var biseksuelle.⁵³⁷

Andre var nølande i møte med dette omgrepsapparatet. Til dømes sa ein 64 år gammal mann at han ikkje var homo- eller biseksuell. Men han la til ”*men jeg kan få kjønnslig tilfredsstillelse ved å være sammen med menn, så det er vel kanskje slik at jeg er på en måte biseksuel.*”⁵³⁸ Ein annan sa at han ikkje var homoseksuell, men tidvis tiltrekt av menn.⁵³⁹ Ein

⁵³⁰ SAB: Dok. 15.3. i Mappe IV i ibid.

⁵³¹ Løvaas 1990: 31.

⁵³² Elton 2000: 64-65.

⁵³³ Kolbjørnsen 2003.

⁵³⁴ Elton 2000: 64-65.

⁵³⁵ SAB: Dok. 5., Dok. 26., Dok. 36.26., i Mappe I, Dok. 43.15.15., Dok. 50.5., Dok. 50.6. i Mappe II, Dok. 3.5., Dok. 6.3., Dok. 8.4., Dok. 9.3., Dok. 11.3., i Mappe IV, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵³⁶ SAB: Dok. 36.14.14., Dok. 36.15.6. i Mappe I og Dok. 13.7. i Mappe IV, i ibid.

⁵³⁷ SAB: Dok. 5.3., Dok. 7.3., Dok. 10.3. i Mappe IV, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵³⁸ SAB: Dok. 11.3. i Mappe IV, i Bergen politikammer, akter i straffesaker nr. 2440.

⁵³⁹ SAB: Dok. 15.4. i Mappe IV, i ibid.

mann erkjente ikkje å vera homoseksuell, men hadde hatt omgang med menn ved fleire høve når han var full.⁵⁴⁰ Ein sa at han tidlegare hadde ”*homoseksuelle tilbøieligheter*”, men at han nå var gift.⁵⁴¹ Ein annan, ein 35 år gammal gift mann, sa at han ikkje var homoseksuell, men tidvis hadde vore med homoseksuelle menn.⁵⁴²

Dette kan tyda på at ein del av mennene ikkje ville bruka dette omgrepsapparatet om seg sjølv. Ein del av rapportane har med litt fleire refleksjonar. Til dømes sa ein at ”*Jeg har vært homoseksuell ifra jeg begynte å føle kjønnsdrift*”.⁵⁴³ Ein annan sa først at han hadde utvikla seg i biseksuell retning med åra, men endra det i same forhøret til at det var medfødd.⁵⁴⁴ Ein meinte det truleg kunne vera medfødd, men den vesentlege årsaka var uheldige omstende,⁵⁴⁵ medan ein annan sa at han hadde kjent seg tiltrekt av menn, men ikkje lenger kjente seg frista idet han var blitt omvend.⁵⁴⁶

To forklaringar gjekk ut på at ein hadde fått smaken for samekjønnsseksualitet på skuleheimar: Ein gut, 22 år gamal, sa: ”*Jeg lærte de utugtige handlinger med gutter mens jeg var anbragt på Ulvsnæsøen.*”⁵⁴⁷ Vedkommande sa han likte kvinner best, men hadde problem med å komma i kontakt med dei. Ein annan av gutane hadde sagt til ein av mennene han hadde forhold til at han var ”*vant med slikt*” frå skuleheimen Toftes gave.⁵⁴⁸

Homoseksuell var på den eine sida ein kategori politiet nytta, og det er tydeleg at ikkje alle kjente seg komfortabel med denne. På den andre sida svarte fleirtalet stadfestande, og mange hadde ei oppfatning av at dei alltid hadde vore homoseksuelle. Det er heilt tydeleg at ein del av mennene hadde eit medvite forhold til dette. Dei forsto seg sjølv som homoseksuelle, og dei oppfatta dette som eit trekk som var djupt nedfelt i dei sjølv. Andre derimot såg ikkje dette trekket som personlegdomsdannande, og forklarte handlingane som isolerte hendingar, eller som handlingar dei kjende seg tiltrekt av, men som dei ikkje tok opp i seg som identitet. Dette må tolkast slik at det eksisterte fleire modellar samtidig: på den eine sida menn som oppfatta seg som homoseksuelle i den forstand at det prega dei som personar og var ein del av deira identitet. På den andre sida menn som såg interessa for sex med andre menn som ein mindre viktig del av deira sjølvbilde.

⁵⁴⁰ SAB: Dok. 27 i Mappe IV, i ibid.

⁵⁴¹ SAB: Dok. 18.3. i Mappe IV, i ibid.

⁵⁴² SAB: Dok. 14.4 i Mappe IV, i ibid.

⁵⁴³ SAB: Dok. 50.6. i Mappe II, i ibid.

⁵⁴⁴ SAB: Dok. 7.3. i Mappe IV, i ibid.

⁵⁴⁵ SAB: Dok. 5.3. i Mappe IV, i ibid.

⁵⁴⁶ SAB: Dok. 8.4. i Mappe IV, i ibid.

⁵⁴⁷ SAB: Dok. 42.9. i Mappe II, i ibid.

⁵⁴⁸ SAB: Dok. 37.11. i Mappe I, i ibid.

Ein må sjølvsagt ta høgde for at svaret på spørsmålet ”Er du homoseksuell?” i ein avhørsituasjon også var eit taktisk spørsmål. Mennene måtte vurdera kva fordelar svaret på spørsmålet hadde for dei. Men det er ikkje opplagt at det eine eller andre svaret ville tala til deira forsvar. På den eine sida ville det å innrømme at ein var homoseksuell medføra at ein innrømde at ein var ein potensiell sedskapsforbrytar. På den andre sida innebar det at ein handla etter drifter i ein sjølv ein ikkje var herre over, og såleis i liten grad kunne klandrast for. Svara er nok til ein viss grad prega av desse taktiske overvegingane, men forklaringane til mange av dei avhørde avslører også at dei på forhand hadde ei oppfatning om at det var homoseksuelle dei var.

Spørsmålet ”Er du homoseksuell?” var politiet si formulering, men det er høgst sannsynleg at dei fleste mennene kjente til omgrepet frå før. Saka viser at omgrepet *homo* var i bruk i Bergen på 1930-talet. T.d. sa ein av dei avhørde gutane om ein av dei sikta mennene at ”*Jeg fikk forståelse av at han var homo*”.⁵⁴⁹

Forfattaren Per Lykke-Seest gav i 1934 ut ei diktsamling med m.a. diktet ”Homo”, som omhandla ein homoseksuell lærar:

*Han yndet å flagre med kunstnersnitt
i slipsset og hattefasongen
Vi kalte ham ”Homo”, forstod bare litt
av ordet oversatt fritt
av pøbelsjargonen.*

Frå diktet ”Homo” av Per Lykke-Seest.⁵⁵⁰

Diktet fortel om korleis ein lærar blir uthengd som ”homo” og seinare dømd for homoseksuelle handlingar. Diktet illustrerer på same måte som politirapportane frå Bergen at ”homo” var etablert som nemning og skjellsord. I Bergen blei også andre ord nytta om homoseksuelle menn: *guttefyr*, *guttemann*, meir vulgære namn knytt til kroppsdelar og det meir kuriøse *dullemann*.⁵⁵¹ I Ulf Gleditsch si slangordbok frå tidleg på 50-talet (hovudsakleg samla inn i Oslo) fanst det ikkje få ord for homoseksuell mann: *sodagutt*, *bakstreber*, *soper*,

⁵⁴⁹ SAB: ”*Jeg fikk forståelse av at han var homo*” sa ein av dei avhørte i følge politirapporten (Dok. 14.3 i Mappe IV i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440). Ellers blei ordet *homo* brukt i Dok. 14.4. og 15.3. Mappe IV i Bergen politikammer, akter 2440.

⁵⁵⁰ Lykke-Seest 1934.

⁵⁵¹ SAB: *Guttefyr* eller *guttemann* m.a. i Dok. 7, Dok. 27, Dok. 38.4., Dok. 38.5. og Dok. 38.7. i Mappe I, Dok. 40.3. og 43.6. i Mappe II. Av meir ”vulgære” nemningar var *rævis* (Dok. 27 i Mappe I og Dok. 7 i Mappe IV), *stumpemann* (Dok. 36.17. i Mappe I) og *rompefyr* (Dok. 50.7. i Mappe II). *Dullemann* blei brukt om ein av mennene, politiet la i rapporten til at dette var eit ord som ”blant guttene” (dvs. gatesjargong) blei nytta om homoseksuelle personar (Dok. 50.7. i Mappe II). Samtlege referansar til Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

*mannemann, dill-dallmann og pipefeier.*⁵⁵² Dette vokabularet kan tyda på at *den homoseksuelle mannen* i perioden var blitt ein kjent figur i alle fall i dei større byane. Det var knytta til han forestillingar om særskilt opptreden, veremåte etc.

Går det an å lesa noko meir ut av kva mennene la i det å vera homoseksuell? Det er ting som tyder på at fleire hadde innsikt i den medisinske diskursen om den homoseksuelle. Hos ein av dei tiltalte i Bergen-saka blei det kversett fleire eksemplar av *Populært tidsskrift for seksuell opplysning*.⁵⁵³ Tidsskriftet hadde ein forholdsvis stor utbreiing i dei breie lag av folket. I den sjølvbiografiske boka *Du skal skrive ditt liv* frå 1953 skreiv Sigurd Bodvar, under pseudonymet Bjørn Balder, om korleis han forsto og aksepterte seg sjølv som biseksuell etter å ha lese tidsskriftet:

Naturligvis hadde jeg også skaffet meg allmenne og eksakte kunnskaper om kjønnslivet i det hele. Jeg kjøpte for eksempel alle hefter av Karl Evangs tidsskrift for seksuelle opplysning.

*Selvsagt var det ikke lesning som gjorde meg til den jeg ble. Det hadde sikkert kommet likevel. Men jeg ble satt i stand til bedre å bære det. Ble reddet fra å gå moralsk til grunne.*⁵⁵⁴

Det er tydeleg at Sigurd Bodvar har lese Torger Kasa og Karl Evangs artikkel om homoseksualitet. Han la til at han innleia eit forhold til ein mann etter dette, nå utan ”*moralske tømmermenn.*”⁵⁵⁵

I Sverige hadde Elise Ottesen-Jensen alt i 1931 gjort opplysning om homoseksualitet til ein del av foredragsverksemda si etter å ha blitt inspirert av Magnus Hirschfeld i Tyskland.⁵⁵⁶ På foredragsturneane sine kom ho i kontakt med homoseksuelle og formidla kontakt mellom desse, med tanke på danning av ein interesseorganisasjon. Ein av desse, jernverksarbeidaren Eric Thorsell, reiste på hennar oppfordring på eit åtte månader langt studieopphald ved Hirschfeld sitt institutt i Berlin for å læra meir om problemstillingane.⁵⁵⁷ Thorsell kom til å bli ein pioner for opplysning om homoseksualitet i Sverige, han heldt fleire foredrag om homoseksualitet gjennom RFSU og tok alt på 30-talet initiativ til å danna ein svensk homofil organisasjon, eit initiativ som ikkje lukkast.⁵⁵⁸

Romanen *Følelsers forvirring* (1937) av Borghild Krane har homoseksualitet mellom kvinner som eit hovudtema. Ein av hovudpersonane, Randi, stiller spørsmål som

⁵⁵² Gleditsch 1952: 37-38.

⁵⁵³ SAB: Dok. 6a i Mappe I, i Bergen politikammer, akter i straffesaker 2440.

⁵⁵⁴ Sitert frå Bodvar 1993: 133.

⁵⁵⁵ Ibid.

⁵⁵⁶ Linder 1996: 121.

⁵⁵⁷ Ibid: 122.

⁵⁵⁸ Silvertstolpe 1980: Om foredrag m.a. s. 113 ff og 178 ff. Om forsøk på danning av ein svensk organisasjon: s. 108 ff. Ein svensk homofil frigjeringsorganisasjon blei først danna som ei undergruppe av det danske Forbundet

*Hvorfor skal vi ikke ha krav på noen sosial beskyttelse? Hvorfor skal vi ikke kunne inngå ekteskap og lage hjem for hverandre?*⁵⁵⁹

Og vidare: ”*Vi skulde organisere oss (...) Vi er mange nok til det*”. Tidlegare såg me at fleire menn hadde oppfatningar om at homoseksuelle burde få leva utan innblanding av rettsvesenet. Ein som blei rettsmedisinsk undersøkt hadde endåtil skrive brev til Karl Evang der han ba han jobba for avkriminalisering. Og i 1938-saka sa ein av dei tiltalte seg ueinig i at homoseksuelle forhold når dei foregjeikk mellom personar som begge frivillig tok del, burde vera å sjå på som forkasteleg.

Desse spreidde impulsane viser at det eksisterte eit medvit blant mange som gjekk mot forståinga av homoseksualitet som moralsk forkasteleg. Det er naturleg å sjå dette som ein av konsekvensane av å akseptera den medisinske diskursens konsept om homoseksualitet: viss samekjønnsseksualiteten var noko medfødd eller på annan måte ibuande, var det naturleg at enkelte stilte spørsmål ved det forkastelege i handlingane. Karl Evang og Torger Kasa gjekk langt i retning dette resonnementet i artikkelen i *PT* i 1932. Også kjeldene våre viser at resonnementet blei brukt av ein del sjølvdefinerte homoseksuelle på 1930-talet. Det er nærliggande å sjå danninga av ei norsk underavdeling av den skandinaviske homofilorganisasjonen i 1950 som noko som skjedde på basis av dette nye medvit som voks fram.

Det som blei DNF-48, rekrutterte dei første åra først og fremst frå dei homoseksuelle miljøa i Oslo. Medlemstalet var ikkje stort i starten. Organisasjonsdanninga må likevel sjåast på bakgrunn av at eit visst antall menneske hadde ein identitet som homoseksuell.

Me har sett at ikkje alle tok interessa for andre menn opp som ein del av eigen identitet. Det fanst menn som korkje såg på seg sjølv som homoseksuelle eller biseksuelle sjølv om dei hadde seksuelle forhold til menn. Dette viser at fleire modellar for samekjønnsseksualitet eksisterte samtidig. Men stadig fleire tok altså opp i seg dette som identitet. Slik kan me sjå perioden som eit gjennombrøt for ein homoseksuell eksistensform i større grad enn før. Den homoseksuelle blei ikkje den einaste rolla å innta for menn som hadde interesse for menn seksuelt, men ho blei på 30-talet og 40-talet ei meir dominerande rolle enn før.

av 1948, men brøyt ut og blei ein eigen organisasjon under namnet *Riksförbundet för sexuell likaberättigande (RFSL)* (Söderström 1999b: 632-647).

⁵⁵⁹ Krane 1937: 106.

Konklusjon

Den homoseksuelle fekk i tidsrommet 1932-1950 eit gjennombrot som diskursiv formasjon og sosial rolle. Den medisinske diskursen blei i denne perioden etablert som den viktigaste basisen for debatt om fenomenet. Den blei også viktig for forståinga av slike handlingar i retten i ein grad den ikkje var tidlegare. Me har også sett at det eksisterte ei utbreidd oppfatning blant menn som søkte kjærleik og sex med menn om at dette var noko ibuande i dei og utgjorde ein viktig del av identiteten deira.

Dette kan me sjå som ein del av ein medikaliseringsprosess. Homoseksualitet blei forstått som ein sjukdom, som noko som fall innanfor fagområdet til legane og/eller fekk meining medisinsk. Når homoseksualiteten slik blei forstått som ibuande, var det ei forståing som var forma av og hadde føresetnad i, den medisinske måten å forstå mennesket på. DNF-48 sin ideologi gjekk ikkje på tvers av dette, tvert i mot gjekk han inn i dette mønsteret. Organisasjonen avviste sjukdomsstempelet, men talte likevel om homoseksualitet i medisinske termar.

Det fanst andre måtar å sjå samekjønnsseksualitet på i Norge i denne perioden. Ein del såg til dømes ikkje dette som ein del av deira identitet, sjølv om dei innrømde å ha ei erotisk interesse for andre menn. Likevel kan ein seia at forståinga som vektla identitet og det ibuande fekk eit avgjerande gjennombrot i denne perioden. Homoseksualitet blei i aukande grad sett på som ein særeigen tilstand som måtte skjønast i medisinske termar.

6. Konklusjon

I perioden 1886-1950 kom ein ny skapnad til Norge: den homoseksuelle mannen. Det blei utarbeida vitskaplege verk om han, han blei omskriven i opplysningslitteratur og skjønnlitteratur og han fekk eit namn i det allmenne ordskiftet. I rettssalane avløyste han etterkvart den gamle sedskapsforbrytaren (pederasten eller sodomitten): også domstolane byrja å sjå dei seksuelle handlingane mellom menn som utslag av ibuande drifter. Menn som møtte andre menn for kjærleiksforhold og seksuell omgang måtte etterkvart forholde seg til denne rolla, og stadig fleire av dei gjekk inn i ho.

Den medisinske diskursen

I 1886 blei Ebbe Hertzberg, som første nordmann, diagnostisert som *kontrærseksuell* av den tyske psykiatren Westphal. Tiåret etter blei omgrepet homoseksualitet introdusert i norske lærebøker i psykiatri, og i 1906 og 1907 blei det gjenstand for ein større debatt mellom legane i hovudstaden. I byrjinga hadde den nye figuren gått under ulike namn, men i 1907 ser ”homo-sexualitet” ut til å vera det etablerte omgrepet.

Dei norske legane og psykiatrane som skreiv om homoseksualitet, hadde henta inspirasjon frå autoritetar innan psykiatrien som C.F.O. Westphal og Richard von Krafft-Ebing, men òg frå pionerar i kampen for homoseksuelle rettar, som Karl Heinrich Ulrichs og Magnus Hirschfeld. Felles for alle desse var skildringa av homoseksualiteten som ibuande og grunnleggande i det enkelte individet.

Den medisinske diskursen om homoseksualitet innebar såleis ei forestilling om at samekjønnsseksualiteten var knytt til ein særskild personlegdom og var grunna i ein medfødd disposisjon. Innverknaden frå psykoanalysen førte til ei dreining i denne diskursen. Seksualiteten blei framleis sett som ein grunnleggande og djupt rotfesta del av det voksne individet, men ein la større vekt på at utviklinga frå barn til voksen kunne *skapa* homoseksuelle personar. Viktige personar for innføringa av psykoanalysen i Norge, som Harald Schjelderup og Ragnar Vogt, kombinerte imidlertid dette psykoanalytiske synet på fenomenet med eit biologisk syn. Schjelderup meinte såleis at dei fleste tilfella av homoseksualitet var forårsaka av ei unormal psykologisk utvikling, mens ein del tilfelle var ”konstitutionelt” grunna.

Utover på 1900-talet blei den nye forståinga av samekjønnsseksualiteten formidla også utanfor dei medisinske tidsskrifta og lærebøkene. Det byrja så smått å komma bøker om seksuell opplysning der homoseksualitet blei nemnd, til dømes i ei bok av legen Alette

Schreiner frå 1914, og av ein anonym pedagog i 1926. Dei radikale legane Karl Evang og Torger Kasa skreiv i 1932 ein artikkel om homoseksualitet der dei kombinerte ei biologisk og ei psykologisk forklaring på fenomenet, og der dei tok til orde for større aksept i samfunnet. Samtidig såg dei homoseksualiteten som noko som kunne og burde førebyggast i dei tilfella der det var ein erverva eigenskap. Den radikale seksualreformrørsla og psykoanalysen fekk eit gjennomslag i den allmenne kulturdebatten på 1930-talet, noko som gjorde sitt til at homoseksualitetsomgrepet fekk feste i større omfang.

Då ein norsk avdeling av ein skandinavisk organisasjon for homoseksuelle blei oppretta i 1950, var utgangspunktet den forståinga av homoseksualitet som var komme til uttrykk i den radikale seksualreformrørsla. Organisasjonen såg på tiltrekkinga til det same kjønnet som noko ibuande og uforanderleg. Samtidig som ein jobba for respekt og toleranse for homoseksuelle, argumenterte ein for førebygging i dei tilfella der det var mogleg.

Det går ein raud tråd frå den første diagnostiserte homoseksuelle i 1886 til det som blei Det norske forbundet av 1948 (DNF-48). Den medisinske diskursen om den homoseksuelle innebar ein radikal ny forståing av samekjønnsseksualiteten: der han før hadde vore sett på som eit utslag av tilfeldige umoralske handlingar, blei han nå sett på som uttrykk for noko som låg i den enkelte personen og som var del av personlegdommen.

Den juridiske diskursen

I heile perioden denne oppgåva femnar om, eksisterte det lovparagrafar som forbaud seksuell omgang mellom menn. § 18-21 i kriminallova av 1842 forbaud "Omgjængelse, som er imod Naturen". Dette femna om sex mellom menn og bestialitet. Paragrafen blei endra i 1889, og den spesifiserte at "omgjængelse" mellom menn og mellom menneske og dyr skulle vera forbode. I den nye straffelova av 1902 forbaud § 213 "utuktig Omgjængelse" mellom menn og med dyr, men denne paragrafen hadde ein passus om at "almene Hensyn" måtte vera tilstade for at det skulle komma til påtale. § 213 blei søkt endra i 1925 og 1953. Begge gongene foreslo dei strafferettslege komiteane at det generelle forbodet mot sex mellom menn skulle fjernast, og at ein i staden skulle innføre straff for slike handlingar i særskilde tilfelle (i hovudsak når den eine parten var under ein viss alder).

Eg har undersøkt bruken av desse lovforboda i Kristiania/Oslo og Bergen. Ein gjennomgang av sakslister for byrett og lagmannsrett i Kristiania mellom 1880 og 1905 gjorde at eg fann 8 dommar for brot på § 18-21. Den nye straffelova trådde i kraft i 1905, og Martin Skaug Halsos har funne 16 dommar etter § 213 mellom 1905 og 1950 i Kristiania/Oslo. Eg har gjort ein liknande gjennomgang for Bergen mellom 1905 og 1945,

noko som resulterte i at eg fann 12 dommar. Dei siste dommane i det materialet eg har undersøkt frå Oslo og Bergen var frå 1938. Paragrafen blei nytta i endå mindre grad på 1940-talet enn tidlegare.

Av dette har eg trekt konklusjonen at § 213 blei lite brukt, og passusen om allmenne hensyn er ei viktig del av forklaringa på dette. Eit viktig unntak er ei etterforsking frå Bergen politikammer i 1937 og 1938 som førte til sju dommar (ei av dei fall i i Oslo). Passusen om allmenne hensyn blei meir restriktivt tolka etterkvart. Eit skriv frå Riksadvokaten i 1925, sa at paragrafen skulle nyttast når den eine parten var under 21 år. Dette har eg funne var fulgt opp i dei sakene eg har sett på.

Lovreguleringa av samekjønnsseksualitet mellom menn har bakgrunn i eit syn på at slike handlingar var syndige og forkastelege handlingar. Dette står i kontrast til det nye medisinske synet, som sa at dei er handlingar som må forståast på bakgrunn av noko i personlegdommen. Formannen i Straffelovkommisjonen, Bernhard Getz, foreslo å utelata straff for slike handlingar i sitt forslag til endringar i straffelova frå 1887, og han grunngav dette mellom anna med at samekjønnsseksualiteten var grunna i noko "djupt og rotfestet". Dette vitnar om kjennskap til den medisinske diskursen om homoseksualitet. På møte i Det medisinske selskab i i Kristiania i 1906 og 1907, tok fleire av medisinarane til orde for oppheving eller endring av § 213. Medisinarane si deltaking i komiteane for endring av straffelova på 1920-talet og 1950-talet, viser også igjen i endringsforslaga frå 1925 og 1953.

Den medisinske diskursen om homoseksualitet byrja å visa igjen i dommane frå 1920-talet av. Det blei vanleg å drøfta kva årsakene til handlingane var i retten, og det blei i fleire saker sett på som formildande at trongen til å utføra slike handlingar var grunna i ein homoseksuell konstitusjon. Særleg tydeleg blei dette i rettssakene i samband med "den store sedelighetssaken" i Bergen i 1938. Samtidig blei det sett som skjerpande at seksuelle handlingar var utført med unge gutar under 21 år. Dette hang saman med ei førestilling om at slike erfaringar for unge gutar, kunne føra til at seksualdrifta blei varig homoseksuell.

Både i arbeidet med lovgjevinga og i rettssalane, ser me altså at den medisinske fagkunnskapen etterkvart fekk ein viktig posisjon, og oppfatninga av at handlingane var grunna i eit særskild personlegdomstrekk blei meir rådande. Slik fekk den medisinske diskursen om den homoseksuelle også eit gjennomslag på dette feltet.

Erotiske møte og identitetsdanning

Kjeldene frå domstolar og politi i Kristiania kan dokumentera møtestader for seksuell kontakt mellom menn i byen tilbake til 1880-talet. Materialet viser at det fanst møteplasser i det

offentlege rommet der menn kunne treffa ein annan for å ha seksuell kontakt. Slike møtestader var typisk offentlege stader som jernbanestasjonar, kaiområde, parkar og offentlege toalett. Liknande møtestader kan dokumenterast i Bergen tilbake til 1920-talet. Politirapportane frå ”den store sedelighetssaken” i Bergen i 1937 og -38 viser dessutan eit nett av slike møtestader i byen på 1930-talet.

Materialet frå rettsforfølginga kan også gi visse innblikk i korleis menn som hadde erotisk interesse av menn skapte vennskapsnettverk. Kjeldene gir til dømes innblikk i slike nettverk på 1890-talet i Kristiania og på 1930-talet i Bergen. Om mennene som deltok i desse nettverka såg på seg sjølv som homoseksuelle er eit anna spørsmål. Lensmann Øyvinn Ribsskog sine skildringar av omstreifarmiljø i bygdene kring Oslo, viser at seksuelle handlingar mellom menn var utbreidde, men ikkje grunna i nokon homoseksuell identitet. Det er grunn til å tru at personar frå dei høgare laga i samfunnet i større grad tilordna seg ein slik identitet. Ebbe Hertzberg hadde til dømes kontakt med den tyske homorørsla på byrjinga av 1900-talet. Skodespelaren Arne Bang-Hansen og kunstnaren Ferdinand Finne er døme på andre som drog til utlandet, kom i kontakt med homoseksuelle subkulturar (i London og Berlin), og som utvikla ein identitet som homoseksuelle. Den store sedskapssaka frå Bergen i 1938 viser imidlertid at også fleirtalet av mennene i denne saka, som var arbeidarar eller småhandlande, hadde utvikla eit konsept om seg sjølv som homoseksuelle. Samtidig sette fleire av mennene *ikkje* interessa for andre menn i samband med omgrepet homoseksualitet.

Å vera homoseksuell var altså ikkje den einaste måten ein kunne forstå seg sjølv på om ein hadde forhold til andre menn. Det fanst fleire modellar samtidig. Likevel var det ein klar tendens at fleire menn såg seg på denne måten den siste delen av perioden, enn den første. At mange menn aktivt definerte seg som homoseksuelle, må også sjåast som ein føresetnad for at det kunne dannast ein organisasjon for homoseksuelle her i landet i 1950.

I innleiinga presenterte me skiljet homo/hetero som ein grunnleggande måte å dela inn menneske på i vår tid. Denne oppgåva sett den prosessen som skjedde mellom 1886 og 1950 som grunnlaget for denne dikotomien. I dette tidsrommet blei den homoseksuelle som personlegdom skapt, noko som har blitt ståande opp til vår tid. Samekjønnsseksualiteten gjekk frå å bli forstått som ei forkasteleg handling til ein sjukeleg tilstand, eller ei feilutvikling som måtte skjønast medisinsk. Sjølv om sjukdomsstempelet har blitt fjerna, ligg framleis den medisinske diskursen sitt omgrep om homoseksualitet til grunn. Dette kan, som me har sett, gripast av omgrepet *medikalisering*. Medikaliseringa er ein prosess der fenomen byrjar å bli forstått medisinsk: som sjukdom, som noko som fell inn under leganes kompetanseområde, og

som noko som får medisinsk *mein*ing. Konstruksjonen av den homoseksuelle i perioden 1886-1950 må forståast som resultat denne medikaliseringa. Mennesket blei i større grad forstått med utgangspunkt i eigen kropp, enn i lys av allmenne moralreglar. Denne medikaliseringa har som me har sett ikkje berre hatt innverknad innan det snevrare medisinske feltet, men også prega synet på mennesket i vidare forstand. Også innan jussen og rettsvesenet blei den den medisinske diskursen om den homoseksuelle ei viktig forståingsramme. Personar som sjølv identifiserte seg som homoseksuelle lånte likeeins språket om seg sjølv frå medisinarar og psykiatrar. Konstruksjonen av homoseksualitet i tidsrommet frå slutten av 1800-talet til ca. 1950, handlar såleis om korleis seksuelle handlingar mellom menn skifta frå å bli sett på som syndige og forkastelege handlingar til å bli sett på som eit fenomen som måtte forklarast av medisinfaget og vitskapen.

Kjelder og litteratur

UTRYKTE KJELDER:

Riksarkivet (RA):

Den rettsmedisinske kommisjon.

Rettspsykiatriske erklæringer

-Dbb 0021: J.nr. 551/37

-Dbb 0054: J.nr. 326/47

-Dbb 103: J.nr. 483/55

Nasjonalbiblioteket avd. Oslo (NBO):

Handskriftsamlinga:

Brevsamlinga:

Brev frå Ebbe Hertzberg (EH) til Waldemar Christopher Brøgger (WCB) (nr. 298): 25/10, 11/11 og 27/12 1885, 24/2, 10/7, 31/8 og 17/9 1886, 16/1 og 23/1 1887.

Øivin Ribbskog Forarbeid til "Kremmere"

Statsarkivet i Oslo (SAO):

Oslo byrett: (Christiania 5, byretten)

A. Forhørsretten:

Sakslistar 1895-1905

Domsprotokollar: nr. 22, 39, 43, 47, 78, 84, 85, 99, 100 og 119.

B. Meddomsretten (Justissaker):

Sakslistar 1885-1905.

Domsprotokollar:: nr. 22, 28 og 29, 46, 83, 89, 107, 115 og 130.

Bilag (serie Gdb): nr. 164 (sak 159/1888 og 539/1888) og nr. 172 (sak 455 1889)

Oslo lagdømme:

Sakslistar 1890-1905

Domsprotokollar: nr 4, 5, 6, 8 og 18.

Rettsbok 21, 1895, 51-100.

Oslo politikammer:

Akter i straffesaker:

-nr. 331: domsnr. 762/1895

-pakke m. sak 1108-1122/1919: domsnr. 1110/1919.

-pakke m. sak 1053-1057/1921: domsnr. 1053/1921

Sedelighetsavdelingen:

Journal over sedelighetsforbrytere nr. 1 (1884-1909) og 2 (1909-1925).

Statsarkivet i Bergen (SAB):

Hordaland Statsadvokatembete:

Justisprotokollar 1904-1945 (A 10-A52)

Gulating lagmannsrett:

Domsprotokoll for lagmannsrettssaker 1936-38, Straffesaker.

Bergen byrett:

Domsprotokollar: 1916-1918, 3. kvartal 1934, 1. kvartal 1935, 3. kvartal 1937, 1. kvartal 1938, 2. kvartal 1938, 3. kvartal 1938.

Bergen politikammer:

Akter nr 2440.

Inneheld 5 omslag: fire mapper merka I-IV og eit papiromslag. Dok 1-150 i mappe I-III (dokumentfor-teikning i Mappe I), Dok. 1-42 i Mappe IV (eigen dokumentfor-teikning). I papiromslaget ingen dokumentfor-teikning.

Bergen fengsel:

Akter i straffesaker nr. 145.

TRYKTE KJELDER OG LITTERATUR:

- Alnæs, Randolph. 1994. Psykoanalysen i Norge. Historie – utdannelse – behandling – forskning. *Nordic journal of psychiatry* Supplement 32, Volume 48. Oslo/Stockholm/København.
- Anchersen, Per. 1966. Sæthre, Haakon, i *Norsk biografisk leksikon bind 15*. Oslo.
- Anderson, Benedict. 1983. *Imagined communities: reflections on the origin and spread of nationalism*. London.
- Anker, Ninni Roll. 1932. *Enken*. Oslo
- Augdahl, Per. 1929. Getz, Bernhard, i *Norsk biografisk leksikon bind 4*. Oslo.
- Bang-Hansen, Arne. 1985. *Fra mitt skjeve hjørne*. Oslo.
- Bech, Henning. 1997. *When men meet. Homosexuality and Modernity*. Cambridge/Oxford.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. 1891. Synd og Sygdom, i *Dagbladet* 21/4 1891.
- Bodvar, Sigurd. 1993. *Leve, det går an. Tre prosa-bøker*. Oslo. [Innehold *Før livet kan komme*. (1924) og *Du skal skrive ditt liv* (1953). Sistnemnde skrive under psevdonymet Bjørn Balder].
- Boswell, John. 1980. *Homosexuality, christianity and social tolerance. Gay people in the west from the greeks to the middle ages*. Chicago og London.
- Brantenberg, Arne Y. og Jon Alfred Mjøen. 1939. *Hormonene. Den biokjemiske personlighet*. Oslo.
- Brantsæter, Marianne C., Turid Eikvam, Reidar Kjær og Knut Olav Åmås (red.) 2001. *Norsk homoforskning*. Oslo.
- Bray, Alan. 1995 [1982]. *Homosexuality in Renaissance England*. New York.
- Bredsdorff, Elias. 1974. *Den store nordiske krig om seksualmoralen. En dokumentarisk fremstilling af sædelighedsdebatten i nordisk litteratur i 1880'erne*. Oslo.
- Brodersen, Arvid. 1938. Familie og samfunn før, nu og i framtiden, i Stoltenberg (red.) 1938.
- Braatøy, Trygve. 1936. *De unge menn. Essays og artikler*. Oslo.
-1948. Seksualitet og sannhet, i Kinsey, Pomeroy og Martin 1948.
- Bull, N.P (red). 1885. *Norges Statskalender for Aaret 1886*. Kristiania.
- Carling, Finn. 1965. *De homofile. En skisse av en stengt tilværelse*. Oslo.

- Chauncey George. 1994. *Gay New York. Gender, Urban Culture and the making of the Gay Male World, 1890-1940*. New York.
- Christiansen, Beate Lønne. 2001. Oppsagt på Universitetet i 1885, i *Løvetann* 2/2001. Oslo.
- Dean , Tim og Christopher Lane (red.). 2001. *Homosexuality & Psychoanalysis*. Chicago og London.
- Dedichen, Henrik A. Th. 1906. Om homoseksualitet, i *Tidsskrift for nordisk retsmedisin og psykiatri*. Kristiania/Kjøbenhavn/Stockholm: 152-180.
- Delaporte, Francois. 1994. The history of Medicine according to Foucault, i Goldstein (ed.) 1994.
- Den rettsmedisinske kommisjon. 1937. Hvorvidt homoseksualitet kan betegnes som mangelfull utvikling, i *Den rettsmedisinske kommisjons beretning for året 1937*. Oslo.
- Det Medicinske Selskab. 1906. *Forhandlinger i Det Medicinske Selskab i Kristiania*. Kristiania.
- Det Medicinske Selskab. 1907. *Forhandlinger i Det Medicinske Selskab i Kristiania*. Kristiania.
- Donaldson, Stephen og Wayne R. Dynes (ed.) 1992. *Homosexuality and Psychology, Psychiatry and Counseling. Studies in Homosexuality Vol. XI*. New York og London.
- Dover, K.J. 1980 [1978]. *Greek Homosexuality*. New York.
- Eckhoff, Øivind og Rolf Løvaas. 1951. *Hva vi vil*. Oslo. [brosjyre for Forbundet av 1948, den norske seksjon].
- Eikvam, Turid. 1990. Den farlige brosjyren, i *Løvetann* nr. 6/1990. Oslo.
 -2000. Stiftelsen av DNF-48, i *Løvetann* nr. 1/2000. Oslo.
 -2001. Norsk homoforskning – status og fremtid, i Brantsæter, Eikvam, Kjær og Åmås (red.) Oslo.
- Elton, Tore. 2000. *Ferdinand Finne*. Oslo.
- Eman, Greger. 1999. Fleire kapittel, i Söderström (red.) 1999a.
- En Pedagog. 1926. *Seksuallivet. Råd og veiledning. (Med innledende orientering av dr. med. Ragnar Vogt)* Oslo.
- Eriksen, Richard. 1936. Sjelslivet i overgangsalderen, dets betydning for kjønnslivet og fellesundervisningen, i *Norsk pedagogisk tidsskrift*. Oslo: 237-250.
- Ertresvaag, Egil. 1982. *Bergen bys historie bind III. Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*. Bergen/Oslo/Tromsø.
- Evang, Karl og Kasa, Torgeir. 1932. Homoseksualitet, i *Seksuell opplysning 1932*: 188-218.

Evang, Karl. 1951. *Seksuell opplysning. En populær framstilling av kjønnslivet og dets problemer*. Oslo.

Evensen, Hans. 1921. *Haandbok i sindssykepleie*. Kristiania.

Féray, Jean Claude og Herzer, Manfred. 1990. Homosexual Studies and Politics in the 19th Century: Karl Maria Kertbeny, i *Journal of Homosexuality volume 19*.

Forhandlinger i Odelstinget nr. 85 (1889), i *Stortingets forhandlinger 1889 8. del*. Kristiania.

Forhandlinger i Odelstinget nr. 10 (1900/1901), i *Stortingets forhandlinger 1900/1901 8. del*. Kristiania.

Forhandlinger i Odelstinget nr. 4 (1901/1902), i *Stortingets forhandlinger 1901/1902 8. del*. Kristiania.

Forhandlinger i Lagtinget nr. 26 (1901/02), i *Stortingets forhandlinger 1901/1902 8. del*. Kristiania.

Fosli, Halvor. 1997 [1994]. *Kristianiabohemen. Byen, miljøet, menneska*. Oslo.

Fossen, Ander Bjarne og Tore Grønlie. 1985. *Bergen bys historie, bind IV. Byen sprenger grensene 1920-1972*. Bergen/Oslo/Tromsø.

Foucault, Michel. 1977. Nietzsche, Genealogy, History, i Bouchard, Donald F. (ed.) og Foucault, Michel. *Language, Counter-Memory, Practice*. Ithaca.
-1995. *Seksualitetens historie 1. Viljen til viten*. Oslo. [1976. *Histoire de la sexualité. La volonté de savoir*. Paris.]

Freimann, Rita. 1912. *I skyggen av Karl Johan. Fragment av en kvindes liv*. Kristiania. [pseudonym for Øvre Richter Frich].

Friedman, Robert M. 1992. The Psychoanalytic Model of Male Homosexuality: A Historical and Theoretical Critique, i Donaldson og Dynes (red.) 1992.

Friele, Karen-Christine. 1985. *De forsvant bare... Fragmenter av homofiles historie*. Oslo.
-1990: *Troll skal temmes*. Oslo.

Gatland, Jan Olav. 1990. *Mellom linjene. Homofile tema i norsk litteratur*. Oslo.
-2002. *Mitt halve liv. Bjørnstjerne Bjørnsons vennskap med Clemens Petersen –og andre menn*. Oslo
-2003. *Det andre mennesket. Eit portrett av Åsmund Sveen*. Oslo.

Gatland, Jan Olav og Arne Walderhaug. 1990. Ein slags bibel for homofile, i *Fritt fram 6/7* 1990. Oslo.

Geijerstam, Emanuel af. 1905-06. Några fall af abnorm sexualkänsla, behandlade med hypnos, i *Tidsskrift for Nordisk Retsmedicin og Psykiatri*. Kjøbenhavn, Kristiania og Stockholm: 161-180.

Getz, Bernhard. 1889 [1887]. Dokument No. 65 fra Justiskomiteen: Professor Getz Udkast til forskjellige Kapitler i Straffelovens specielle Del, i *Stortingets forhandlinger 1889*. Kristiania.

Gjessing, Rolv. 1934. Holm, Harald i *Norsk Biografisk leksikon bind 6*. Oslo.

Gleditsch, Ulf. 1952. *Det får'n si. Norsk slangordbok*. Oslo.

Goldstein, Jan (ed). 1994. *Foucault and the Writing of History*. Oxford UK og Cambridge USA.

Greenberg, David F. 1988. *The Construction of Homosexuality*. Chicago og London.

Grodal, Finn. 1957. *Vi som føler annerledes. Homoseksualiteten og samfunnet*. Oslo. [pseudonym for Øyvind Eckhoff].

Grøn, Fredrik. 1936. Koren, August Laurentius, i *Norsk biografisk leksikon bind 7*. Oslo.

Hagerup, Francis. 1916. *Almindelig borgerlig straffelov og lov om dens ikrafttræden*. Kristiania.

Hallesby, Ole. 1928. *Den kristelige sedelære*. Oslo.

Halperin, David. 1990. *One hundred years of homosexuality, and other essays on greek love*. New York/London.

Halsos, Martin Skaug. 1999. *§ 213 i almindelig borgerlig straffelov av 1902. Homoseksualitet i Norge og rettslige sanksjoner mot den fra slutten av 1800-tallet til 1972*. Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.

Hector. 1994. Forbundet 1950-1955, i *Løvetann 1/94*. Oslo. [Pseudonym for Dermot Mack].

Hellesund, Tone. 2002. *Den norske peppermø. Om kulturell konstituering av kjønn og organisering av enslighet*. Dr. avh. Universitetet i Bergen.

Herzer, Mannfred 1985. Kertbeny and the Nameless Love, i *Journal of Homosexuality volume 12*.

Hestmark, Geir. 1999. *Vitenskap og nasjon. Waldemar Christopher Brøgger 1851-1905*. Oslo.

Holm, Harald. 1896. *Den specielle psykiatri for læger og studerende. Forelæsninger holdt ved Kristiania universitet 1895; med sygehistorier, facsimiler af haandskrifter samt tegninger*. Kristiania.

Hopcke, Robert H. 1992. Jung's Attitudes toward Homosexuality: A Review, i Donaldson og Dynes 1992.

Indst. 0.VI. (1889), i *Stortingets forhandlinger 1889 6.del*. Kristiania

- Indst. 0.I. (1901/1902), i *Stortingets forhandlinger 1901/1902 VI b*. Kristiania.
- Indst. 0.XII. (1927), i *Stortingets forhandlinger 1927 6. del*. Oslo.
- Jones, Jason B. 2001. Loving Civilization's Discontents: Reich and *Jouissance*, i Dean og Lane (red.) 2001.
- Jæger, Alf Martin 1923. *Strengen brast*. Kristiania.
 -1924. *Odd Lyng*. Oslo.
 -1950. *Ser du en stjerne*. Flisa.
- Karlsen, Marianne Berg. 2001. "I Venskabs Paradiis" *En studie av maskulinitet og vennskap mellom menn*. Oslo.
- Katz, Jonathan. 1978 [1976]. *Gay American History. Lesbians and Gay Men in The U.S.A.* New York.
- Kennedy, Hubert. 1997. Karl Heinrich Ulrichs, First Theorist of Homosexuality, i Rosario 1997.
 -1998. Bokessay om Heinrich Hössli: *Eros: die Männerliebe der Griechen, Ihre Beziehungen zur Geschichte, Erziehung, Literatur und Gesetzgebung aller Zeiten*, i *Journal of Homosexuality* volume 35.
 -2001. Research and Commentaries on Richard von Krafft-Ebing and Karl Heinrich Ulrichs, i *Journal of Homosexuality* volume 42.
- Kinsey, Alfred Wardell B. Pomeroy og Clyde E. Martin. 1948. *Omkring Kinsey-rapporten. Sannheten om mannens seksuelliv*. Oslo. [Forkorta utgåve av *Sexual behavior in the human male*. Philadelphia.]
- Kittang, Atle. 2003. Nissen, Ingjald, i *Norsk biografisk leksikon bind 6*.
- Klaveness, Fredrik. 1892. *Hvorfor længer skjule det for de unge?* Bergen/København.
 -1907. *Fly ungdoms begjæring. Et ord til ældre og unge*. Bergen.
- Kjeldstadli, Knut. 1990. *Oslo bys historie bind 4. Den delte byen fra 1900 til 1948*. Oslo.
- Kjerschow, P. 1930. *Almindelig borgerlig straffelov av 22. mai 1902 og lov om den almindelige borgerlige straffelovs ikrafttreden av 22. mai 1902. Utgitt med kommentar*. Oslo.
- Koht, Halvdan. 1934. Hertzberg, Ebbe Carsten Hornemann, i *Norsk biografisk leksikon bind 6*. Oslo.
- Kolbjørnsen, Astrid. 2003. Husets hemmeligheter, i *Bergens Tidende* 29/6 2003. Bergen.
- Krane, Borghild. 1937. *Følelsers forvirring*. Oslo.
- Kristiansen, Hans W. 2003. Historisk prosjekt, i *Løvetann* 1/2003. Oslo.
- Langfeldt, Gabriel. 1940. *Psykiatri og rettspsykiatri for jurister*. Oslo.

- Large, David Clay. 2000. *Berlin*. New York.
- Larsen, Gunnar. 1932. *I sommer*. Oslo
- Larsen, Øivind (red.) 1996. *Norges leger b. I-V*. Oslo.
- Leegaard, Chr. 1895. *Forelæsninger over sindssygdomme*. Kristiania.
- Linder, Doris H. 1996 (1995). *Seksualpolitikk og kvinnekamp. Historien om Elise Ottesen-Jensen*. Oslo
- Looft, Carl August. 1896. Et tilfælde af homosexualitet hos en kvinde, i *Medicinsk Revue* november 1896. Bergen.
- Lundahl, Pia. 2001. *Intimitetens villkor. Kön, sexualitet och berättelser om jaget*. Lund.
- Lützen, Karen. 1987. *Hva hjertet begjærer. Kvinnens kjærlighet til kvinner 1825-1985*. Oslo. [1986. *Hvad hjertet begjærer. Kvinders kærlighed til kvinder 1825-1985*. København.]
- Lykke-Seest, Per. 1934. *Gatedikterens vers*. Oslo
- Løvaas, Rolf. 1990. Han drev sin egen klubb, i *Fritt fram* 6/7 1990. -1993. Strid uten våpengny. Homobevegelsens første år – 1950-1955, i *Løvetann* nr. 6/1993.
- Malm, Ole. 1907. Kjønsdannelse og homosexualitet, i *Norsk magasin for lægevidenskapen*. Oslo: 257-384.
- McIntosh, Mary. 1996 [1968]. The Homosexual Role, i Steven Seidman (ed.). 1996. *Queer Theory/Sociology*. Oxford.
- Mehren, Tonje Maria. 2000. Eriksen, Richard, i *Norsk biografisk leksikon bind 2*. Oslo.
- Moxnes, Halvor. 2001. Fra kulturelt hegemoni til ideologisk getto. Homofili-debatten i Den norske kirke fra 1950 til 2000, i Brantsæter, Eikvam, Kjær og Åmås (red.) 2001.
- Myhre, Jan Eivind. 1990. *Oslo bys historie bind 3. Hovedstaden Christiania fra 1814 til 1900*. Oslo.
- Nilsson, Arne. 1998. *Såna & riktiga karlar. Om manlig homosexualitet i Göteborg decennierna kring andra världskriget*. Göteborg.
- Nissen, Ingjald. 1933. Alkohol og seksualitet, i *Fritt Ord*. Oslo: 163-173.
- Nissen, Nils Axel. 2000. Homoforskning/kjønnsforskning: En tilblivelseshistorie, i *Kvinneforskning* nr. 3/4 2000. Oslo.
- Nordby, Trond. 1989. *Karl Evang. En biografi*. Oslo.
- Norsk biografisk leksikon*. 1923-1983. Oslo.

Norsk biografisk leksikon. 1999-. Oslo.

Norsk retstidende. Kristiania/Oslo. [Eg har nytta årgangane 1888, 1889, 1891, 1895, 1905, 1926, 1930].

Olsen, Astrid. 1996. *Endring i sjølvopppfatning blant lesbiske i Noreg 1950-1993, i nært samband med homoorganisering*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen.

Oosterhuis, Harry. 1997. Richard von Krafft-Ebing's "Step-Children of the Nature": Psychiatry and the Making of Homosexual Identity, i Rosario 1997.

Ot. prp. nr. 8 (1927) i *Stortingets forhandlinger 1927, 3. del*. Oslo.

Ot. Prp. Nr. 41 (1954) i *Stortingets forhandlinger 1954, 3. del*. Oslo.

Parikas, Dodo. 1999. Stockholms soldaters hemliga liv (s. 522-629), i Söderström (red.) 1999a.

Raknes, Ola. 1949. *Fri vokster. Psykologiske Essays*. Oslo.

Retterstøl, Nils. 2000. Dedichen, Henrik Arnold Thaulow, i *Norsk biografisk leksikon bind 2*. Oslo.

-2001. Evensen, Hans Eduard, i *Norsk biografisk leksikon bind 3*. Oslo.

Rian, Øystein. 2001. Mellom straff og fortielse. Homoseksualitet i Norge fra vikingtiden til 1930-årene, i Brantsæter, Eikvam, Kjær og Åmås (red.) Oslo.

Ribbing, Seved. 1889. *Om den sexuelle sundhedspleie – og nogle af dens ethiske konsekvenser. Tre foredrag*. Kristiania. [1888. *Om den sexuella hygien och några af dess etiska konsekvenser. Trenne föredrag*. Stockholm].

Ribsskog, Øyvin. 1963. *Kremmere. Dagdriverliv på landevegen*. Oslo.

Ringdal, Nils Johan. 1987. *Mellom barken og veden. Politiet under okkupasjonen*. Oslo.

Rosario, Vernon A. 1997 (red.): *Science and homosexualities*. New York Routledge.

Rosen, Wilhelm von. 1993. *Månens Kulør. Studier i dansk bøssehistorie 1628-1912*. København.

Rotundo, E. Anthony. 1989. Romantic Friendship: Male Intimacy and Middle-Class Youth in the Northern United States, 1880-1900, i *Journal of Homosexuality volume 23*,

Rowse, A.L. 1977. *Homosexuals in History. A study of Ambivalence in Society, Literature and the Arts*. New York.

Rumohr, Marianne. 1936. Forplantningslæren som fag i skolen, i *Norsk pedagogisk tidsskrift*. Oslo: 230-236.

Rydström, Jens. 1999. Polisen och de perversa. Klagomål och angivelser rörande homosexualitet 1925-1944, i Söderström (red.) 1999a.
-2000. *Sinners and citizens. Bestiality and Homosexuality in Sweden 1880-1950*. Stockholm.

Sandmo, Erling. 2001. Men kildene lever. Noen betraktninger omkring den nye kulturhistoriens kildebruk, i Carsten Tage Nielsen, Dorthe Gert Simonsen og Lene Wul (red.): *Mod nye historier. Rapporter til Det 24. Nordiske Historikermøde, Århus 9.-13. august 2001. Bind 3*. Århus.

Schjelderup, Harald K. 1927. *Psykologi*. Oslo.

Schreiner, Alette. 1914. *Slegtlivet hos menneskene*. Kristiania.

Schaanning, Espen. 2000 [1992]. *Modernitetens oppløsning. Sentrale skikkelser i etterkrigstidens idéhistorie*. Oslo.

Silverstolpe, Fredrik. 1980. *En homosexuell arbeitares memoarer. Järnbruksarbetaren Eric Thorsell berättar*. Stockholm.
-1999. Fleire kapitler, i Söderström(red.) 1999a.

Skard, Åse Gruda. 1938. Barnepsykologi og barneoppdragelse, i Stoltenberg (red.) 1938 b. II.

Skard, Øyvind. 1954. Schjelderup, Harald Krabbe, i *Norsk biografisk leksikon bind 12*. Oslo.

Skeid, Svein. 1990. Erotiske Oaser. En alternativ byhistorie, i *Fritt fram* 6/7 1990. Oslo.

Skålevåg, Svein Atle. 2002. *Fra normalitetens historie. Sinnssykdom, 1870-1920*. Dr. avh. Universitetet i Bergen.

Smith, Emil. 1925. Dahl, Bastian Anastasius, i *Norsk biografisk leksikon bind 3*. Oslo.

Steakley, James D. 1997. *Per scientiam ad justitiam: Magnus Hirschfeld and the Sexual Politics of Innate Homosexuality*, i Rosario (red.) 1997.

Stenhamar, Haldis. 1928. *Katti Anker Møller. En kvinnes sociale arbeide gjennom 30 år*. Oslo.

Stoltenberg, Lauritz (red.) 1938. *Våre hjem og våre barn*. Oslo.(b.I-II)

Straffelovkommisjonen. 1896. *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge*. Kristiania.

Straffelovkomiteen. 1927 [1925]. Innstilling fra den av Justisdepartementet den 11. mai 1922 opnevnte komité til revisjon av straffeloven, i *Stortingets forhandlinger 1927 3. del* vedlegg til Ot. prp. nr. 8 (1927). Oslo.

Straffelovrådet. 1954 [1953]. Innstilling fra straffelovrådet (det sakkyndige råd for strafferettslige spørsmål) om forandring i straffelovens §§ 213 og 397, i *Stortingets forhandlinger 1954. 3. del*, vedlegg 2. i Ot. prp. nr. 41 (1954). Oslo.

Sundet, Olav. 1977. Vogt, Ragnar, i *Norsk biografisk leksikon bind 18*.

Svare, Helge. 2001. Homoseksualitet mellom biologi og kultur. Et filosofisk blikk på essensialisme og konstruktivisme, i Brantsæter, Eikvam, Kjær og Åmås (red.)

Sveen, Åsmund. 1932. *Andletet*. Oslo.

Syversen, Odd M. 1986. ...så gikk det sånn passelig skjevt. En beretning om Sven Elvestad. Oslo.

Sæthre, Haakon. 1933. Nye veier i seksualforskningen, i *Fritt ord*. Oslo.
-1938. Mentalhygieniske momenter i familielivet, i Stoltenberg (red.) 1938.

Söderström, Göran. 1999a (red.) *Sympatiens hemmelighetsfulla makt. Stockholms homosexuella 1860-1960*. Stockholm.
-1999b. Fleire kapitler i i Söderström (red) 1999a.

Thinn, Karenus Kristofer. 1905. Nogle Ord om Terminologien i den nye Straffelovs Kapitler om Forbrydelser og Forseelser mod Sedeligheden, i *Norsk Retstidende* nr. 3-4 1905.

Thomsen, Oluf. 1906 og 1909. Det homoseksuelle Spøragsmaal og den tyske "videnskabelig-humanitære Komite". Et bidrag til belysning, i *Tidsskrift for nordisk retsmedicin og psykiatri*. Kristiania/København/Stockholm. 1906: 271-292 og 1909: 1-20.

Vogt, Ragnar. 1923. *Nogen hovedlinjer i medicinsk psykologi og psykiatri*. Oslo.
-1927. Nogen medicinske synspunkter ved motarbeidelsen av sædelighetsforbrytelser, vedlegg til Straffelovkomiteen 1927. Oslo.

Wolfert, Raimund. 1999. Ebbe Hertzberg om homofili hos vikingene, i *Løvetann* 4/1999.

Ødegaard. Ørnulv. 1934. *Samlivets naturlære*. Oslo.

Aarset, Anette Halvorsen. 2000. *Rettslig regulering av homoseksuell praksis 1687-1902*. Oslo.

Aas, Ingeborg. 1932. Hvordan kan samfundet beskytte sig mot åndssvake og sædelighetsforbrytere, i *Socialt arbeid*. Oslo.

TIDSSKRIFT

Blikk. Oslo. 6/2003.

Fritt Fram. Oslo. 1990.

Fritt Ord. Oslo. 1933.

Kvinneforskning. Oslo. 2000.

Løvetann. Oslo. 1990, 1993, 2000, 2001, 2003. [*Løvetann* tidsskrift for homoseksuell og lesbisk frigjøring 1982-1995, *Tidsskriftet Løvetann* 1995-2003.]

Medicinsk Revue. Bergen. 1896.

Norsk Magazin for legevitenenskapen. Kristiania. 1907.

Norsk Pedagogisk Tidsskrift. Oslo. 1936.

Tidsskrift for Nordisk Retsmedicin og Psykiatr. Kristiania/Kjøbenhavn/Stockholm. 1903, 1905-06, 1906 og 1909.
Seksuell opplysning. Oslo. 1932. [Innbunden årgang av *Populært tidsskrift for seksuell opplysning*].

Vedlegg: Dommar i Kristiania/Oslo og Bergen

For ikkje å gjera fotnotene altfor lange har eg vald å kun oppgi arkiv, domstol og dato for dommane. (T.d. SAO: Dom 4/8 1926 i Oslo meddomsrett). Her er dei fullstendige referansane til dommane.

(NB: Dom 2/10 1896 i Oslo lagmannsrett, er ikkje ei § 213-sak, men ei utpressingssak)

Statsarkivet i Oslo (SAO) :

- Dom 4/12 1885 i Christiania Byret, i Oslo byrett, justissaker, domsprotokoll 22, s. 542-545.
- Dom 29/9 1888 i Christiania Byret, i Oslo byrett, justissaker, domsprotokoll 28, s. 205-211.
- Dom 5/1 1889 i Christiania Byret, i Oslo byrett, justissaker, domsprotokoll 29, s. 256-263.
- Dom 18/12 1889 i Christiania Byret. Fann ikkje sjølve dommen, men det går fram av sakslista at det kom til dom (Oslo byrett, politi og justissaker, saksliste, Justissaker 24 sak 455/188). Ellers bygger referansen til denne dommen på ei førebels framstilling i Oslo byrett, straffesaker (bilag, serie Gdb, nr 172) sak 455/1889.
- Dom 20/8 1895 i Oslo lagmannsrett, i Oslo lagdømme, domsprotokoll nr. 4, 1895-1896, s. 135-136.
- Dom 2/10 1896 i Oslo Lagmannsrett, i Oslo lagdømme, domsprotokoll nr. 4, 1895-1896, s. 341-343.
- Dom 19/2 1897 i Oslo lagmannsrett, i Oslo lagdømme, domsprotokoll nr. 5, 1897-1898, s. 23.
- Dom 7/2 1899 i Oslo Lagmannsrett, i Oslo lagdømme, domsprotokoll nr. 6, 1898-1900, s. 111-113
- Dom 26/4 1901 i Oslo lagmannsrett, i Oslo lagdømme, domsprotokoll nr. 8, 1901, s. 111-112.
- Dom 17/11 1910 i Kristiania meddomsrett, i Oslo byrett, politi og justissaker, domsprotokoll meddomsrettssaker 46, s. 444-446.
- Dom 22/5 1911 i Kristiania forhørsrett, i Oslo byrett, forhør, domsprotokoll 22, s. 359-360.
- Dom 4/4 1919 i Kristiania forhørsrett, i Oslo byrett, forhør, domsprotokoll 39, s. 273-275.
- Dom 7/11 1919 i Kristiania meddomsrett, i Oslo byrett, politi- og justissaker, domsprotokoll meddomsrettssaker 83, s. 344-346.
- Dom 21/9 1921 i Kristiania forhørsrett, i Oslo byrett, forhør domsprotokoll 43, s. 330-332.
- Dom 26/10 1921 i Kristiania forhørsrett, i Oslo byrett, forhør domsprotokoll 43, s. 396-399.
- Dom 2/11 1921 i Kristiania meddomsrett, i Oslo byrett, politi- og justissaker, domsprotokoll meddomsrettssaker 89, s. 403-404.
- Dom 1/12 1921 i Oslo lagmannsrett, i Oslo lagdømme, rettergang, domsprotokoll 18, fol. 4.
- Dom 15/11 1922 i Oslo lagmannsrett, i Oslo lagdømme, rettergang, domsprotokoll 18, fol. 121b-123.
- Dom 28/6 1923 i Oslo forhørsrett, i Oslo byrett, forhør, domsprotokoll 47, s. 326-328.
- Dom 4/8 1926 i Oslo meddomsrett, i Oslo byrett, politi- og justissaker, domsprotokoll meddomsrettssaker 107, s. 355-356.
- Dom 5/1 1928 i Oslo meddomsrett, i Oslo byrett, politi- og justissaker, domsprotokoll meddomsrettssaker 115, s. 101-105.
- Dom 19/6 1930 i Oslo meddomsrett, i Oslo byrett, politi- og justissaker, domsprotokoll meddomsrettssaker 130, sak 231/1930.
- Dom 16/11 1932 i Oslo forhørsrett, i Oslo byrett, forhør, domsprotokoll 78, sak 3147/1932.
- Dom 4/2 1938 i Oslo forhørsrett, i Oslo byrett, forhør, domsprotokoll 99.
- Dom 22/6 1938 i Oslo forhørsrett, i Oslo byrett, forhør, domsprotokoll 100.

Statsarkivet i Bergen (SAB):

- Dom 21/3 1906 i Bergen meddomsrett, i Bergen fengsel, akter i straffesaker nr. 145.
- Dom 24/6 1916 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett, domsprotokoll K.g.1., forhørs og meddomsrett 1916-1918, fol 67a – 68a.
- Dom 7/3 1935 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett K.i.19, Domsprotokoll i straffesaker 1. kvartal 1935, s.194-196.
- Dom 31/7 1937 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett K.i.29, Domsprotokoll i straffesaker 3. kvartal 1937, s. 61-67.
- Dom 20/1 1938 i Bergen forhørsrett, i Bergen byrett K.i.31, Domsprotokoll i straffesaker 1. kvartal 1938, s. 32-44.
- Dom 18/2 1938 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett K.i.31, Domsprotokoll i straffesaker 1. kvartal 1938, s. 143-147.
- Dom 1/3 1938 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett K.i.31, Domsprotokoll i straffesaker 1. kvartal 1938, s. 176-194.
- Dom 12/3 1938 i Gulating lagmannsrett, i Gulating lagmannsrett, domsprotokoll for lagmannsrettssaker 1936-1938, s. 195-223.

- Dom 21/4 1938 i Bergen forhørsrett, i Bergen byrett K.i.32, Domsprotokoll i straffesaker 2. kvartal 1938, s. 75-77.
- Dom 28/4 1938 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett K.i.32, Domsprotokoll i straffesaker 2. kvartal 1938, s. 98-101.
- Dom 29/7 1938 i Bergen meddomsrett, i Bergen byrett K.i.33, Domsprotokoll i straffesaker 3. kvartal 1938, s. 80-86.
- Dom 17/8 1938 i Bergen forhørsrett i Bergen byrett K.i.33, Domsprotokoll i straffesaker 3. kvartal 1938, s. 142-143.